



Vår dato:

17.06.2020

Vår ref:

2020/8162

Dykkar dato:

13.05.2020

Dykkar ref:

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Heidi Sandvik, 5764 3151

Fråsegn til offentleg ettersyn av regional planstrategi - Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024

Vi viser til oversending dagsett 6.5.2020.

Fylkesmannen ser det som bra og viktig at Vestland fylkeskommune er tidleg ute med å utarbeide ein regional planstrategi. Regional planstrategi skal vere det viktigaste overordna politiske styringsverktøyet for samfunnsutviklinga i det nye Vestland fylke og det er planstrategien som skal definere behovet for regionale planar. Det er såleis viktig at fylkeskommunen som regional planmyndighet utarbeider ein planstrategi som legg grunnlag for satsing og utarbeidning av planar som dekkjer det regionale behovet. Planstrategien bør svare på sentrale utfordringar og gje retninga på regionalt planarbeid framover.

Fylkeskommunen har valt å kalle planstrategien for ein utviklingsplan. Vi rår til å ha med regional planstrategi i namnet, sidan det er lovpålagt for fylkeskommunen å utarbeide ein planstrategi og det kan vere viktig å synleggjere at utviklingsplanen også er ein regional planstrategi for Vestland fylke.

Nasjonale forventingar

Dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og bidra til at planlegginga i fylket tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga. Regional planstrategi skal følge opp den nasjonale politikken slik han kjem til uttrykk i forventningsdokumentet, og gjennom dette bidra til at forventingane også vert lagt til grunn for utarbeidninga av planar i fylket. Vi meiner at planstrategien endå tydelegare bør ta opp i seg dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging, og i større grad synleggjere dei nasjonale forventingane gjennom kva planar som skal utarbeidast i komande periode.



Berekraftmåla til FN

Vi ser det som bra og viktig at berekraftmåla til FN skal leggast til grunn for planstrategien. Det er utarbeidd fire målformuleringar som er baserte på berekraftmåla.

For at berekraftsmåla skal kunne styre samfunnsutviklinga etter ambisjonar som går fram av kap. 2.2, må mål og strategiar vise den nære samanhengen det er mellom berekraftsmåla. Alle måla bør såleis vere reflekterte og nedfelt i planen sine hovudmål og strategiar. Vi meiner at framlegget til den regionale planstrategien meir direkte bør inkludere alle berekraftmåla til FN.

Dette kjem særleg fram under Mål 2 «*Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling*», der berekraftsmål 13, 14 og 15 er sentrale. Mål 2 med tilhøyrande strategiar skal omfatte ambisjonar for fylket innan dette feltet. Forslag til strategiar omtalar innsats på veg mot nullutsleppssamfunnet, klimatilpassing og balansert og planstyrta areal- og ressursforvaltning.

Miljø/økologisk berekraft

I forslag til planbehov i kap. 4 vil ein prioritere arbeidet med Regional klimaplan i planperioden, medan ein vil utsetje arbeidet med Regional plan for areal-, natur og kulturminneressursar. Etter forslaget vil ein nytte perioden 2020 – 2024 til å hente inn og oppdatere kunnskapsgrunnlag for ei framtidig regional plan.

På nasjonalt nivå vert det no arbeidd med å leggje fram nye statlege planretningsliner for sjøområda og for fjellområda, noko som vil kome til å gi føringar for arealforvaltninga i spørsmål om planlegging i sjø, hyttebygging, forvalting av villrein og anna naturmangfald. I Vestland fylke er det i dag store utfordringar knytt til berekraftig forvaltning av våre samanhengande naturområde, ikkje minst i fjell- og skogområde, sjøområde og kystsone. Å hindre nedbygging og fragmentering av økosystema i desse områda vil ha avgjerande betydning for å nå dei nedfelte berekraftsmåla for naturmangfald, redusert utslepp og klimatilpassing.

Fylkesmannen meiner at dette burde vore løfta fram på ein tydelegare måte i strategiane som inngår i den regionale planstrategien for Vestland fylke. Vi vil oppmode fylkeskommunen om gjere planstrategien tydelegare på ambisjonar, innhenting av kunnskapsgrunnlag og forpliktande planarbeid for forvaltninga av naturområde, landskap og viktige artar og økosystem.

Vi viser også til rapporten frå 2019 frå Naturpanelet til FN som seier at tilstanden til naturen blir stadig dårlegare og at situasjonen er alarmerande. Å ta vare på naturen er heilt avgjerande for vår eksistens og velferd, og grunnleggjande for økonomien og sysselsetjinga vår. Rapporten viser vidare at det er endra arealbruk som påverkar naturen mest og at dette også fører til auka klimagassutslepp. Vi rår til å leggje denne rapporten frå FN til grunn for det vidare strategiarbeidet. Rapporten heng saman med berekraftmåla, særleg mål 14 og 15.

Folkehelse/sosial berekraft

I planstrategien saknar vi ei vurdering av om dei eksisterande planane godt nok dekkjer breidda i folkehelsearbeidet, svarar på folkehelseutfordringane i Vestland, og spesielt om dei løftar sosial berekraft på ein god nok måte.

Det breie folkehelsearbeidet og utjamning av sosial ulikskap står sentralt i arbeidet med sosial berekraft. Så sentralt som folkehelse er i samfunnsutviklinga, tilrår Fylkesmannen å utarbeide ein ny regional plan for folkehelse basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag og folkehelseutfordringar. Dette meiner vi er viktig for å ta vare på breidda i folkehelsearbeidet og gi den sosiale dimensjonen av berekraftsomgrepet naudsynt plass, og for å følgje opp visjon, mål og strategiar i planstrategien.



Det er positivt at fylkeskommunen vil arbeide for å få folkehelse inn som ein del av andre planprosesser. Vi kan ikkje sjå identifiserte utfordringar som til dømes aukande sosial ulikskap blir jobba gjennom med dei andre regionale planane som er planlagt i perioden.

Folkehelseoversikta i kapittel 1.3 viser utfordrande utviklingstrekk i Vestland, som fråflytting, ei aldrande befolkning, fleire som fell utanfor arbeidslivet og auke i økonomiske skilnader med særskilt fleire born som veks opp i hushald med vedvarande låg inntekt.

Det er positivt at fylkeskommunen har ei aktiv tilnærming til utvikling av aldersvenleg samfunn i strategiane, og dette er også i tråd med dei nasjonale forventningane. Vi saknar strategiar som tek opp utjamning av sosial ulikskap i helse og korleis økonomiske skilnader skal reduserast. Med mål om at alle skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga, meiner vi at dei sårbare gruppene må løftast slik at dei kjem i posisjon til å delta. For å også knytte denne utfordringa tettare til berekraftsmålet om mindre ulikskap, kan dette med fordel løftast inn i strategiane.

Fylkeskommunen skal fremje folkehelse i tildelte oppgåver, og vere pådrivar for og samordnar av folkehelsearbeidet i fylket. Ein ny regional folkehelseplan vil vere ei tydeleg rettesnor for kommunane sitt folkehelsearbeid.

Regional jordvernstrategi

Regional planstrategi er eit godt utgangspunkt for å drøfte behovet for jordvern og langsiktig forvaltning og sikring av verdifulle jordressursar og kulturlandskap. Stortinget har vedteke eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vere under 4000 dekar innan 2020. Vi viser og til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Her går det fram at regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunar og kommunar i planane sine vurderer utbyggingsløysingar som sikrar næringsgrunnlaget til landbruket og reduserer omdisponeringa av dyrka mark.

Arbeidet med ein regional jordvernstrategi for Vestland skulle etter planen starte opp i 2020, men har avventa prosessen med regional planstrategi. Vi ber om at ein ny og felles regional jordvernstrategi for Vestland vert tema i strategidokumentet.

Regional jordvernstrategi handlar ikkje berre om landbruk og verdien av den viktigaste innsatsressursen i matproduksjonen. Den er ein del av ein effektiv arealbruk generelt, og implementering av denne har såleis stor påverknad på berekraft og samfunnsikkerheit.

Verdiskaping/næringsutvikling; entreprenørskap og innovasjon

Landbruket og kulturlandskapet utgjer den synlege ramma for bumiøg og næringsverksemd i storparten av Vestland. Det er såleis ein viktig del av naturlandskapet som er Vestland sitt «reason to go» i reiselivet, samstundes som det utgjer hovudtyngda av matproduksjonen og matkulturen ein faktisk kan oppleve her. Det er også tradisjonsberar og historieforteljar på andre kulturelle område.

Landbruksbasert entreprenørskap og «levebrødsentreprenørskap» burde vore nemnd som ein eigen kategori av etablering og innovasjon. Landbruket er ein av dei viktigaste eksponentane for ressursbasert næringsutvikling og «levebrødsentreprenørskapen»; lågrisikoetableringar som primært gir arbeid og moderat utkome til etableraren, men med låg tapsrisiko og -rate. Særleg viktig er dette i distrikta.

Samfunnstryggleik og beredskap



Fylkesmannen ønsker større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane, men også i fylkeskommunen sine planprosessar etter plan- og bygningslova. Ifølgje Kommunal- og moderniseringsdepartementet er samfunnstryggleik eit viktig omsyn som skal ivaretakast både i regional og kommunal areal- og samfunnsplanlegging. Det er gjennom gode planprosessar ein legg grunnlaget for eit godt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. I så måte er regionale og kommunale planstrategiar, saman med samfunnssdelen til kommunane, sentrale dokument å forankre dette arbeidet i. Det er nettopp her ein kan gjere greie for utviklingstrekk, utfordringar, strategiske val og prioriteringar.

Som eit minimum tilrår vi difor at fylkeskommunen følgjer opp dei forventingane som går fram av [**Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 samfunnssikkerhet i planlegging og bygesaksbehandling**](#) i arbeidet med planstrategien, eventuelt med naudsynte tilpassingar.

Planbehov

Det er lagt opp til revisjon av viktige planar som klimaplan, sentrumsstruktur og transportplan. Det vil vere viktig med revisjon av desse planane som ein del av samkjøringa av det nye Vestland fylke. Vi meiner at det også er viktig med revisjon og utarbeiding av planar for nokre andre tema for å sikre eit berekraftig samfunn, sjå kommentarar ovanfor.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Høringsinnspill fra Husbanken Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – Regional planstrategi

1. Innledning

Husbanken vil med dette komme med høringsinnspill til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 Regional planstrategi. Frist for høringsinnspill er 28.06.20.

Bakgrunnen for innspillet er Husbankens samfunnsoppdrag som er å forebygge at folk blir vanskeligstilte på boligmarkedet, og bidra til at vanskeligstilte kan skaffe seg og beholde en egnet bolig. Husbanken forvalter viktige virkemidler som bostøtte, tilskudd og lån. I tillegg støtter Husbanken opp om kommunene, frivillig sektor, byggsektoren og andre gjennom å utvikle kunnskap og overføre kompetanse.

For å løse samfunnsoppdraget er Husbanken avhengig av en bred tilnærming til boligfeltet, og et tett samarbeid med både andre regionale statlige aktører, fylkeskommuner og kommuner.

Gjennom den nasjonale boligsosiale strategien Bolig for velferd 2014-2020 har Husbanken et ansvar for å koordinere det boligsosiale arbeidet både nasjonalt og regionalt. På regionalt nivå innebærer dette et tett samarbeid med andre regionale statlige aktører og kommuner. Husbanken har gjennom Husbankens kommuneprogram 2016-2020 inngått et flerårig samarbeid med utvalgte kommuner i regionen for å nå målene i den nasjonale strategien.

Våre programkommuner (samarbeidskommuner) i Vestland er Kinn, Sunnfjord, Sogndal, Voss, Askøy, Øygarden, Bergen og Stord. I tillegg er Bjørnafjorden kommune (sammen med Kinn og Askøy) med i et prosjektsamarbeid om gjennomføring av Tiltaksplan for Bolig for velferd 2018-2020.

Husbankens kommuneprogram gir retning og rammer for samarbeidet med kommunene. Kommuneprogrammet er et systematisk, målrettet og langsiktig samarbeid mellom Husbanken og programkommunene.

I tråd med årets tildelingsbrev fra KMD skal Husbanken gjennom bl.a. kommuneprogrammet veilede og heve kommunenes kompetanse om hvordan de kan;

- ta boligsosiale hensyn i plan
- analysere behovet for tilgjengelige boliger i kommune- og arealplanleggingen ut fra den lokale demografiske utviklingen

Samlet innebærer dette at Husbanken skal ha dialog med kommunene på strategisk nivå for å bidra til, at boligsosiale hensyn integreres i den overordnede kommunale planleggingen.

Kommunene skal også få en enklere tilgang til gode data om den boligsosiale situasjonen i kommunen gjennom f.eks. Boligsosial monitor og Husbankens statistikkbank, som skal gi et bedre beslutningsgrunnlag for variert boligutvikling og planlegging av gode bomiljøer i kommunene.

2. Boliger for alle

Husbanken vil innledningsvis rose Vestland fylkeskommune med dokumentet Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi. Planen er lett å lese og det blir gitt en god oversikt over FN's bærekraftsmål, nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging, kunnskapsgrunnlaget og hovedmål og strategier.

Husbanken vil spesielt rette oppmerksomheten mot de nasjonale forventningene til regional og kommunal planlegging 2019-2023, som understreker at kommunenes boligpolitikk og boligplanlegging er en integrert del av kommunenes samfunns- og arealutvikling. Den skal legge til rette for en variert befolkningsstruktur gjennom god tilgang på boligtomter som grunnlag for tilstrekkelig, variert og sosial boligbygging.

Kommunene skal ta boligsosiale hensyn i areal- og samfunnsplanleggingen gjennom krav til boligstørrelse og nærområder, og ved å regulere nok boligtomter. Kommunene skal også legge til rette for leie-til-eie løsninger for vanskeligstilte i boligmarkedet, og planlegge for et tilbud av tilrettelagte boliger for eldre og personer med nedsatt funksjonsevne.

For å sikre gode og attraktive bomiljø med sosial bærekraft vil Husbanken komme med et innspill om å integrere tanker om «boliger for alle» innenfor en helhetlig regional og kommunal boligpolitikk. Et bærekraftsmål om «boliger for alle» knyttet til attraktive steder og gode nærmiljø innebærer at det i all fortetting og knutepunktsutvikling må sikres, at det tilrettelegges for gode boliger i et godt bomiljø for *alle* befolkningsgrupper.

Dette gjelder både for de som selv kan kjøpe bolig på boligmarkedet, for vanskeligstilte som trenger hjelp og støtte til å anskaffe seg bolig og beholde boligen og for grupper i den såkalte 3. boligsektor som f.eks. barnefamilier, som har «vanlig inntekter og lite egenkapital (jfr. KS-rapport «Kommune som aktiv boligpolitisk aktør» Asplan Viak 2018).

Boligbehov forstått som bolig for alle og kommunenes utfordringer i boligpolitikken må derfor defineres på overordnet nivå i planstrategien, slik at boligpolitiske mål, strategier og tiltak forankres i kommunenes plan- og styringssystem. Det må også signaliseres at kommunene må velge virkemidler, organisering og samarbeid som svarer til utfordringene.

For Husbanken er det derfor ønskelig at det i Utviklingsplanen i enda større grad løftes fram hva boligsosiale hensyn i plan innebærer, og at boliger for vanskeligstilte skal være egnede boliger som er integrert i normale og gode bomiljø. I tillegg må det løftes fram at nødvendige tjenester og booppfølging til den enkelte eller til familier må

være tilgjengelige, slik at de blir i stand til å mestre boforholdet. Ved å signalisere dette i regional og kommunale planstrategier vil kommuneplanenes areal- og samfunnssdeler kunne ivareta dette mer konkret.

3. Eldre og tilgjengelige boliger

Hovedmålene i den statlige og kommunale eldrepolitikken er at eldre og andre med nedsatt funksjonsevne skal kunne bli boende hjemme lenger. Behovet for tilrettelegging i eksisterende boligmasse er stort. Egnede og tilgjengelige boliger gjør det lettere å klare seg selv, samtidig som det vil være med å avlaste pleie- og omsorgssektoren i kommunene. Husbanken og Distriktsenteret har derfor gått sammen om prosjektet «Aldersvennlige boliger og bomiljø i distriktene» der 12 kommuner rundt om i landet er invitert med for å se på hvordan kommunene kan legge til rette for å utvikle aldersvennlige boliger og bomiljø.

Økningen av antall eldre over 70 år i Norge vil gå fra å utgjøre 11,8% av den samlede befolkningen i 2018, til å utgjøre 18% av befolkningen i 2040. Andelen på 80 år og eldre utgjorde i 2018 4,2%, mens andelen på 80 år eller eldre i 2040 vil utgjøre 8% av befolkningen. Selv om eldre sin helse blir bedre er det likevel mye usikkerhet omkring estimat for behovet for tilgjengelige boliger. Ulike typer funksjonsnedsettelse vil kreve ulike typer tilpassede boliger.

Husbanken vil derfor komme med et innspill om at det kommer tydelig fram i Utviklingsplanen behovet for mer kunnskap om eldre sin boligsituasjon. Dette for at kommunene skal kunne planlegge og bli mer treffsikre i anslagene av behovet for tilpassede boliger, og hva som skal tilpasses i boligene. Denne kunnskapen kan hjelpe både statlige og kommunale aktører til å utvikle og etablere virkemidler som fører til flere boliger som er tilpasset i samsvar med funksjonsnedsettelse.

Undersøkelser kan tyde på at personer mellom 50-70 år bor i boliger som er lite tilpasset bevegelseshemmning. Og at viljen deres til å gjøre noe for å få en tilgjengelig bolig er begrenset. Samtidig vet vi for lite om hvilke funksjonsnedsettelse som rammer den eldre delen av befolkningen og som måtte hindre dem å bo hjemme evt. hva som skal til for at de klarer å bo hjemme med det funksjonstap som inntreffer. Husbanken vil derfor spille inn at disse utfordringene må komme enda tydeligere frem i plandokumentet som en viktig utfordring – og som det må formuleres mål og strategier for å møte.

4. Hva kan Husbanken bidra med?

Husbanken er av den oppfatning at Utviklingsplan 2020-2024 – Regional planstrategi gir en tydelig strategisk retning for utviklingen av Vestland. Planen vil være et godt utgangspunkt for å mobilisere både statlige, kommunale og andre aktører til å delta i arbeidet med å bygge et nytt fylke. Husbankens vil imidlertid vektlegge to temaer dvs. boliger for alle og eldre og tilgjengelige boliger som viktige strategiske temaer som må innarbeides i Utviklingsplanen.

Det at boligpolitikk og boligplanlegging for alle befolkningsgrupper skal være en integrert del av kommunenes strategi for samfunns- og arealutviklingen er en viktig statlig forventning til regional og kommunal planlegging. Arbeidet med det regionale boligbyggeprogrammet i Bergensregionen (jfr. tiltak 6 i handlings-programmet for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028) er med på å imøtekjemme denne forventningen.

Det at dette tiltaket skal gjennomføres i samarbeid med Husbanken er med på å understreke *bolig* som et viktig element i areal- og transportplanleggingen. Husbanken ønsker derfor å fremheve dette arbeidet og understreke viktigheten av et slikt samarbeid på tvers av forvaltningsnivåene. På dette viset får fylkeskommunen en viktig samfunnsutviklerrolle ved å bringe sammen kommunale behov og statlige føringer og oppgaver i arbeidet med å utvikle boligfeltet i Vestland.

Husbanken ønsker derfor å stille seg til disposisjon som aktiv samarbeidspart for fylkeskommunen både i regionale planforum, i plannettverk, ved utarbeidelse av regionale planer knyttet til f.eks. utbyggingsmønstre og senterstruktur og på div. arrangementer knyttet til boligplanlegging i kommuner og regionen. Husbanken vil også kunne samarbeide med Vestland fylkeskommune ifbm. kunnskapsinnhenting, utvikling av indikatorsystem for oppfølging av bærekraftsmålene, modellutvikling ifht. kartlegging av behov og tilgang på tilgjengelige boliger i kommunene m.m. På dette viset vil arbeidet med gjennomføring av Utviklingsplan 2020-2024 være med på å samordne offentlig innsats og virkemiddelbruk på dette feltet i regionen.

Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 BERGEN

Deres referanse:
2020/1420-4
Dato: **24.06.2020**
Saksnr.: **2020/44600**
Dok.nr.: **4**
Saksbehandler:
Herdís Sigurgrimsdóttir

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høringssvar fra Rogaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune gratulerer Vestland fylkeskommune med godt grunnlagsarbeid og et gjennomtenkt utkast til utviklingsplan. Vi takker også for inspirasjon og gode råd. I likhet med dere, har Rogaland fylkeskommune brukt benevnelsen «Utviklingsplan» i tittelen på sin regionale planstrategi, som nå er på høring. I fortsettelsen vil vi også gi en samlet beskrivelse av fylkeskommunens innsats til den ønskede samfunnsutviklingen i en virksomhetsstrategi. Det har vært uvurderlig å kunne skjele til og hente inspirasjon fra styringssystemet til Hordaland fylkeskommune, og senere Vestland fylkeskommune.

Fylkene har et godt samarbeid i grenseregionen, hvor Vestlands sørligste kommuner inngår i en bo- og arbeidsmarkedsregion med senter i Haugesund. Vi er enige i Vestlands vurdering om at Regional plan for areal og transport for Haugalandet (Haugalandsplanen) videreføres i kommende periode. Videre er det viktig at Haugalandsplanen, og pågående prosesser knyttet til den, blir en del av grunnlaget når Vestland fylkeskommune skal utarbeide en Regional transportplan. Vi oppfordrer Vestland fylkeskommune til å ha kontakt med Rogaland fylkeskommune under utarbeidelsen av Regional transportplan, i det som berører planområdet til Haugalandsplanen.

De to fylkeskommunene har et stort samsvar i både utfordringsbildet og den langsiktige retningen. Det er derfor ikke overraskende at flere av planforslagene for kommende periode har lignende tematikk. Begge fylkene skal utarbeide eller revidere regionale planer blant annet knyttet til klima, folkehelse, kompetanse, kultur og kulturminner. Rogaland fylkeskommune er åpen for diskusjoner om samarbeid rundt kunnskapsgrunnlag og erfaringsutveksling, der det måtte være hensiktsmessig.

Hilsen
Herdís Sigurgrimsdóttir
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgi vårt saksnr når du svarer på brevet.

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.: 283741/2020 - 2020/117268

Deres ref.:

Dato: 26.06.2020

Utviklingsplan for Vestland - høringsuttalelse

Vi viser til deres brev datert 06.05.2020.

Viken Fylkeskommune mener Vestland fylkeskommunes høringsforslag av Utviklingsplan for Vestland er et gjennomarbeidet og godt dokument.

Vi ser det som svært positivt at Vestland legger FNs bærekraftsmål til grunn for målsettinger og prioriteringer av planbehov.

Vi vil oppfordre til at Utviklingsplan for Vestland også løfter viktigheten av samarbeid mellom ulike regioner og fylker. I dokumentets kap. 2.5 understrekkes viktigheten av samarbeid med staten og kommunene i Vestland. Det kunne her være naturlig også å påpeke viktigheten av samarbeid med nabofylker. Eksempler på slikt samarbeid kan være samordnede innspill overfor staten, dialog om felles utfordringer og gjennomføring av felles prosjekter og regionale planer. Som eksempel på det siste, kan vi nevne samarbeidet vi har om de regionale fjellplanene for Hardangervidda og Nordfjella. Her er det felles interesser – og ansvar – mellom Vestland og Viken når det gjelder bærekraftig utvikling og ressursutnyttelse, arealbruk og næringsutvikling.

Viken fylkeskommune ser at det kan være aktuelt med et tettere samarbeid med Vestland fylke på utvalgte områder, for eksempel om utvikling av kunnskap om temaer av felles interesse, slik som metodekunnskap og -bruk og internasjonalt samarbeid. På noen områder vil det være hensiktsmessig med regional samordning som viktig redskap for å stimulere verdiskaping, omstillingsevne og grønt skifte.

Vennlig hilsen

Øyvind Solum

Fylkesråd for planlegging og folkehelse

PLANL Samfunnsplanavdeling

Postadresse: Postboks 220, 1702 SARPSBORG
Besøksadresse: Galleri Oslo Schweigaards gate 4, 0185 OSLO
Telefon: 32 30 00 00

E-post: post@viken.no
Internett: www.viken.no
Org.nr.: 921693230

Vestland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar: 2020/1420

Vår: 20/10234 - 20/41968

Saksbehandlar:

Tove-Mette Arnø Fyllingen

tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no

Dato:

01.07.2020

Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove-Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Arkiv: FE-121, TI-&37
JournalpostID: <jpID> 20/31084
Saksbehandlar:
Dato: 04.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
023/20	Eldreråd	08.06.2020
027/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.06.2020
102/20	Utval for areal, plan og miljø	10.06.2020
023/20	Utval for helse og omsorg	09.06.2020
037/20	Utval for næringutvikling og drift	10.06.2020
040/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
072/20	Alver formannskap	11.06.2020
064/20	Alver kommunestyre	25.06.2020

Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Eldreråd 08.06.2020:

Handsaming:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om utviklingsplanen for Vestland. Ho peika på at regionale planar betyr noko for kommunane, og det er difor viktig at Alver er engasjert i regionale planprosessar og kjem med innspel.

Eldrerådet kom ikkje med merknader.

ER- 023/20 uttale:

Eldrerådet har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Framlegget vart samråystes vedteke.

RMNF- 027/20 uttale:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:**Handsaming:**

Sølvi Knudsen (SP) sette fram følgjande endringsframlegga:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyringssvar til orientering.

Utvalet vedtok samråystes framlegg frå Knudsen.

HO- 023/20 uttale:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyringssvar til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:**Handsaming:**

Ingen merknader, samråystes.

OKK- 040/20 uttale:

Ingen merknader.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke - 8 røyster (H,Sp, Fnb, Ap, Krf)

APM- 102/20 uttale:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-20024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:**Handsaming:**

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegga:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samråystes Lavik sitt framlegg.

ND- 037/20 uttale:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Alver formannskap 11.06.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå N.M.Aadland-H:

Alver kommunestyre minner om at kommunen er planmynde for kommunal planlegging.
Dette må bli lagt til grunn i samhandlinga mellom kommunen og fylkeskommunen.

Framleggt vart vedteke mot 4 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Klementsen-FNB, T.Sletten-Hansen-FNB og T.Helland-FNB)

Tilleggsframlegg:

Når det gjeld uttaler frå råd og utval vert dette å koma tilbake til i kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 072/20 innstilling:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-20024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver kommunestyre minner om at kommunen er planmynde for kommunal planlegging.
Dette må bli lagt til grunn i samhandlinga mellom kommunen og fylkeskommunen.
Når det gjeld uttaler frå råd og utval vert dette å koma tilbake til i kommunestyret.

Alver kommunestyre 25.06.2020:**Handsaming:****Framlegg frå AP, SP, KRF og H ved Ø.Oddekalv-AP:**

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-20024 er samanfatta i saksutgreiinga.

Alver kommunestyre minner om

- at kommunen er planmynde for kommunal planlegging. Dette må bli lagt til grunn i samhandlinga mellom kommunen og fylkeskommunen.
- viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.
- at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 064/20 Vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-20024 er samanfatta i saksutgreiinga.

Alver kommunestyre minner om

- at kommunen er planmynde for kommunal planlegging. Dette må bli lagt til grunn i samhandlinga mellom kommunen og fylkeskommunen.
- viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.
- at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal avgjerast Kommunestyret

Bakgrunn

Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga, prioritær strategiar for å oppnå måla og kva regionale planar vi skal utarbeide, revidere eller vidareføre dei neste fire åra.

Utviklingsplan for Vestland er heimla i plan og bygningslova § 7-1, og er regional planstrategi for Vestland.

Utviklingsplanen baserer seg på eit grundig kunnskapsgrunnlag, som gjer greie for dei viktigaste utviklingstrekkja og utfordringane i det nye fylket. Planen tek stilling til kva mål som er viktige i denne politiske fireårsperioden, og kva strategiar som kan hjelpe å nå dei.

Høyringsfrist er sett 28.06.20.

Fylkestinget skal etter planen vedta utviklingsplanen for Vestland i september 2020.

Saksopplysninger:

Utviklingsplanen tek opp spørsmål om kva langsiktig retning vestlandsamfunnet skal ta. Korleis vi best møter utfordringane og kva utviklingsmøgleheter vi har ? Kva slags prioriteringar skal leggast til grunn for regional satsing og planlegging?

Utfordringar for fylket og regionane er oppsummert innleiingsvis i dokumentet.

Den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut den langsiktige kurset for den regionale politikken.

Regional utviklingsplan er bygd på berekraftmåla som premiss for samfunnsutviklinga.

Det er fire hovudmål med strategiar som peiker retning for utvikling av Vestland fylke.

Mål 1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategiar

- Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.
- Vestland skal utvikle eit framtidssretta og inkluderande arbeids og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.
- Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegeheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategiar:

- Vestland skal vere ein pådriver for klimaomstilling og nullutslepp.
- Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og

- kulturverdiar.
- Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Strategi:

- Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester. Basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Mål 4. Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn

Strategiar :

- Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Høyringsuttale til regional utviklingsplan for Vestland fylke

Rådmannen meiner utviklingsplanen for Vestland fylke er eit godt strukturert, tydleg og tilgjengeleg dokument.

Vestland fylke har ei viktig oppgåve i å vere med å bygge ein sterk vestlandsregion. Målet om at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket og ein nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg, viser at planen vil vere med å gje ei tydeleg strategisk retning for utviklinga.

Planen har og særleg vekt på berekraftsmål 17 «Samarbeid for å nå mål». Dette fokuset vil vere avgjerande for å få gjennomført ført alle gode mål og strategiar i planen. Alver kommune støttar eit auka fokus på samarbeid for å få til ei god regional og lokal utvikling.

Rådmann meiner at overordna mål og strategiar i planen vil bidra til ei god samfunnsutvikling. Desse vil gjere Vestland fylke betre i stand til å møte utfordringar og utviklingsmoglegheiter. Sentralt i utviklingsdokumentet er tema som infrastruktur, utfording i høve klima og energi og det å bidra til å skape levande lokalsamfunn.

Fokus på kunnskap og kompetanse er avgjerande for verdiskapinga og konkurransekrafta til Vestlandet.

Eit aktivt, oppdatert og innovativt kulturliv er med på å utvikle samfunnet vidare. Kulturliv, kreative næringar, idrett og friluftsliv er viktige regionale verdiskaparar. Dette er alle viktige fokusområde for å skape ei god ramme rundt livet til vestlendingen.

Strategiane er tydlege og peikar retning for vidare planstyrkt utviklingsarbeid i Vestlandsfylket.

Val av planer og prosessen knytt til dei.

Bruk av berekraftsmål og utvikling av berekraftsindikatorar i Vestland

Alver kommune har berekraftsmål som gjennomgåande i sitt planarbeid. Rådmannen ser positivt på at Vestland fylkeskommune vil jobbe med eit indikatorsystem for oppfølging av berekraftsmåla i Vestland. Utarbeidingsa av regionale og lokale indikatorar er eit viktig ledd i å omsette berekraftsmåla til lokale forhold. Dette vil vere nyttig i arbeidet med berekraftsmål i kommunane også.

Rådmannen ser positivt på at Vestland fylke ynskjer å starte arbeid med følgjande planer:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Oppstart 2020
- Regional klimaplan Oppstart 2020
- Regional plan for senterstruktur Oppstart 2021
- Regional transportplan Oppstart 2020
- Regional plan for kompetanse Oppstart 2021
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv Oppstart 2021

Regional klimaplan

Alver kommune meiner at det er positivt at fylkespolitikarane vil prioritere arbeidet med ein regional klimaplan.

Det bør peikast ut ein felles retning for dette viktige spørsmålet, som vil ha i seg alt frå lokale klimatilpassingar til bruk av ny fornybar energi. Vi må tilpasse samfunnet slik at det vert robust i møte med klimaendringane. Vi vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrregn, flaum, ras og skred, som påverkar kritisk infrastruktur, næringsliv, natur- og kulturmiljø. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane, påverkar det også tryggleiken og helsa i befolkninga. Dette gir nye utfordringar for planlegginga.

Alver ynskjer at planen skal vere eit godt verktøy for kommunane som dei kan nytte i sitt planarbeid, og i det lokale klimaarbeidet. Klimautfordringar må løysast både på eit overordna nasjonalt og regionalt nivå. Kommunane sit også med mykje av det lokale ansvaret og kan vere med å påverke i høve til lokale klimatilpassingar.

Planarbeidet må utførast i eit nært samarbeid med næringa og kommunane sine fagavdelingar. Til dømes vil landbruksforvaltninga vere ein sentral aktør. Landbruksavdelinga i Alver har arbeida målretta med tiltak innan klimatilpassing innan landbruk og arealforvaltning. Denne lokale fagkunnskapen rår vi Fylkeskommunen til å ta med i det vidare arbeidet med klimaplanen.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Det er viktige regionale oppgåver å legge til rette for innovasjon og næringsutvikling.

Næringslivet ser ikkje kommunegrenser. Grøn konkurransekraft kan gjere oss mindre avhengige av olje- og gass og meir innretta mot sirkulærøkonomi og bioøkonomi.

Alver er ein kommune som har eit variert næringsliv, bygd på industri, som og har i seg høg grad av innovasjon. Alver har nyleg utarbeida ein næringsanalyse som kan vere relevant for å nytte som kunnskapsgrunnlag i Vestland fylke. Alver vil vere ein pådrivar for ei miljø- og klimavenleg omstilling av næringslivet i regionen og har stort fokus på sirkulær økonomi. Vi vil stimulere til vidare utvikling og bruk av fornybar energi.

Alver kommune har vore ein pådrivar for å sette i gang nye utviklingsprosjektet i samarbeid med næringslivet, som kan bidra til grøn verdiskaping og nye arbeidsplassar i kommunen.

Tema som kan vere relevante i arbeidet med regional plan for innovasjon og næringsutvikling er satsingar som: Prosjekt frå avfall til ressurs. Eit prosjekt Alver har vore involvert i. Vi ynskjer at dette tema med tiltak innan sekulær økonomi vert vurdert inn i arbeidet med plan for innovasjon og næring.

Green Spot Mongstad og Grøn konkurranseskraft er også to større utviklingsprosjekt innanfor sirkulærøkonomi og berekraftig bruk av fornybare og ikkje-fornybare ressursar i Nordhordlandsregionen. Alver kommune bidreg gjerne med sin kompetanse i planarbeidet.

Regional transportplan

Regional areal,- og transportplan legg rammene for den langsiktige utviklinga i eit område, med hovudvekt på arealutvikling og transportmønster.

Regional transportplan skal bidra eit utbyggingsmønster med vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer. Dette er knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar.

Ein regional transportplan vil også ha påverknad på kva arealpolitikk kommunen skal føre. Alver kommune har mange og til dels svært dårlige fylkesvegar i kommunen. Dette kan stanse utvikling i delar av kommunen, der det mellom anna er knytt rekkefølgekrav til utbetring av fylkesvegar.

Høg grad av grøn mobilitet er sentralt for å utvikle gode lokalsamfunn. Dette tema bør ha eit stort fokus i planarbeidet. Det kan vere krevjande å auke attraktiviteten til sykkel, gonge og kollektiv med det fylkesvegnettet vi har i Alver. Utrygge skulevegar er òg ei utfordring for Alver. Vi treng å samarbeide med vegeigar og dei ulike forvaltningsnivåa knytt til planlegging og realisering av infrastruktur. Alver kommune vil peike på at i enkelte områder ynskjer vi at det kan avvikast frå handbøker frå vegstyresmaktene i høve utforming av gang og sykkelveg. Terrenget gjer at det handbøkene krev ikkje alltid kan la seg realisere. Resultatet blir at det ikkje vert sett i verk tiltak av nokon karakter. Dette bør og vere tema i ein regional transportplan.

Alver kommune vil gje ein eigen uttale til planprogrammet for regional transportplan som no er på høyring.

Regional plan for kompetanse

Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring. Ein

regionalplan for kompetanse vil vere med å bygge opp under denne strategien.

Regional plan for senterstruktur

Eit sterkt og attraktivt regionsenter i Alver vil vere ein motor i bustads-, arbeids-, og serviceregionane. Knarvik skal stimulere til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender i kommunen. Knarvik vidaregåande skule og det regionale helsehuset er sentrale offentlege aktørar som bidreg i utviklinga av regionsenteret.

Det er ønskjeleg å tilby service, handel og tenester nærmest mogeleg innbyggjarane, både ut frå eit velferdssynspunkt og eit transportperspektiv. Samstundes skal det lokale tilbodet ha kvalitet og vere effektivt.

Den gjeldande Regional plan for senterstruktur har vore med på å påverke arealpolitikken i regionsentera.

No er det nye kommunar og regionstruktur, vestlandsfylket og regionsenter har fått utvida, nye eller andre roller. Det er kommunen som er planmynde og det er gjerne rundt regionsenteret presset på utvikling er størst, og der vi ønsker ei planstyrt utvikling, både med omsyn til næring, kultur, bustader og møteplassar. I arbeidet med planen er det avgjerande at kommunen er tett på planprosessen.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn. Dette er ein viktig strategi for å få til eit aktivt og inkluderande kulturliv. Gjennomføring av planen føreset samarbeid og partnarskap mellom fylkeskommunen og andre offentlege og private aktørar. Ikke minst er frivilligheita ein viktig samarbeidspart i nærmiljøa. Regional plan har ei viktig rolle i å mobilisere og samordne innsatsen og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping. Alver kommune har eit aktivt og breitt kulturliv med høg grad av frivilligheit. Alver ynskjer å bidra med sin lokale kunnskap og kompetanse i planarbeidet.

Når regionen har fått nye oppgåver frå staten når det gjeld friluftsliv, kulturarv, integrering, så støtter Alver at vestland fylke vil revidere Regional plan for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette betyr at planane vert oppdatert og Vestland kan svare betre på dei nye ansvarsområda og knytte dei til dei overordna måla i utviklingsplanen for Vestland.

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling. Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Mange av dei same mål og strategiar i arbeidet med Biosfære Nordhordland vil vere tema i planarbeid i utviklingsplan for Vestland. Det vil vere naturleg å koble på Nordhordland biosfæreområde, som er det einaste i sitt slag i Noreg, i både planarbeidet for klima og næring og innovasjon.

Medverknad og gjennomføring av planer og samarbeid med kommunane

Det er eit godt grep frå fylkeskommunen å ta fatt i desse store overordna planoppgåvene. Alver kommune vil avslutningsvis peike på verdien av eit tett samarbeid både med kommunar, næringsliv og lokalsamfunna.

Berekraftsmål 17. «Samarbeid for å nå måla», løfta fram av FN som det målet som bidreg til å nå alle dei andre. Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentleg sektor, frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar, og mellom ulike nivå innan offentleg forvaltning.

Vi treng styrka kompetanse på samskaping, samarbeid, nettverksjobbing og partnarskap for å få dette til. Vestland fylke må legge til rette for at næringsaktørar, interesseorganisasjonar og sektormyndigheter kan delta aktivt i planprosessane.

Oppgåver og utfordringar knytt til desse plantema må løysast i samarbeid og i eit overordna perspektiv. Næringslivet har ei viktig rolle i arbeidet med utviklinga av klimaplan, og ikkje minst i regional plan for næring og innovasjon.

Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram, det er eit godt grep. For effektiv gjennomføring bør ein vurdere behovet for samarbeid og partnarskap. Det er også eit godt grep å vurdere gjennomføring av arbeidet på tvers av regionale planar. Løysingar av dei store samfunnsutfordringane kan på denne måten bli sett i samanheng i gjennomføringsfasen, til dømes koplingar mellom miljøspørsmål, helseutfordringar, attraktive samfunn, teknologiutvikling og entreprenørskap.

Kommunane og næringslivet lokalt vil vere gode støttespelarar til Vestlandfylke i prosessen med å utarbeide planane. Alver kommune ynskjer å delta med sin lokale erfaring og kompetanse i planarbeidet, både i arbeidsgrupper og gjennom reell medverknad i planprosessen.

Vedlegg i saken:

27.05.2020

hoyringsutkast---utviklingsplan-for-vestland-2304w

1397406

Høring - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Særutskrift

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Utvalg for oppvekst og levekår	51/20	11.06.2020
Utvalg for teknikk og miljø	124/20	12.06.2020
Formannskapet	71/20	16.06.2020

Saksbehandler: Synne Guldberg

Arkivsaknr.: 2020/3469-2

Møtebehandling i Formannskapet - 16.06.2020

Innstilling/vedtak:

1. Askøy kommune tar høringsforslaget til Utviklingsplan for Vestland 2020 -2024 til orientering. Kommunen ser fram til å delta i planarbeidet.
2. Askøy kommune mener at Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 må være en regional plan. Planen må etter plan- og bygningslova § 7-1 ikke gi juridiske føringer eller inneholde regionale plankrav som begrenser det kommunale selvstyret.

Innstilling fra utvalg for teknikk og miljø - 12.06.2020 (i samsvar med rådmannens innstilling):

Askøy kommune har ingen særlige merknader til høringsforslag til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og ser fram til å delta i de konkrete planarbeidene når de startes opp.

Behandling:

Ettersendte dokumenter:

- Innstilling fra UTM 12.06.2020

Bård Espelid (AL) fremmet følgende forslag:

1. Askøy kommune tar høringsforslaget til Utviklingsplan for Vestland 2020 -2024 til orientering. Kommunen ser fram til å delta i planarbeidet.
2. Askøy kommune mener at Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 må være en regional plan. Planen må etter plan- og bygningslova § 7-1 ikke gi juridiske føringer eller

inneholde regionale plankrav som begrenser det kommunale selvstyret.

Avstemming:

Bård Espelids forslag pkt 1:	Enstemmig
Bård Espelids forslag pkt 2:	Enstemmig

Møtebehandling i Utvalg for teknikk og miljø - 12.06.2020

Vedtak i samsvar med rådmannens innstilling:

Askøy kommune har ingen særlige merknader til høringsforslag til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og ser fram til å delta i de konkrete planarbeidene når de startes opp.

RÅDMANNENS INNSTILLING:

Askøy kommune har ingen særlige merknader til høringsforslag til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og ser fram til å delta i de konkrete planarbeidene når de startes opp.

Behandling:

Arnt Erik Gangås (FrP) fremmet rådmannens innstilling.

Kristian Fossum (AL) fremmet følgende forslag:

- Askøy kommune tar høringsforslaget til Utviklingsplan for Vestland 2020 -2024 til orientering. Kommunen ser fram til å delta i planarbeidet.

- Askøy kommune mener at Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 skal være en regional plan etter plan- og bygningslova § 7-1. Planen skal ikke gi juridisk føringer eller inneholde regionale plankrav som gir bindende virkning for kommunene.

Avstemming:

Rådmannens innstilling:	For:8st. (2H,1FrP,1SP,1PP,1V,1SV,1MDG)
Kristian Fossums forslag:	For:3st. (1AL,1AP,1FNB)

Møtebehandling i Utvalg for oppvekst og levekår - 11.06.2020

Innstilling/vedtak (i samsvar med rådmannens innstilling):

Askøy kommune har ingen særlige merknader til høringsforslag til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og ser fram til å delta i de konkrete planarbeidene når de startes opp.

RÅDMANNENS INNSTILLING:

Askøy kommune har ingen særlige merknader til høringsforslag til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og ser fram til å delta i de konkrete planarbeidene når de startes opp.

Behandling:

Kari Blindheim (AL) fremmet følgende felles forslag fra AP, AL og Rødt:

- Askøy kommune tar høringsforslaget til Utviklingsplan for Vestland 2020 -2024 til orientering. Kommunen ser fram til å delta i planarbeidet.
- Askøy kommune mener at Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 skal være en regional plan etter plan- og bygningslova § 7-1. Planen skal ikke gi juridisk føringer eller inneholde regionale plankrav som gir bindende virkning for kommunene.

Stig Abrahamsen (FRP) fremmet Rådmannens innstilling.

Avstemming:

Felles forslag fra AP,AL og Rødt:

For 4 st. (1AP,1SV,1AL,1Rødt)
Mot 7 st. (1H,1V,1KRF,2FRP,1SP,1FNB)

Rådmannens innstilling:

For 7 st. (1H,1V,1KRF,2FRP,1SP,1FNB)
Mot 4 st. (1AP,1SV,1AL,1Rødt)

RÅDMANNENS INNSTILLING:

Askøy kommune har ingen særlige merknader til høringsforslag til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, og ser fram til å delta i de konkrete planarbeidene når de startes opp.

SAMMENDRAG

Askøy kommune har mottatt høringsforslag for utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Utviklingsplanen er regional planstrategi og inneholder fire hovedmål for utviklingen i Vestland fylke:

- Mål 1 Vestland som det ledende verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for et regionalisert og desentralisert Norge.
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode hverdagsliv i hele Vestland
- Mål 4 Like muligheter til å delta i verdiskapning

Innenfor disse 4 målene er det definert strategier for å oppfylle målene.

Utviklingsplanen definerer også hvilke regionale planer som skal videreføres og hvilke nye regionale planer som skal utarbeides i perioden.

Fylkeskommunen ønsker innspill på innholdet i planstrategien, og særlig vedrørende prioritering av regionale planer. Høringsfrist er satt til 28.6.2020

Avgjøres av: Formannskapet

Behandles i følgende utvalg: UTM, UOL, F

Videre saksgang:

Uttalen oversendes Vestland fylkeskommune. Vedtatt planstrategi skal legges til grunn for fylkeskommunens videre planarbeid og virksomhet.

Saksopplysninger:

Utviklingsplan for Vestland er hjemlet i plan- og bygningslovens §7-1, og er regional planstrategi for Vestland. Planstrategien er et verktøy for å ta stilling til hvilke regionale plансpørsmål det er viktig å arbeide med i planperioden. Planstrategien skal prioritere hvilke planer som skal utarbeides, revideres eller videreføres de fire neste årene. Dette vurderes på bakgrunn av hva som er de viktigste regionale utfordringene og med utgangspunkt i nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging. FNs bærekraftsmål er overordet og førende for utviklingen.

I forrige fylkestingsperiode ble det utarbeidet en rapport med statistikk og utviklingstrekk for Vestland. Den ble lagt til grunn for utarbeiding av folkehelseoversikt og utfordringsdokument for Vestland, og disse rapportene utgjør kunnskapsgrunnlaget for planstrategien.

Fylkeskommunen ønsker innspill på innholdet i planstrategien, og særlig vedrørende prioritering av regionale planer. Planstrategien er på høring og offentlig ettersyn med høringsfrist 28.6.2020, og det er lagt opp til vedtak i fylkestinget i september 2020.

Utfordringer, mål og strategier

Planstrategien lister opp følgende utfordringer for fylket og regionene:

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grønn konkurransekraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive steder og gode nærmiljø
8. Et fornyende, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Et likeverdig samfunn
10. Ungdom – trivsel og tilhørighet

Som resultat av dette viser planstrategien følgende hovedmål og strategier:

Mål 1 Vestland som det ledende verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for et regionalisert og desentralisert Norge.

Strategier:

- 1.1. Vestland fylke skal medvirke til å minimere skadevirkningene,

både på kort og lang sikt, som følge av pålagte tiltak knyttet til handteringen av koronapandemien.

1.2 Vestland skal medvirke til at det blir skapt nye arbeidsplasser gjennom omstilling, grønn konkurransekraft og entreprenørskap.

1.3 Vestland skal utvikle et framtidsrettet og inkluderende arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

1.4 Vestland fylke skal aktivt søke de mulighetene som ligger i regionreformen og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategier:

2.1 Vestland skal være en pådriver for klimaomstilling og nullutslipp.

2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdier.

2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømål gjennom offentlige innkjøp.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode hverdagsliv i hele Vestland

Strategier:

3.1 Vestland skal utvikle menneskevennlige og levende lokalsamfunn basert på stedegne ressurser og kvaliteter.

3.2 Bergen og de regionale sentra skal utvikles til attraktive sentra, og fungere som en drivkraft for utvikling i heile fylket.

3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrer mobilitet og digitale tjenester.

Mål 4 Like muligheter til å delta i verdiskapning

Strategier:

4.1 Vestland skal fremme åpne og inkluderende arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

4.2 Vestland skal utvikle et mer inkluderende og aldersvennlig samfunn som grunnlag for verdiskaping.

4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Prioriterte planer:

Regionale planer er hjemlet i plan- og bygningsloven og har en planperiode på 12 år. De skal være strategiske styringsverktøy som er fleksible og står seg over hele tidsperioden. Tabellen under viser hvilke regionale planer som anbefales revidert, videreført og utfaset i perioden 2020-2024.

Regional plan	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	X			Oppstart 2020
Regional klimaplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for senterstruktur	X			Oppstart 2021
Regional transportplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for kompetanse	X			Oppstart 2021
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	X			Oppstart 2021
Regional plan for vassforvalting Vestland	X			Under utarbeiding
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger		X		Vedtatt 2017
Strategisk plan for kysten (S&F)		X		Vedtatt 2018
Regional planar for folkehelse		X		Vedtatt 2014/15
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for Nordfjella 2014-2025		X		Vedtatt 2014
Regional plan for Hardangervidda 2011-2025		X		Under revisjon
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)		X		Vedtatt 2012
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026		X		Vedtatt 2016
Regional plan for vindkraft (S&F)		X		Vedtatt 2011
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)		X		Vedtatt 2009/12

Temoplaner er hjemlet i kommunelov eller sektorlov. Temoplaner kan utarbeides for fagfelt der fylkeskommunen som tjenesteprodusent eller samfunnsutvikler har stor påvirkning ut mot samfunnet. Tabellen under viser oversikt over temoplaner som anbefales utarbeidet, revidert, videreført og utfaset i planperioden.

Temoplanar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland	X				
Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar 2002-2024			X		
Skulebruksplanar			X		
Strukturplan for tannklinikkar		X			
Forskningsstrategi for Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling
Strategi for grøn omstilling i Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling
Hydrogenstrategi				X	Innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling
Kollektivstrategi				X	Innarbeidast som ein del av Regional transportplan
Strategi for innfartsparkering				X	Innarbeidast som ein del av Regional transportplan

Vurdering:

Vestland fylkeskommune kaller planstrategien sin for en utviklingsplan, fordi den skal stake ut en tydelig kurs for samfunnsutviklingen i fylket. Regional utviklingsplan definer langsigtige mål og skal bidra til at både fylkeskommunen, statlige organ og kommunene skal dra i samme retning.

Utviklingsplanen prioriterer hvilke regionale planer som skal utarbeides, revideres eller videreføres i planperioden. Regionale planer utarbeides for prioriterte tema der det er behov for regional samordning. Det er forventet at kommunene skal følge opp de regionale planene i sin planlegging og virksomhet. Det er derfor viktig at Askøy kommune deltar aktivt i de regionale planprosessene som utviklingsplanen legger opp til.

Høringsforslaget som er utarbeidet er oversiktlig og med tydelige prioriteringer. De regionale planene som er prioritert vil være viktige for Askøy. Askøy kommune har ingen særlige merknader til forslaget, og ser fram til å delta i arbeidet med de regionale planene når de startes opp.

Folkehelseperspektiv:

Planstrategien ivaretar folkehelseperspektivet gjennom de ulike målsetningene og strategiene.

Økonomi:

Planstrategien medfører ingen konkrete økonomiske konsekvenser for Askøy kommune.

Vedlegg:

- 1 Høringsutkast - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- 2 Vestland - Utfordringar for fylket og regionane, juni 2019

Kleppestø, 03.06.2020

Eystein Venneslan
rådmann

Knut Natlandsmyr
plan- og bygningssjef

Rett utskrift 19.05.2020
Kristin Ådlandsvik



Aurland, 26.06.2020

Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 BERGEN

Vår ref.
2020000469-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Trygve Skjerdal, 95984638/Norunn
Haugen, 47674567

Arkiv
K1-024, K3-&30, K3-
&13

Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 - høyringsfråsegn frå Aurland kommune

Formannskapet i Aurland kommune har i møte 04.06.20 gjeve ordførar fullmakt til å gje uttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Uttalen er gitt med bakgrunn i saker som er aktuelle for kommunen. Kommunen sine innspel til plan er knytt til kvart av dei fire måla og med generelle kommentar til slutt:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Vestland har gode føresetnader for å vere å førarsete når det gjeld klima, verdiskaping og nullutslepp. Aurland kommune meiner at Vestland må ha ein tydeleg strategi på at den verdiskaping som skjer i Vestland skal reinvesterast for å skape livsgrunnlag i heile Vestland. Vertskommunar for kraftproduksjon gjev avkall på naturressursar og tilfører andre kommunar og staten som eigrar store verdiar kvart år. Ein føresetnad har heile tida vore at vertskommunen skal behalde ein del av verdiskapinga i form av lovregulerte ordningar, og som er varige. Kraftkommunane opplever stadig at denne «samfunnskontrakta» mellom stat og lokalsamfunn blir utfordra m.a. i Kraftskatteutvalet sin rapport i 2019 og seinast i Inntektsutvalet sitt mandat i 2020.
- Vestland har gode føresetnader for omstilling mot nullutslepp både innan reiseliv, landbruk, transport, havbruk og industri. Aurland kommune meiner at Vestland må ha ein tydeleg strategi for å verdsette og utvikle dei kompetansemiljøa som er i Vestland m.a. hjá dei vidaregåande skulane, høgskulen, kommunar, næringslivet og andre. Aurland kommune, Sogn Jord- og hagebrukskule og Sogn Interkommunale miljø og avfallselskap (SIMAS) har nyleg fått klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet til to Biokolprosjekt. Aurland kommune vil elles trekke fram reiselivet i kommunen. Reiselivet i Flåm har på mange måtar sett seg i førarsete mot nullutslepp i reiselivet. «Future of the Fjords» og «Vision og the Fjords» er synlege bevis på dette.
- Stortinget sitt vedtak om nullutslepp i Verdsarfjordane innan 2026, saman med andre forskriftskrav for skipsfart med verknad frå 2020 set tydeleg retning. Spørsmålet som Aurland kommune og andre stiller, er kva som er realistisk innføring av nye reglar? Konsekvensane for næringsliv og lokalsamfunn er svært store, om ikkje omstillingane skjer raskt nok i høve til innføring av nasjonal politikk. Vestland må ha strategiar for å ivareta oppgåver i omstillingsarbeid i kommunar og regionar som har stort omstellingsbehov.
- I Vestland skjer mykje av verdiskapinga utanom dei store byane og regionsentra. Infrastruktur er ein viktig føresetnad for dette. Aurland kommune meiner Vestland må ha ein tydeleg strategi på både breiband, kollektivtransport, trygge og gode vegar.

Aurland kommune har fleire rasutsette vegar som fylke har ansvar for, og mange tunnelar.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

- Fylkeskommunen, saman med kommunane har eit særleg ansvar for å ta vare på kultur og naturverdiar. I Vestland har Vestnorsk Fjordlandskap/Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje verdsarvstatus og er på UNECO si liste over natur- og kulturarv. Dette er ikkje omtala i utviklingsplan, men det er ei av forventningane til norske fylkeskommunar og kommunar at "fylkeskommunene og kommunene utvikler de norske verdensarvområdene som fyrtårn for den beste praksisen innenfor natur- og kulturminneforvaltningen gjennom arealplanleggingen" (Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023). Besøksforvaltning er eit aktuelt tema i høve forvaltning av verdsarvområda. Aurland kommune meiner at Vestland må innarbeide eit punkt i strategidelen om utvikle verdsarvområda i Vestland til fyrtårn for natur- og kulturminneforvaltning.
- Villrein er omtala i planen som ein art som fylkeskommunen og kommunane har eit internasjonalt ansvar for. Aurland kommune meiner det er bra at dette er teke med i planen.
- Ein viktig føresetnad for klimaomstilling er miljøvennlege kollektivreiser og tilrettelegging for gåande og syklande. I distrikta kan det basert på innbyggjartal vere lite grunnlag for kollektivtransport og investeringar i gang og sykkelvegar. Tek ein høgde for talet besökande i løpet av eit år, kan grunnlaget for kollektive transporttilbod vere større. Aurland kommune meiner at fylkeskommunen bør ta ei rolle i høve til å få utarbeidd meir kunnskapsgrunnlag for kollektivreiser retta mot innbyggjarar, turistar og besökande (jf. «travel like the locals»). Dette blir og gitt som innspel i samband med høyring av planprogram for regional transportplan (RTP).

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

- Vestland har **i tillegg til** Bergen, småbyar/regionsenter og kommunar prega av svak næringsutvikling, fråflytting og skeiv aldersfordeling, også ein del stadar i fylket som innanfor utvalde næringar har særskilt kompetanse og utviklingskraft. Dette gjeld m.a. reiselivet i Aurland/Flåm, landbruk i Lærdal, verftsindustrien i Hyen, fiske og havbruk i kystkommunar, teknologiverksemder i Vik. Desse næringane påverkar mellom anna staden sin attraktivitet og arbeidsplassutvikling. Aurland kommune meiner at dette må omtalast i utviklingsplanen og at dette biletet må ligge til grunn for synet på senterstuktur i Vestland.
- Digital infrastruktur og digitale løysingar gjev nye mogelegheiter for distrikta. Korona har synt at både arbeidskvardagen og skulekvardagen kan digitaliserast. Aurland kommune meiner at Vestland bør ha ambisjonar om å ligge langt framme på digitalisering. Mindre kommunar treng draghjelp frå private, større kommunar, fylkeskommunen og staten i dette arbeidet.
- Kommentar til strategi 3.1: Føreslår å ta vekk ordet «menneskevennlege» slik at punkt 3.1 får slik ordlyd: «Vestland skal utvikle levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.». Aurland kommune har i mange år hatt eit samarbeid med fylkeskommunen gjennom Sogn jord- og hagebrukskule, Nærøyfjorden verdsarvpark og andre lokale aktørar om stadbaseret læring i grunnskulen. Aurland kommune meiner at dette er eit godt døme på samarbeid for å gje born og unge lokal tilhøyre og døme på tiltak som Vestland bør ha strategiar for å støtte opp om.
- Eit mål for Vestland bør vere eit kollektivtilbod der prisar og takstsoner ikkje følgjer gamle fylkesgrenser.

Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

- Kulturtilbod og frivilligkeit er viktige føresetnader for attraktivitet i alle kommunar. Aurland kommune meiner at Vestland må ha strategiar for å fremje kultur og frivilligkeit i alle kommunar, små og store. Det er og ein føresetnad at Vestland har arena både for amatørar og profesjonelle utøvarar av kultur og idrett. Aurland kommune er eigar og initivtakar til Nynorske litteraturdagar. Det kan vere avgjerande for gjennomføring at ein del arrangement at fylkeskommunen gjev økonomisk støtte.
- I Sogn og Fjordane har spelemiddelordninga vore viktig for å utvikle møteplassar i lokalsamfunna. Sist i rekka av gode prosjekt er Dagsturhytter i alle kommunar. Aurland kommune vonar at Vestland prioriterer høgt å støtte lokale prosjekt, etablering av idrettsanlegg og støtte til nærmiljøanlegg framover.

Aurland kommune meiner at utkastet til utviklingsplan syner retning og kan vere ein samlande plan for det nye fylket i åra som kjem. Aurland kommune tek elles oversikta over planar som skal reviderast og planar som skal vidareførast til vitande. Generelt er det utfordrande for mindre kommunar å medverke når fleire planar blir revidert samstundes. I mange saker vert regionråda nytta som medverknadsorgan. Det føregår no diskusjonar og sonderinga i høve til kva regionrådsstruktur som er teneleg å ha i det nye Vestlandsfylket. Aurland kommune var i utkanten av det gamle fylket. Det er no meir aktuelt for kommunen å vurdere nye regionale samarbeid, enn det har vore før.

Med helsing

Trygve Skjerdal
Ordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Norunn Haugen



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:
2020/1420-4

Vår ref.:
20/2 - 96 / KTJ

Dato:
29.06.2020

2020/1420 - Svar på høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Kommunestyret i Austrheim gav i møtet 18. juni 2020 si støtte til denne uttalen til høyringa:

061/20.1 Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Austrheim kommunestyre har følgjande kommentarar til Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 Regional planstrategi:

Innhaldet i dokumentet er både godt og relevant, men me ber om at fylkeskommunen tek inn over seg den økonomiske stoda som både fylkeskommunen og dei fleste kommunane i fylket er i. Det må ikkje lagast eit omfattande og rigid fylkeskommunalt planverket. Fylkeskommunen må ikkje ta på seg rolla som overkommune og leggja hindringar i vegen for kommunar i fylket som ønskjer å leggja til rette for utvikling og vekst. Kommunane bør gjennom sine kommune- og arealplanar, sjølv i størst mogeleg grad få bestemma kvar dei vil ha areal for bustadar og land- og sjøbaserte næringer.

Fylkeskommunen bør i den økonomiske situasjonen ein er i, fokusera sterkt på å leggja til rette dei tenestene fylkeskommunen har ansvaret for, på ein slik måte at dei støttar opp under utviklingsarbeidet til kommunane i fylket. Dette kan fylkeskommunen gjera ved at ein prioriterer vedlikehald av fylkeskommunale vegar, rassikringstiltak, gode vidaregåande skular også i distrikta, desentraliserte tannhelsetenester og tenleg kollektivtransport.

Med helsing

Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Mottakere:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN



Sak nr D-	Vår dato: 26.06.2020	Vår referanse: 2008/1972-009
Vår saksbehandlar: Alf Helge Greaker	Direkte telefonnr.:	Dykkar dato: Dykkar referanse:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

HØYRINGSSVAR UTVIKLINGSPLAN VLFK 2020 – 2024 REGIONAL PLANSTRATEGI

–

Syner til annonsering på Vestland fylkeskommune sine sider. Her følgjer ei administrativt utarbeidd fråsegn frå Bømlo kommune.

Bømlo kommune er i all hovudsak samd i det regionale utfordringsbilete som Vestland fylkeskommune (VLFK) legg til grunn. Det er positivt at ein legg FN sine berekraftsmål til grunn for utviklinga, noko også Bømlo kommune har gjort i sin kommuneplan (2019). Sams mål er eit bra grunnlag regionalt – lokalt samarbeid i perioden.

Visjonsarbeid (kapittel 1- 2)

Dette blir avgjerande framover om det nye fylket skal fungere for alle. VLFK må difor vere synlege i kvardagen, til dømes gjennom gode samferdsels- opplærings- og kulturtilbod i vår kommune og regionen Sunnhordland. Planstrategien må difor kvittere ut og svare på utfordringane som VLFK peiker på i sine tre førebuande grunnlagsdokument frå 2019. Bømlo ønskjer å vere ein aktiv samarbeidspartner i visjonsarbeidet.

Den langsigte visjonen om å vere nyskapande og berekraftig samsvarar svært godt med Bømlo kommune sitt livsgrunnlag. Både VLFK, Bømlo og nabokommunane kan tene mykje å erfaringsutveksling og samarbeid med det lokale næringslivet vårt. Nyskaping må også bli sentralt innan kulturliv og fylket sine kulturinstitusjonar.

Å utarbeide indikatorar for berekraftsmål på regionalt nivå er positivt, og det same er gjeldande på lokalt nivå. Bømlo kommune kan informere om at me er part i eit nystarta forskingsprosjekt, «Fields of Goals» (Nordlandsforsk) kor lokale berekraftsindikatorar er prosjekttema. Dette vil kunne ha overføringsverdi for fleire partar og mynde.

Til hovudmål og strategiar (kapittel 3 - 4)

I sin kommuneplan seier Bømlo kommune mellom anna at all planleggjing skal vere helsefremjande. Som med klima, så er helsefremjing ikkje berre noko som er relevant for planar i helsektor, men skal ligge til grunn for alle planar – opplæring, næring, areal osb. Me håpar at VLFK også legg til grunn.

Me vil peike på at kystkultur må bli meir meir tydeleg i VLFK si utvikling framover. Dette er ein av dei viktigaste elementa som bind Vestland saman.

Kystkultur bør omtala under «Grøn konkurransekraft og entrepenørskap» og andre stader som handlar om næringsutvikling. For kysten vil både næringsutvikling og det å fremje attraktive bustadregionar, kor strandsona sine unike kvalitetar blir framheva, vere eit fortrinn. Det kan gjelde alt i frå kai- og næringsanlegg, sjønære

bustader og naustrenovering til å etablere nasjonale verneområde og utvikle kulturtildel og friområde for ålmenta.

Kystkultur bør med andre få ein sentral plass i både visjonsarbeidet og i konkret planarbeid som Regional plan for innovasjon og utvikling, Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Regional plan for kultur og Regional senterstruktur (eller tilsvarande planar kor desse tema blir vidareført). Næringsrelaterte tilskot og program må også ta høgde for kystkulturelle tiltak.

Når det gjeld regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var det krevjande at denne tok lang tid å få avklara status på etter vedtak. Bømlo kommune ser behovet for ein ny, felles kystplan for heile fylket, kor dei einiske regionane sine utfordringar blir meir omtala.

Å betrakte næring og kultur i samanheng og sjå at dette ofte er to sider av same sak, er positivt, og noko VLFK må halde fram med. Med utgangspunkt i regionale kulturinstitusjonar som Moster Amfi og Geopark Sunnhordland vil ein kunne generere arbeidsplassar og gjere seg meir attraktive for tilflytting.

Når det gjeld klima står Bømlo kommune opp om strategiane i utkast til utviklingsplan. Det vil framover vere eit stort behov for meir lokal kompetanse på sentrale tema som klimatilpassing av bygg, kulturminne og infrastruktur, samt klimavenlege/grøne innkjøp. Her kan VLFK vere ein sentral samarbeidspartnar. Ordningar som støttar opp om slik kompetanse, er viktige å få med i ny Regional klimaplan. Klimatilpassing med omsyn på kulturminneforvaltning bør løftast fram som tema i Regional plan for areal, natur og kulturminneressursar.

Eit sentralt tema for Bømlo og Sunnhordland er mobilitet. I følgje VLFK «Utfordringar for fylket og for regionane» har region sunnhordland låg del med høgfrekvent kollektivtilbod, samstundes som regionen har det opplevd dårligaste tilboden av offentleg transport (37%). Det er stort forbettingspotensial i korrespondansar mellom dei ulike transporttilboda, både mellom Skyss sine tilbod og kommersielle aktørar sine.

Bømlo kommune speler inn at betre korrespondansar må bli viktig tema i kommande RTP og handlingsplanar for Skyss. Mogleg kan dette vere tema for ein eigen regional strategi/handlingsdel. I alle høve må kommunane bli tidleg inkludert i utviklingsarbeidet.

Elektrifisering av både land- og sjøbasert transport er eit anna konkret tiltak som VLFK må prioritere å samarbeide med kommunane om.

Avslutningsvis vil me nemne kor viktig det er at regionale planar som inneholder retningslinjer og føresegn, som Regional transportplan og regional plan for senterstruktur, er ferdige i god tid før neste kommunestyreperiode når det lokale arbeidet med nye planstrategiar tek til frå hausten 2023.

Med helsing
Bømlo kommune

Alf Helge Greaker
samfunnsplanlegger

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utvål	Møtedato
097/20	Formannskapet	25.05.2020
050/20	Kommunestyret	18.06.2020

Sakshandsamar: Monika Lysne

Arkiv: K1-110

Arkivsaksnr. 20/501 - 2

Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 - Regional planstrategi, innspel til høyring

Kort samandrag:

Plan- og bygningslova seier at fylkeskommunane minst ein gong i kvar valperiode skal lage ein langsigtig regional planstrategi. Når han er vedtatt, skal både kommunane og statlege og regionale organ legge han til grunn for planlegginga si. Denne planstrategien er no sendt til kommunane på høyring, og vert kalla Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek følgjande innspel til *Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024*:

- Det er positivt at ein gjennom planen tydeleggjer ei ansvarsrolle for å minimere skadeverkandane på kort og lang sikt som følgje av pålagde tiltak knytt til handtering av koronapandemien.
- Planen bidreg til å styrke det lokale sjølvstyret i stor grad. Det er likevel viktig å få fram at det er store ulikskapar i kommunane. Det er viktig at det vert lagt til rette for eit lokalt sjølvstyre, der vurderingane frå offsetlege myndigheter gjenspeglar storleik og beliggenheita til kommunane i større grad enn det vert gjort i dag. Det må vera rom for å setja ulike krav og tilpassingar til dei ulike kommunane for å nå måla i Utviklingsplanen.
- Planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit nytt fylke, og det er svært positivt at det vert fokusert på like moglegheiter til å delta i utviklinga med opne og inkluderande arenaer for deltaking (mål nr. 4 og tilhøyrande strategiar).
- Planen bidreg til ei god og tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland og strategiane er veleigna for å nå måla i planen.
- Planen er eit godt verktøy for å samordna verkemiddelbruken (støtteordningar,

tilskot og anna) og har ein god og oversiktleg plan for vidare planbehov for utvikling av det nye fylket.

25.05.2020 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-097/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande innspeil til *Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024*:

- Det er positivt at ein gjennom planen tydeleggjer ei ansvarsrolle for å minimere skadeverkandane på kort og lang sikt som følgje av pålagde tiltak knytt til handtering av koronapandemien.
- Planen bidreg til å styrke det lokale sjølvstyret i stor grad. Det er likevel viktig å få fram at det er store ulikskapar i kommunane. Det er viktig at det vert lagt til rette for eit lokalt sjølvstyre, der vurderingane frå offetlege myndigheter gjenspeglar storleik og beliggenheita til kommunane i større grad enn det vert gjort i dag. Det må vera rom for å setja ulike krav og tilpassingar til dei ulike kommunane for å nå måla i Utviklingsplanen.
- Planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit nytt fylke, og det er svært positivt at det vert fokusert på like moglegheiter til å delta i utviklinga med opne og inkluderande arenaer for deltaking (mål nr. 4 og tilhøyrande strategiar).
- Planen bidreg til ei god og tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland og strategiane er veleigna for å nå måla i planen.
- Planen er eit godt verktøy for å samordna verkemiddelbruken (støtteordningar, tilskot og anna) og har ein god og oversiktleg plan for vidare planbehov for utvikling av det nye fylket.

18.06.2020 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

KS-050/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande innspeil til *Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024*:

- Det er positivt at ein gjennom planen tydeleggjer ei ansvarsrolle for å minimere skadeverkandane på kort og lang sikt som følgje av pålagde tiltak knytt til handtering av koronapandemien.

- Planen bidreg til å styrke det lokale sjølvstyret i stor grad. Det er likevel viktig å få fram at det er store ulikskapar i kommunane. Det er viktig at det vert lagt til rette for eit lokalt sjølvstyre, der vurderingane frå offetlege myndigheiter gjenspeglar storleik og beliggenheita til kommunane i større grad enn det vert gjort i dag. Det må vera rom for å setja ulike krav og tilpassingar til dei ulike kommunane for å nå måla i Utviklingsplanen.
- Planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit nytt fylke, og det er svært positivt at det vert fokusert på like moglegheiter til å delta i utviklinga med opne og inkluderande arenaer for deltaking (mål nr. 4 og tilhøyrande strategiar).
- Planen bidreg til ei god og tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland og strategiane er veleigna for å nå måla i planen.
- Planen er eit godt verktøy for å samordna verkemiddelbruken (støtteordningar, tilskot og anna) og har ein god og oversiktleg plan for vidare planbehov for utvikling av det nye fylket.

Vedlegg:

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyring og offentleg ettersyn

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyringsforslag.pdf

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova § 7-1

Saksutgreiing

Plan- og bygningslova seier at fylkeskommunane minst ein gong i kvar valperiode skal lage ein langsiktig regional planstrategi. Fylkestinget er vedtaksmynne. Planstrategien skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Når han er vedteken, skal både kommunane og statlege og regionale organ legge han til grunn for planlegginga si.

Arbeidet med utviklingsplanen starta i 2018. I april vedtok fylkesutvalet å sende framlegg til utviklingsplan på høyring og til offentleg ettersyn. Fylkestinget skal vedta utviklingsplanen i haust. Planutvalet i Vestland har leia prosessen og drøfta vegval undervegs. I tillegg har det vore brei intern og ekstern medverknad. Fylkeskommunen inviterer no alle i det nye fylket til å delta i prosessen gjennom høyring og ettersyn av den regionale utviklingsplanen.

Fylkestinget skal etter planen vedta utviklingsplanen for Vestland i september 2020.

Utviklingsplanen baserar seg på eit grundig kunnskapsgrunnlag, som gjer greie for dei viktigaste utviklingstrekkja og utfordringane i det nye fylket. I oversiktsbiletet ligg det mange ulike langsiktige utviklingsmogelegheiter. Planen tek stilling til kva mål som er viktige for oss i denne politiske fireårsperioden, og kva strategiar som kan hjelpe oss å nå dei.

Utviklingsplanen vert lagt til grunn for både satsingar og verkemiddel i fylkeskommunen og

for statleg og regional planlegging. Han seier òg noko om kva regionale planar vi treng i denne perioden.

Både regional og nasjonal politikk løfter fram dei 17 berekraftsmåla til FN som grunnlag for samfunnsutvikling og planlegging. Berekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Utviklingsplanen skal syne kva lokale moglegheiter det globale berekraftarbeidet kan gje oss. Dette er spissa i fire ulike målformuleringar som relaterer seg til ulike berekraftmål:

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Under kvart mål er det utvikla fleire strategiar som skal bidra til at me når måla.

Vurdering

Administrasjonen meiner planen legg til rette for ei god og målretta utvikling av nye Vestland fylke. Oppsummert er planen vurdert slik:

- Det er positivt at ein gjennom planen tydeleggjer ei ansvarsrolle for å minimere skadeverkandane på kort og lang sikt som følgje av pålagde tiltak knytt til handtering av koronapandemien.
- Planen bidreg til å styrke det lokale sjølvstyret i stor grad. Det er likevel viktig å få fram at det er store ulikskapar i kommunane. Det er viktig at det vert lagt til rette for eit lokalt sjølvstyre, der vurderingane frå offsetlege myndigheter gjenspeglar storleik og beliggenheita til kommunane i større grad enn det vert gjort i dag. Det må vera rom for å setja ulike krav og tilpassingar til dei ulike kommunane for å nå måla i Utviklingsplanen.
Eit eksempel her er når ein liten kommune som Lærdal prøver å gjere seg attraktiv med å tilby nokre få bustadtomter i ulike stadar i bygda, men blir møtt med motsegnsvarsel fordi det ikkje er i tråd med regional plan for klimaomstilling å leggje til rette for bustadar andre stadar enn i tettstadane, der folk kan gå og sykle til «alt». Dette er eit eksempel på handtering av regionale planar som ikkje forenleg med utvikling av attraktive lokalsamfunn, og stoppar i stor grad mykje av utviklingsmoglegheitene til små kommunar. I Lærdal kan ein dermed ikkje leggje til rette for bustadbygging i andre stadar enn i tettstaden på Lærdalsøyri, som både er solfattig, flaumsett og delvis rasutsett....Det må vera rom for å vurdera måla opp mot omfang og konsekvens, slik at ikkje dei same strategiane er gjeldande i lik grad for alle kommunane uavhengig av storleik, beliggenheit og konsekvens av tiltaket.
- Planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit

nytt fylke, og det er svært positivt at det vert fokusert på like moglegheiter til å delta i utviklinga med opne og inkluderande arenaer for deltaking (mål nr. 4 og tilhøyrande strategiar).

- Planen bidreg til ei god og tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland og strategiane er veleigna for å nå måla i planen.
- Planen er eit godt verktøy for å samordna verkemiddelbruken (støtteordningar, tilskot og anna) og har ein god og oversiktleg plan for vidare planbehov for utvikling av det nye fylket.



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref:

Sak: 20/3112 JpID: 20/16739 Sbh: KDA

Dykkar ref.

Dato:

26.06.2020

Uttale til utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 - Stad kommune

Vi viser til motteke høyringsutkast til Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 – Regional planstrategi.

Planutkastet er vurdert og utval for kultur, samfunn, idrett og næring og formannskapet i Stad kommune. Stad meiner at utviklingsplanen for Vestland fylke er eit godt utgangspunkt for utvikling av Vestland. Planen gir ei tydeleg strategisk retning og er langt på veg samsvarande med overordna mål og strategiar for Stad kommune, jmf framlegg til kommuneplanen sin samfunnsplan.

Utviklingsplanen gir ei tydeleg retning for det nye fylket. Planen er lett å forstå og virkar samlande. Planen er ikkje eit «ferdig, lukka dokument», men er open i formen og inviterer til vidare deltaking, samskapning og samarbeid. Det betyr at planen må sjåast på som ein invitasjon til regionane og kommunane i Vestland til å ta del i og ansvar for utviklinga. Stad kommune ynskjer å vere ein aktiv samarbeidspart og samfunnutviklar til det beste for kommune og det nye fylket.

Om Stad kommune:

Stad er ein ny kommune, oppretta 1. januar 2020 ved at kommunane Eid og Selje og Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune vart slått saman. Kommunen er med 9.500 innbyggjarar den fjerde største kommunen i tidlegare Sogn og Fjordane, den største i Nordfjord og av dei tre største kystkommunane i folketal mellom Bergen og Ålesund. Kommunesenteret Nordfjordeid har dei siste åra blitt eit regionalt handelssenter, har høg aktivitet i bustadbygging og jamnt veksande innbyggjartal og er også lokaliseringsstad for dei fleste fylkeskommunale og statlege funksjonar i regionen (sjukehus og andre spesialisthelsetenester, politi, Statens Vegvesen, Jordskifterett, Skatteetaten, BUF-etat med meir).

I framlegg til samfunnsdel av den fyrste Kommuneplanen i Stad, er det fastsett at Stad skal ta ein nasjonal posisjon som «Distriktpioner»: Ein føregangskommune for distrikts-Noreg som skal vere i stand til å bidra til utvikling av Nordfjord og Vestland fylke. Stad kommune skal bygge sitt arbeid på FN sine berekraftsmål. Telemarksforsking sin attraktivitetsteori dannar det teoretiske grunnlaget for Stad kommune sitt arbeid med samfunnsutvikling. Teorien legg til grunn at kvar stad kan påverke si eiga utvikling, og peikar på kva staden sjølv kan gjere for å bli ein attraktiv stad å bu, besøke og drive næring. Eit sentralt funn i teorien er at det å vere ein «triveleg stad å bu» ikkje i seg sjølv er nok til å skape attraktivitet. Stadar blir attraktive fordi dei skapar noko nytt eller forbetrar noko ein allereie har. Endringar er i seg sjølv med å skape utviklingkraft. For Stad handlar det difor om å forbetre og

tilføre noko nytt - og å sjå verdien av å utvikle heile arbeids- og serviceregionen på ca 50.000 menneske som kommunen er ein del av (Nordfjord og Søre Sunnmøre).

Stad kommune legg som Vestland fylkeskommune til grunn at klima- og miljøutfordringane og teknologiutviklinga påverkar heile samfunnet og gjev nye mogleigheter. Arbeidslivet må bli grønare, smartare og meir nyskapande. Mogleheitene for grøn omstilling, framtidig vekst og nye arbeidsplassar i distrikta er stor for næringar som har verda som marknad. Desse næringane finn vi allereie i dag i Stad og i regionen vår. Initiativ og samarbeid opp mot sentrale styresmakter blir viktig for å kunne delta i omstillingsarbeidet. Lokalt må vi også legge til rette for å ha ein arbeidsstyrke med den kompetanse som næringslivet treng gjennom målretta rekrutteringsarbeid og desentraliserte utdannings- og FoU-tilbod.

Samfunnsmålet til kommunen er at «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag», med følgjande mål for dei strategiske satsingane i Stad kommune i planperioden:

- Stad kommune skal vere ein så god kommune å bu i at folk ønsker å bli buande her og nye flyttar til
- Stad kommune skal ha gode levekår for innbyggjarar i alle livsfasar og aldrar.
- Stad kommune skal innan 2030 ha 10.000 innbyggjarar - ein samla vekst på 6 % (55 innbyggjarar per år) fram til 2030.
- Stad kommune deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse og for å stanse tap av naturmangfold og klimaendringar.

Innspel til utviklingsplanen:

Utkastet til samfunnsdel av kommuneplanen er lagt ved høyringa, og heng etter Stad kommune sitt syn særskilt godt saman med Vestland fylkeskommune sin planstrategi både i innhald, tilnærming til samfunnsutvikling og arbeidsmetodikk (samskaping, brei mobilisering, mål om ein leiande nasjonal posisjon i å utvikle eit regionalisert og desentralisert Noreg, gode lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv).

Vi vil likevel spele inn følgjande utfordringar/ kommentarar til det vidare arbeidet med dokumentet fram mot Fylkestinget si handsaming hausten 2020:

1. Digitalisering.

Utviklingsplanen for Vestland trekker fram betydinga av digitalisering, og legg vekt på at vi framover ikkje berre må tenkje digital infrastruktur, men digitale tenester og ferdigheiter. Vi deler dette synet, og ser dette som særleg viktig for vår region som ligg langt frå sentrum i det nye fylket. Vi vil m.a. utfordre fylkeskommunen til – på same måte som fylket sjølv utfordrar staten til – å nytte nye digitale mogleigheter til å desentralisere fleire oppgåver og tenester, og legge til rette for at statlege og fylkeskommunale kompetansearbeidsplassar også innanfor forvalting kan lokaliserast der kvalifiserte folk bur i heile fylket. Ein kan til dømes vidareutvikle dei vidaregåande skulane som base for fleire oppgåver og arbeidstakrarar i Vestland fylkeskommune – og Stad kommune vil invitere Vestland fylkeskommune til å vere med på å etablere og utvikle «Statens Hus» på Nordfjordeid som ein nasjonal pilotmodell, jmf Distriktsmeldinga frå Regjeringa.

2. Relevant kompetanse:

Nordfjord som region er komen langt i å utvikle nye, framtidsretta modellar for nærmare samarbeid mellom kommunar, NAV, vidaregåande skule og næringsliv om å gi folk skreddarsydd kompetanse tilpassa arbeidslivet sine behov. Stad kommune er også vertskap for nyskipa «Inviro – Nordfjord Virtuelle Campus), oppretta for å skreddarsy høgare utdanning, FoU-aktivitet og andre kompetansehevande tilbod til bedriftene i Nordfjord innanfor energi/elektro, automasjon og teknologi. Dette – og andre liknande initiativ i Nordfjord i andre bransjar – er særleg viktige hos oss fordi vi ikkje har nokon høgskule. På dette området ynskjer vi og treng vi eit nært samarbeid med Vestland fylkeskommune, også i rolla som skuleeigar for den vidaregåande skulen.

3. Attraktive stader og senterstruktur.

Utviklingsplanen sitt hovudmål 3 handlar om «Gode og levande lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv». I omtalen av dette målet og tilhøyrande strategiar er det mange viktige poeng og gode tankar, som er svært avhengige av tett samspel med kommunar/regionar i Vestland for å lukkast. Stad kommune ynskjer å utvikle tettstadane våre planmessig og strukturer, med Nordfjordeid som kommunesenter med sterke regionale funksjonar både innanfor handel, tenester og offentleg tenesteyting - men også med planmessig utvikling av dei mindre tettstadane og knutepunkta i kommunane. Det er viktig for oss at ikkje Vestland lagar berre ein teoretisk «mal» for senterutvikling. Nye kommunar har gitt større avstand til nytt kommunesenter, og tidlegare kommunesenter har fått nye roller. Det vil ta tid før kommunane å tilpasse seg ny intern senterstruktur, og ein må planlegge for ein berekraftig desentralisert struktur. Her må kommunen og fylket samarbeide, og ny regional senterstruktur må tilpassast demografi og utfordringar på lokalt og regionalt nivå.

4. Klima og transport:

Vi deler dei høge klima- og miljøambisjonane til Vestland fylke, m.a. med mål om nullutslepp frå klima i 2030, men opplever samtidig at det er ein lang veg å gå før vi som kommune har eit kollektivtilbod og infrastruktur for gange-/sykkel i og rundt tettstadane som gjer det mogleg å nå målet om nullutslepp frå transport i vår kommune.

Særskilt er kollektivtilboden dårleg utvikla, og korrespondanse i kollektivtransporttilboden blir avgjerande for å kunne oppretthalde ei desentralisert og mangfoldig busetjing (barn og unge, innvandrar o.l.). Å finne nye, innovative og miljøvenlege løysingar for kollektivtransport blir viktig. Vi ynskjer å utfordre Vestland fylke på å samarbeide med Stad kommune om å finne ein samla modell tilpassa distrikts-Noreg for å nå mål om nullutslepp frå transport også i ein distrikts-kommune, og å samarbeide med Nordfjord-regionen om å få til modellar for eit meir framtidsretta og fleksibelt kollektivtilbod i Nordfjord. I begge tilfelle ser vi på bruk av ny teknologi, digitalisering og meir bruk av behovsprøvde/ fleksible ruter som heilt sentralt både for å redusere reisebehov og gjennomførre nødvendige reiseaktivitet på ein mest mogleg miljøvenleg måte.

Vi ynskjer også å samarbeide med Vestland fylkeskommune om å gjere reiselivet i Nordfjord grønt, mellom anna med å legge til rette for miljøomstiling av cruisenæringa med krav om landstraum i heile Vestland, utvikling av konsept for miljøvenleg transport på land etc.

5. Kulturminne og kulturbasert samfunnsutvikling

Kulturbasert næringsutvikling bygd på kulturarven bidreg ikkje berre til næringsutvikling, men er også viktig som ein del av ein stad sin identitet. Kulturarven er vår felles arv, og samarbeid på regionnivå er avgjerande for å kome fram til berekraftige løysingar for bruk og vern og fellesgodetiltak.

Stad kommune har gode erfaringar med å finne samarbeidsformer innanfor kulturområdet saman med fylkeskommunen, og ser det som viktig at prinsipp som samskaping, nytenking og fellesskap blir viktige framover. For Stad kommune sin del så ønsker vi å vere med å løfte Vestland som samfunn og som eit leidiande område for kulturbasert næringsutvikling. Det blir viktig å løfte fram Kystpilegrimsleia med nøkkelstadane og for Stad kommune sin del fyrtårn som Selja Kloster, Opera Nordfjord, Malakoff rockfestival, Vestkapp, Sagastad m.m.

5. Balansert areal- og ressursforvalting.

Vi er samde i at ei balansert areal- og ressursforvaltning både er viktig og krevjande for Vestland. Vi er samde i måla om ei langsiktig og balansert arealforvalting, men opplever i praksis mange døme på krevjande prosessar knytt til arealbruk opp mot fylkeskommunale/ statlege organ – der desse organa ofte i liten grad er samordna/koordinerte. Moglegheiter for spreiddbygd utbygging er viktig for å oppretthalde ein desentralisert struktur, og legge til rette for tilflytting. Skal ein ta heile regionen i bruk, må ein ha ein desentralisert bustadpolitikk som legg til rette for effektiv og berekraftig og

føreseieleg arealplanlegging. Dette er eit viktig og krevjande tema for mange distriktskommunar, som vi ynskjer å få til betre, meir føreseielege prosessar med opp mot fylkeskommune og regional stat. Kanskje må ein då også tenkje nytt i høve til byggemåte, storleik m.m. Ulike pilotprosjekt knytt til dette kunne vere interessant.

Stad kommune vil støtte opp under dei planlagde planrposessane i planstrategien, og meiner at dei nye planane gir grunnlag for å kople samfunnsutvikling og arealplanlegging på ein god måte. Det er viktig at ein ser arealplanar som verkty for å kunne gjennomføre ønskt samfunnsutvikling, og at ein difor heile vegen ser denne «raude tråden» og at også arealdelen blir ein måte å nå mål innanfor tema som bulyst, nærings- og besøksattraktivitet.

Når det gjeld næringsutvikling og tilhøvet til råstoffutvinning, så ser vi at det er behov for ein overordna plan for ressursuttak, byggjeråstoff og massehandtering.

Landbruket er også viktig for Stad, og også her vil det vere behov for strategiske analysar og på sikt ny regional plan. Denne må ikkje berre vere tilpassa klima og topografi, men også ta inn i seg nye innovative måtar å drive landbruk på, og korleis vi kan bruke gardenas ressursgrunnlag for næring. Kanskje kan ein også sjå ein slik plan i samanheng med samanhengande grønsstrukturar og utmarksområde.

6. Regionråd

Regionråda si rolle i høve til fylkeskommunen blir viktig framover. Dette bør peikast på i planen. Regionråda si rolle i høve til utøving samfunns- og næringsutviklarrolla på regionalt nivå, og felles strategisk tenking i samband med areal- og ressursforvaltning kan vere viktige tema framover.

Med venleg helsing

Kristine Dahl
kommunalsjef kultur og samfunn

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 20/16739 dersom du tek kontakt med oss.



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
146/20	Formannskapet	25.06.2020

Utviklingsplan for Vestland - høyringssvar frå Sunnfjord kommune, vedteke i formannskapet 25.06.2020

1. Førde er i dag den viktigaste regionbyen mellom Bergen og Ålesund. Førde skal fortsette å utvikle seg innan institusjonell kultursatsing, media, nynorsk, spesialhelsetenesta, utdanning og forsking, og statleg forvaltning på nasjonalt nivå. Sunnfjord kommune meiner dette representerer fortinn som er avgjerande for å spele på lag om ei best mogeleg utvikling for Vestland. For Sunnfjord kommune er det derfor svært viktig å ta ei regionalpolitisk rolle og vise fram potensiale for verdiskaping i Vestland.
2. Sunnfjord kommune vurderer elles satsingsområda og innretninga på utviklingsplanen for Vestland som konstruktiv og framtidsretta. Mål og strategiar samsvarer godt med arbeidet Sunnfjord kommune legg til grunn i arbeidet med eigen planstrategi og samfunnsplan.
3. Sunnfjord kommune saknar ein tydlegare strategi for korleis fylkeskommunen vil utøve rolla si som samfunnsutviklar. Dei nye kommunane vil i langt større grad enn tidlegare opptre som regionale utviklingsaktørar fordi vi har kapasitet, kompetanse og ønske om å arbeide regionalt.
4. Regionråda er viktige framover. Forholdet til Vestland fylkeskommune er heilt avgjerande her. Dette må kome tydlegare fram i utviklingsplanen.
5. Sunnfjord kommune støttar ambisjonen til Vestland fylkeskommune om å bli ein leiande kulturregion i landet. Her er det samstundes naturleg å peike på kultur-, medie- og nynorsklyngja i Førde. Vi saknar dette i planen. I tillegg etterlyser vi satsing på natur- og kulturbasert reiseliv i vår region.
6. Sunnfjord kommune vil vere ein av dei største landbrukskommunane i Vestland. Sunnfjord kommune vil rá til at det vert starta eit arbeid for ein eigen regional plan for landbruk i Vestland. Klima og topografi i Vestland er særmerkt og gjer at landbruket her står ovanfor andre utfordringar enn landbruket på flatbygdene.
7. Innan klima- og miljøsatsing må Vestland fylkeskommune vere med å etablere ein felles plattform basert på ei gjensidig forståring for utfordringane og korleis dei kan løysast i fellesskap, ikkje kvar for oss. Sunnfjord kommune ser òg behov for ein regional temaplan for naturfare som kan avklare korleis vi skal arbeide for å sikre busetnad og infrastruktur mot kjend naturfare. Ein temaplan kan utvikle felles

retningsliner for, og prioriteringar av, sikringstiltak på tvers av kommunar og regionar.

8. Sunnfjord kommune meiner vi treng ein eigen regional plan for «Ressursuttak, byggjeråstoff og massehandtering». Bakgrunnen er ei erkjenning av at vi har gjort oss totalt avhengig av mineral i alt vi gjer. Samstundes er etterspurnaden etter mineralske råstoff aukande i Europa og verda.
9. Bergen er viktig som regional drivkraft. Vi er samstundes òg heilt avhengig av ein funksjonell senterstruktur. Sunnfjord kommune vil føreslå ein eigen avtale for regionbyar, som Førde, etter modell av by-vekstavtalane.
10. Vestland fylkeskommune bør formulere ein strategi for å utvikle og ta i bruk teknologi som gjer det mogeleg å bu og arbeide "desentralisert". Vi kan utvikle eit samfunn der "fysiske/geografiske" dimensjonar blir mindre viktig.
11. Ein funksjonell og berekraftig transportstrategi er heilt avgjerande. Sunnfjord kommune meiner vi må sikre ein mest mogeleg effektiv og god samferdselkorridor langs Vestlandskysten gjennom E39.
12. Sunnfjord kommune er blitt ein stor vasskraftkommune på rein fornybar energi. Potensialet for utvikling av meir vasskraft er stort, og ber om ein eigen regional plan for utvikling av meir vasskraftsenergi som kan bli eit viktig bidrag på veg mot fornybarsamfunnet. Sunnfjord har etablert, og skal, vidareutvikle eit industriområde på Moskog som er kopla til sentralnettet. Dette gjev og store muligheter for utviklinga av energikrevjande industri- og teknologisatsing.

Utfyllande kommentarar

Kommunedirektøren vurderer satsingsområda og innretninga på utviklingsplanen for Vestland som både konstruktive og framtidsretta. Mål og strategiar samsvarer òg godt med Sunnfjord kommune sitt arbeid med eigen planstrategi og samfunnsplan. Dei 17 berekraftmåla til FN vil òg som i Vestland vere ein grunnleggande dimensjon ved Sunnfjord kommune sin samfunnsplan.

I det følgjande presenterer vi fleire innspel til planen. Dei svarer på ulike vis på dei spørsmåla fylkeskommune har stilt i samband med høyringa.

Kommune- og regionreform gir nye utfordringar og muligheter. Mange av utfordringane er overkommunale og må løysast regionalt. Utviklingsplanen svarer godt på dette. Klimautfordringar, beredskap, transport, relevant kompetanse, senterstruktur, og pandemiar vil vere særleg viktige regionale utfordringar.

Kommunedirektøren meiner med grunnlag i Sunnfjord kommune sin intensjonsavtale og arbeidet med verdiar og visjon at kommunen ønskjer å vere ein konstruktiv, synleg og aktiv samarbeidspart for å løyse dei utfordringane som planen peiker på.

Mål 1 Vestland som leiande verdiskapingsfylke - rolla som samfunnsutviklar
På generelt grunnlag saknar vi ein tydlegare strategi for korleis fylkeskommunen vil utøve rolla si som samfunnsutviklar. Utviklingsplanen presenterer utfordringane på

ein god og oversiktleg måte, men det manglar ein tydlegare profil på korleis fylkeskommunen og kommunane skal samhandle om utvikling. Det er her rolla som samfunnsutviklar kjem inn. Denne rolla handlar i særleg grad om samarbeid mellom likeverdige partar (regionale partnarskap) og samskaping.

Ein sentral dimensjon ved mål 1 i utviklingsplanen er styrking av regionen. Her er kommune- og regionreforma sentral. I vår region har vi fått færre og større kommunar gjennom samanslåingar til Kinn kommune, Stad kommune, Sogndal kommune og Sunnfjord kommune. Kommunedirektøren vil peike på at Sunnfjord kommune i langt større grad enn tidlegare ønsker å opptre som ein regional utviklingsaktør både fordi vi har kapasitet, kompetanse og ønskje om å arbeide regionalt.

Det er òg relevant å trekk inn regionråda si rolle som regional utviklingsaktør og som demokratisk faktor. Det går føre seg ein prosess i heile Vestland der vi ønskjer å sjå på kva rolle regionråda skal ha framover. Forholdet til Vestland fylkeskommune er heilt avgjерande her. Dette må kome tydlegare fram i utviklingsplanen.

Ein annan dimensjon er Vestland som leiande kulturregion. Her er det naturleg å peike på kultur-, medie- og nynorskklynga i Førde. Førde har relativt sett tett innslag av tilsette innan kultursektoren grunna den institusjonelle «kulturklynga» vi har med regionalteater, Kunstmuseum, Folkemuseum, internasjonal folkemusikkfestival, stort regionalt kulturhus, fylkesbibliotek og regional kulturskule. I tillegg kjem både medieverksemndene, forlag, kyrkja, skuleverket, for å nemne verksemder i randsona av kulturfeltet. Etableringa av direktorata Lotteri- og stiftelsestilsynet og Norec (tidlegare Fredskorspet) er òg relevant å nemne her.

Det er òg verdt å nemne at Sunnfjord kommune vil vere ein av dei største landbrukskommunane i Vestland. Landbrukspolitikken inneholder mange dimensjonar:

- sjølvforsyning og beredskap
- det reikt næringsmessige råvareproduksjon som grunnlag for treforedling og næringsmiddelindustri
- arealforvaltning,
- levande lokalsamfunn
- kulturlandskaps- og kulturminneverdiar. Dette har i tillegg ein reiselivsrelevans.
- naturmangfold. Mangelfullt avgjerdsgrunnlag om den samfunnsøkonomiske nytten kan føre til suboptimale løysingar i samfunnsplanlegginga.

Kommunedirektøren vil rá til at det vert starta eit arbeid for ein eigen regional plan for landbruk i Vestland. Klimaomstilling og –tilpassing i landbruksnæringa er naudsynt. Det er behov for regionale strategiar for å lukkast med dette. Klima og topografi i Vestland er særmerkt og gjer at landbruket her står ovanfor andre utfordringar enn landbruket på flatbygdene.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Kommunedirektøren saknar ein strategi for å skaffe meir kunnskap om dei verdiane vi skal forvalte (kartlegging og verdsetting av biologisk mangfold,

landskapsverdiar, frilufts- og reiselivsinteressene, naturfare).

Klima og miljø er naturleg nok ei like stor global utfordring som lokalt og regionalt. Den interkommunale planen for klimaomstilling i Sunnfjord der òg Flora kommune (Kinn kommune) var med, er eit særskilt godt døme på regionalt fleirnivåsamarbeid. Hos oss er klimaomstilling, naturleg nok, ei viktig utfordring. Særleg gjeld dette beredskap. Det vil vere openbart å samarbeide tett med Vestland om dette. Ein kritisk suksessfaktor vil vere å etablerer felles plattform basert på ei gjensidig forståring for kva som er utfordingane og korleis dei kan løysast i fellesskap, ikkje kvar for oss.

Kommunedirektøren vil vidare trekke fram spørsmål om mineralforvaltning. Det er tatt initiativ til å etablere eit eige mineralråd for heile Vestland fylke i tett samarbeid med fylkeskommunen. Spørsmål om mineralressursar er til ein viss grad omtala i utviklingsplanen under regional transportplan. Kommunedirektøren meiner vi treng ein eigen regional plan for «Ressursuttak, byggjeråstoff og massehandtering». Sekretariatet i mineralrådet, som Sunnfjord kommune er vertskap for, kan vere med å utarbeide ein slik plan. Bakgrunnen for forslaget er den erkjenning at vi har gjort oss totalt avhengig av mineral i alt vi gjer. Samstundes er etterspurnaden etter mineralske råstoff aukande i Europa og verda. Internasjonalt fokus på bruk av fornybar energi og elektrifisering av transportsektoren medfører ein radikal auke for mineralutvinning. Mineralforvaltning handlar òg om utnytting og forvaltning av store masseuttak. Ein eigen temaplan må fokusere på full utnytting av produserte overskotsmassar i frå gruver og masseuttak.

Kommunedirektøren ser også behov for ein regional temaplan for naturfare som kan avklare korleis vi skal arbeide for å sikre busetnad og infrastruktur mot kjend naturfare (jamfør NVEs faresonekartleggingar). Ein temaplan kan utvikle felles retningsliner for, og prioriteringar av, sikringstiltak på tvers av kommunar og regionar. Naturfarekartlegginga til NVE viser m.a. at skogen mange stader kan fungere som vern mot skred (mot busetnad og infrastruktur), men vi har ikkje etablert system som sikrar slik funksjon (retningsliner for skjøtsel av vernskog, verneskogforskrifter, e.l.).

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Vestland handlar i stor grad om gode lokalsamfunn, i mindre grad om store byar. Bergen er likevel særskilt viktig som regional drivkraft, også for oss i nordfylket. Men vi er heilt avhengig av ein funksjonell senterstruktur, basert på sterke og kompetente sentra, i samsvar med framlegget til utviklingsplanen. Byvekstavtalar er gunstige for dei store by-kommunane for å legge til rette for bærekraftige BAS-område. Tilsvarande avtale-ordningar finst ikkje for mellomstore byar som Førde. Førde var definert som fylkessenter i Sogn og Fjordane sin «Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur». Her er stor innpendling og dårleg kollektivtilbod frå omkringliggende bu-område.

I tillegg bør Vestland formulere ein strategi for å utvikle og ta i bruk teknologi som gjer det mogeleg og bu og arbeide "desentralisert". Vi kan utvikle eit samfunn der geografiske dimensjonar blir mindre viktig. Det vil seie utvikle infrastruktur, arbeidsmåtar og kompetanse som frigjer oss frå fysiske senter. Spreidd busetnad og verdiskaping kan også vere ein kvalitet som bør fremjast med omsyn til beredskapsomsyn og samfunnet sin motstandskraft mot pandemiar o.l., jamfør korona-pandemien.


Ein funksjonell og berekraftig transportstrategi er vidare heilt avgjerande. Kommunedirektøren meiner vi treng ein mest mogeleg effektiv og god samferdselkorridor langs Vestlandskysten basert på E39. Den må vi stå samla om og må inkludere heile Vestlandet, frå Kristiansand til Trondheim. Vestland fylkeskommune må sikre at heile Vestlandet står samla bak dette. Den regionale transportplanen er derfor eit av dei viktigaste tiltaka i Vestland.

Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Her vil kommunedirektøren spesielt framheve trangen for ein strategi for livslang læring og sikre relevant kompetanse basert på dei utfordringane vi har lokalt og regionalt. Det er heilt avgjerande å kunne tilby ein infrastruktur for vidaregåande utdanning som er berekraftig. Dette blir òg presisert i planen. Kommunedirektøren meiner Sunnfjord og Førde vil vere med å spele ei viktig rolle som ein sentral skulestad for vidaregåande opplæring. I høve ein temaplan for opplæringssektoren kan det vere eit behov at ein òg drøftar korleis vi utviklar fagutdanningar som høver til den klimaomstillinga som skal skje i (Vestlands-) samfunnet. Vi må òg nemne behovet for at ein innan vidaregåande opplæring framleis tar eit ansvar og har ein strategi for elevane sin psykisk helse.

Men planen må òg peike på verdien av dei fem campusane som Høgskulen på Vestlandet har, fordelt Stord, Bergen Sogndal og Førde, samt Haugesund, som ligg i Rogaland. Desse tilbyr særsviktige og arbeidsrelevante utdanningar innan opplæring, teknologi og helse- og sosial. Campusane må til ein kvar tid vere relevante og attraktive, og som vertskommunar må vi spele på lag med Vestland slik at vi utviklar tilboda i samsvar med etterspurnaden og behova.

Kommunedirektøren vil avslutningsvis peike på ei kjensle av ein viss ubalanse mellom nord og sør med omsyn til merksemd og potensiale for verdiskaping (Bergen, Bergensregionen eller Bergensområdet er nemnt 17 gongar. Hardanger, Sunnhordland, Haugalandet er nemnt fleire gongar. Sunnfjord eller ord med Sunnfjord i seg får null treff). For Sunnfjord kommune er det svært viktig å ta ei regionalpolitisk rolle og vise fram potensiale for verdiskaping i Vestland. Førde som regionby utviklar seg til å bli ei kultur-, forvaltning-, helse og kunnskapsklynge innan institusjonell kultursatsing, media, nynorsk, spesialhelsetenesta, utdanning og forsking, og statleg forvaltning på nasjonalt, og til dels internasjonalt, nivå. Dette meiner kommunedirektøren representerer fortinn som er avgjerande for å spele på lag om ei best mogeleg utvikling for Vestland.



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykker ref.
2020/1420

Vår ref.
20/4399-2 /INGAAR/20/18064

Arkiv:
FE-060

Dato
26.06.2020

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyring og offentleg ettersyn

Ullensvang kommune syner til høyring av Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.
Regional planstrategi
Referanse 2020/1420

Til planprogrammet

Høyringsforslaget til Utviklingsplanen inneheld mange gode mål, strategiar og planar. Dokumentet gjev inntrykk av det er gjort eit godt arbeid, med involvering av fleire aktørar og instansar. I samband med høyringa vil vi kome med følgande innspel:

Vi har inntrykk av at industrien si svært viktige rolle har blitt underkommunisert frå regionalt hald over lengre tid. Industrispørsmåla er svært viktige for Vestland som eit stort industri- og energifylke, og kan ikkje vera spreidde i ulike satsingar. Med dette oppmodar vi sterkt til at Utviklingsplanen for Vestland inneheld ei revidering av Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016-2025, slik at denne blir å gjelde for heile nye Vestland fylke. Strategien vil vera eit nyttig verkty for hjelpemiddelapparatet, som skal leggje til rette for verdiskaping i industriverksemder og hjå leverandørane til industriverksemndene i fylket. Det trengst ein aktiv regional og nasjonal industripolitikk.

Indre del av fylket har stor verdiskaping i form av vasskraft- og teknologibasert industri i tre nivå; energi, prosess og system, som igjen gir grunnlag for eit fjerde nivå, serviceindustri som heile fylket nyt godt av. Det er store potensiale i vidare utvikling av alle desse ledda.

I tillegg må dei andre bransjane viast stor merksemd, for å bygge opp under potensialet i spesielt fastlandsturismen, som saman med utvikling av lokal mat og drikke kan bygge saman heile fylket, og gje industrien naudsynte komplementære heilårs arbeidsplassar.

Det er naudsynt at alle andre bransjar utviklar seg og skapar komplementære arbeidsplassar, slik at rekruttering i til dømes industri kan kombinerast med løft i andre bransjar, som til dømes reiseliv, landbruk, havbruk og handel.

Det må utviklast ein eigen temaplan for landbruk. Dette må kome til syne i Utviklingsplanen for Vestland.

Regionane og kommunane i Vestland fylke har svært ulik næringsstruktur. Dette må det bli tatt hensyn til i plantema. Det er mest uråd og ikkje noko poeng i at alle skal utvikle seg likt. Med dette er det også viktig med ei fordeling av offentlege regionale arbeidsplassar i heile fylket, der offentleg tilsette er tettare på lokale verksemder, for slik å kunne skjøna kompliserte næringssystem og for å kunne skape og utvikle næringsstrukturar med mangfald. Slik vil desentraliserte offentlege funksjonar i større grad kunne tene heile fylket.

Det må gjennomførast ein grundig analyse over bransjar og næringar i heile fylket. Analysen må greie ut kva dei ulike bransjane gjev av sysselsetting, ringverknader, inntening i form av skattar og avgifter lokalt og nasjonalt. Dette vil gje oss ei betre forståing av kva bransjar og næringar som har stor betydning for samfunnet, og som vil trenge merksemd for å kunne sikre høg sysselsetting og ei framtidssretta utvikling. Samtidig er det stort potensiale for å få ut synergiar mellom bransjane, noko som må belysast i større grad, spesielt når det gjeld rekruttering.

Overordna planar må vera dynamiske nok til å fange opp brå og store endringar som me no møter. Slik sett kan det vera tenleg å utvikle ein strategisk handlingsmodell som tar høgd for ulike utviklingssenario.

Desentralisert næringsliv krev desentralisert utdanningstilbod. For mange verksemder i heile fylket er rekruttering av kvalifisert arbeidskraft ei av dei store utfordringane i åra framover. Med dette må fylkeskommunen ha stor merksemd på kompetanse og utdanning i heile fylket. Det er viktig å ta i vare og å utvikle lokale utdanningstilbod som matcher lokale verksemder sin etterspurnad. Det må og utviklast desentralisert utdanningstilbod med større fokus på høgare utdanning, språkopplæring og forsking lokalt og regionalt.

Det er særskilt viktig å legge til rette for større bu- og arbeidsregionar med fokus på effektiv og trygg arbeidspendling.

Det er viktig at andre regionale planar vert samordna med Utviklingsplanen.

Ullensvang kommune ynskjer å vera i tett dialog og samarbeid med Vestland fylke, og finn det viktig at fylkeskommunen legg til rette for god samskaping i tett dialog med dei lokale og regionale næringsorganisasjonane.

Signert ordførar Roald Aga Haug

Helsing

Inge Håvard Aarskog
næringssjef

Dette dokumentet er godkjend elektronisk.



Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

Referanser:

Dykkar:
Vår: 20/618 - 20/5723

Saksbehandlar:

Lin Tove Thomassen
lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Dato:

25.06.2020

MELDING OM VEDTAK - HØYRINGSUTTALE – UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND 2020-2024 - REF. 2020/1420

Saka er behandla i Kommunestyret 23.06.2020 - Sak 45/2020

Det er gjort slikt vedtak:**Høyringsuttale frå Vaksdal kommune**

Dei fire hovudmåla i utviklingsplanen, høver godt for Vaksdal kommune:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

- Vaksdal kommune ynskjer å leggje til rette for lokal verdiskaping, og vere ein sentral døropnar og portal både regionalt og nasjonalt.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

- Vaksdal kommune legg til rette for klimavenleg vasskraft, berekraftig matproduksjon, og legg til rette med gode rammevilkår for klima og miljø for lokalt næringsliv.



VAKSDAL KOMMUNE

Mål 3 *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i hele Vestland.*

- Vaksdal kommune verdset og tilrettelegg for sterke, attraktive bygder nært byen.

Mål 4 *Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping.*

- Vaksdal kommune er opptatt av å fremje like muligheter for alle i kvardagsliv og yrkesliv.

Alle dei regionale planane som det vert planlagt for i planperioden, har relevans for Vaksdal kommune. Dei nærmaste åra vil særleg planar knytt til samferdsel, transport og infrastruktur vere avgjerande for kommunen si utvikling og vekstpotensiale framover.

Rett utskrift:

Lin Tove Thomassen
Politisk sekretariat

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Kopi til:

Helge Berset

Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
17.06.2020	Wenche Hauglum	20/667 - 3	

MELDING OM VEDTAK

Innspel til utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Formannskapet - 062/20:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Vik kommune ser at det er gjort gode vurderinger i høve prioriteringar av kva regionale planar som skal reviderast og har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Samrøystes.

Med helsing

Øistein Edmund Søvik
Rådmann

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
062/20	Formannskapet	11.06.2020

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Turid Kristine Brekke	K1-120	20/667

Innspel til utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Rådmannen si tilråding

Vik kommune ser at det er gjort gode vurderinger i høve prioriteringar av kva regionale planar som skal reviderast og har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Formannskapet - 062/20

Plansjef Turid Kristine Brekke deltok under handsaming av saka.

Eivind Helleland sette fram følgjande framlegg til høyringssvar:

1. Vik kommune gjer framlegg om at det vert utarbeida ein regional plan for areal og transport i Sogn.
2. Vestland skal ha ambisjon om å styrka regionen ved utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo-området.

Røysting:

Dei to framlegga vart sett til røysting kvar for seg:

Framlegg nr 1 fall med 2 mot 3 røyster (Roy Egil Stadheim, Marta Vange og Aud Marit Berge Feidje).

Framlegg nr 2 fall med 2 mot 3 røyster (Roy Egil Stadheim, Marta Vange og Aud Marit Berge Feidje).

FS - vedtak:

Vik kommune ser at det er gjort gode vurderinger i høve prioriteringar av kva regionale planar som skal reviderast og har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Samrøystes.



Vedlegg Dokument dato	Tittel	DokID
14.05.2020	Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024	204052
14.05.2020	Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyringsforslag.pdf	204053

Kort samandrag

Vestland fylkeskommune har sendt «Utviklingsplan for Vestland» på høyring og offentleg ettersyn. Utviklingsplanen er ein regional planstrategi etter plan- og bygningslova §7-1. Utviklingsplanen definerer hovudmål for utviklinga av Vestland fylke, samt at den gjer greie for kva regionale planar som skal verta vidareført og kva regionale planar som skal bli utarbeidd i perioden 2020-2024.

Høyringsfristen er 28. juni 2020. Forventa vedtak i fylkestinget er 29-30. september.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningsloven.

Saksopplysningar

Fylkeskommunen (fk) ønskjer innspel på innhaldet og korleis vi i fellesskap kan oppfylle måla i Utviklingsplan for Vestland. Fk ynskjer også innspel på prioriteringane av regionale planar.

Kommune- og regionreforma har gitt oss eit nytt fylke: Vestland. I utviklingsplanen står følgjande:

Kommune- og regionreforma styrkar det lokale sjølvstyret og gir fylkeskommunane ei tydelegare rolle som samfunnsutviklarar. Dette inneber å gje tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga, mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og erkemiddelbruk. Den nye rolla til Vestland fylkeskommune er utmeisla i samfunnsoppdraget «Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta

Vestland». Fylkeskommunen vil legge vekt på verdiane «Kompetent», «Open» og «Modig» i arbeidet med å utvikle eigen organisasjon.

Utviklingsplanen har fire hovudmål:



Mål 1 *Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.*

Mål 2 *Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.*

Mål 3 *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.*

Mål 4 *Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping.*

I kapittel 4 i utviklingsplanen er det ein gjennomgang av planbehovet i perioden 2020-2024:

Regionale planar, punkt 4.1 utviklingsplanen:

Det er behov for revisjon av fleire regionale planar. Tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt fleire regionale planar som no skal reviderast saman til felles planar for Vestland fylke.

For Vik kommune, med fleire rasutsette fylkesvegar, er det verdt å merka seg at regional transportplan skal reviderast. Arbeidet er starta opp no i 2020. I utviklingsplanen står det fylgjande om regional transportplan: *Planen vert eit langsiktig strategisk styringsdokument for heile samferdselssektoren i Vestland. Planen femner om fylkesvegnett, kollektivtrafikk, trafikktryggleik, næringstransport og skredsikring. Regional transportplan legg føringar for fylkeskommunen sine prioriteringar i handlingsprogram og budsjettvedtak.*

Regional plan for kompetanse skal omhandle vidaregåande opplæring, vaksenopplæring m.m. Utviklingsplanen legg opp til revisjon for denne planen med oppstart i 2021. For Vik kommune er det interessant med revisjon etter fylkessamanslåinga med tanke på tilgang til vidaregåande opplæring i nabokommunane, både Sogndal og Voss, som tidlegare har lege i Hordaland fylke.

Oversikt over regionale planar og kva planar som skal reviderast og kva planar som skal vidareførast i perioden. Oversikten er henta frå utviklingsplan for Vestland (s. 36):





Tabell 2: Samla oversikt over regionale planar som skal reviderast og bli videreført i perioden:

Regional plan	Revisjon	Videreføring	Fase ut	Merknad
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	X			Oppstart 2020
Regional klimaplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for senterstruktur	X			Oppstart 2021
Regional transportplan	X			Oppstart 2020
Regional plan for kompetanse	X			Oppstart 2021
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	X			Oppstart 2021
Regional plan for vassforvalting Vestland	X			Under utarbeiding
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger		X		Vedtatt 2017
Strategisk plan for kysten (S&F)		X		Vedtatt 2018
Regional planar for folkehelse		X		Vedtatt 2014/15
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet		X		Vedtatt 2017
Regional plan for Nordfjella 2014-2025		X		Vedtatt 2014
Regional plan for Hardangervidda 2011-2025		X		Under revisjon
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)		X		Vedtatt 2012
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026		X		Vedtatt 2016
Regional plan for vindkraft (S&F)		X		Vedtatt 2011
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)		X		Vedtatt 2009/12

Temaplanar, punkt 4.2 i utviklingsplanen:

Oversikt over temaplanar, henta frå utviklingsplan for Vestland (s. 37):



Tabell 3: Oversikt over temaplanar

Temaplanar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland	X				
Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar 2002-2024			X		
Skulebruksplanar			X		
Strukturplan for tannklinikkar		X			
Forskningsstrategi for Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling
Strategi for grøn omstilling i Hordaland				X	Innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling
Hydrogenstrategi				X	Innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling
Kollektivstrategi				X	Innarbeidast som ein del av Regional transportplan
Strategi for innfartsparkering				X	Innarbeidast som ein del av Regional transportplan

Økonomiske konsekvensar

Ingen.

Vurdering

Rådmannen vurder at Utviklingsplan for Vestland er eit godt gjennomarbeidd plandokument. Når regionale planar skal reviderast i samsvar med utviklingsplanen er det viktig å følgja opp med relevante merknader i høyringsfasen.





Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2032 Høyringssvar frå Voss herad

Me syner til oversending datert 6. mai 2020.

Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 er tufta på FN sine berekraftsmål og planinnsats dei neste fire åra er prioritert i tråd med utfordringar fylket og regionane våre står i no. Mellom anna er det tatt omsyn til koronakrisa og kva effektar denne vil ha på kort og lang sikt for oss alle. Likeins er omsynet til klima og miljø lagt som premiss for samfunnsutviklinga i fylket. Andre tverrgåande tema som folkehelse, integrering og inkludering er og løfta opp som gjennomgående perspektiv i all regional planlegging.

Nyleg vedteken samfunnsdel i Voss herad nyttar FN sine berekraftsmål direkte under dei tre strategiane *attraktive Voss*, *inkluderande Voss* og *innovative Voss*. Vestland fylkeskommune sitt utkast til regional planstrategi er slik sett lett å kjenna seg att i. Fylkeskommunen si prioritering av planarbeid i neste fireårsperiode samstemmer godt med våre eigne utfordringar og målsetjingar for åra som kjem.

Vestland fylkeskommune må sjå dei moglegheiter som er for å byggja oppunder attraktive regionar/kommunar i heile fylket. Eit viktig ledd i det er å laga ein god regional distriktpolitikk der ein i større grad legg til rette for aktivitet i heile fylket gjennom digitale løysingar. Vestland fylke må gå føre og legga til rette for fleksible arbeidstilhøve gjennom auka bruk av digitale løysingar. På same vis kan Vestland fokusera på korleis ein i framtida kan legga til rette for desentraliserte høgskuleutdanninger i store delar av fylket. Dette handlar om å ta i bruk ny teknologi og legge til rette for eit meir fleksibelt utdanningssystem og arbeidsliv. Dette bør koma fram i Vestland fylke sitt planarbeid.

Vidare er det relevant å trekka fram fylgjande viktige satsingsområde for Voss:

- Klimatilpassing, særlig med fokus på flaum og flaumsikring.
- Tryggja veg og bane.
- Kort- og langtidseffektar av korona – både kva gjeld næringsliv/reiseliv og kommuneøkonomi.
- Utfordringar knytt til auka økonomisk og sosial ulikskap.
- Avveginga naturmangfold - framtidig arealbruk.

Arbeidet som Vestland fylkeskommune tek initiativ til vil innebera at me får på plass eit heilskapleg indikatorsystem til å følga opp arbeidet med å nå dei mange berekraftsmåla. Dette vil vera nyttig også for heradet sitt arbeid med å følgja opp mål i eigen kommuneplan.

Voss herad ynskjer lukke til med den regionale planstrategien, og bidreg gjerne vidare i dei mange planprosessane og i arbeidet med å få på plass berekraftsindikatorar for Vestland.

Med helsing

Hans- Erik Ringkjøb, Ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Fra: Rune Landro (Rune.Landro@oygarden.kommune.no)

Sendt: 19.06.2020 13:20:32

Til: Vestland fylkeskommune

Kopi:

Emne: Høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland frå Øygarden kommune. Dykkar referanse: 2020/1420

Vedlegg: Høyring frå Øygarden - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 .docx

Dykkar ref: 2020/1420

Hei.

Øygarden kommune ønskjer å gje uttale til Utviklingsplan for Vestland. Eg legg ved heile saksutgreiinga slik den vart behandla og gitt støtte til av eit samråysta kommunestyre i møte 18. juni 2020.

Hovudpunktene i uttalen vert gjengitt under:

Samråysta vedtak:

Kommunestyret vedtar å gje uttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 i tråd med saksutgreiinga der ein peikar på følgjande hovudpoeng:

- Det er positivt at ein knyter Utviklingsplanen til FN sine berekraftsmål, og ein bør utvikle berekraftsindikatorar som også kan brukast lokalt
- Ein bør vurdere å bruke målformuleringar som er meir målbare
- Ein bør gjere det tydeleg at ein støttar opp om kommunane som lokal arealmyndighet
- Ein bør vurdere strategiane i lys av fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og bli tydelegare på når fylkeskommunen har ei aktiv rolle, og når rolla er av meir rådgjevande/ støttande karakter
- Kommunen ønskjer at verktøy som regional areal- og transportplan, plan for senterstruktur og utviklingsmidlar blir løfta sterkare fram som verkemiddel som kan støtta kommunane i lokalsamfunnsutviklinga
- Kommunen har forventning om at fylkeskommunen stiller opp som positiv samarbeidspart i dei store sakene som er viktige drivrarar for utvikling av kommunen
- Tematikken digitalisering bør løftast tydelegare fram i Utviklingsplanen
- Ein ønskjer at fylkeskommunen planmessig følgjer opp ansvaret for å etablere ein god, framtidsretta og lokaltilpassa vidaregåande skule på Straume
- Ein bør få tydelegare fram utfordringane knytt til forventa sterk auke i tal eldre 80+ og forventa mangel på helsepersonell, og bør vurdere om det er behov for eigen plan for helse- og velferdstenester
- Ein bør forsterke og utvide målsetjinga om å mobilisere frivilligheita i samfunnsutviklinga
- Tematikken kring forureining i havet bør få større plass i planen
- Omgrepet kystkultur er ikkje nemnt i planen. Det bør løftast fram då kystkulturen er felles for fylket vårt, og dette kan knytast til tema som omstilling, grøn konkurransekraft og etreprenørskap
- Høyringsfristen for eit så omfattande dokument er for kort og burde ha vore sett til over sommaren.

Vennleg helsing



Rune Landro

Assisterande kommunalsjef Kultur og samfunn
+47 56 38 54 02 | +47 938 17 044
www.oygarden.kommune.no

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	18.06.2020	114/20

Høyring - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Samandrag:

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 30. april å sende Utviklingsplan for Vestland på høyring og offentleg ettersyn. Utviklingsplanen er ein regional planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1. Høyringsfrista er 28. juni 2020.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyringsforslag.pdf

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtar å gje uttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 i tråd med saksutgreiinga der ein peikar på følgjande hovudpoeng:

- Det er positivt at ein knyter Utviklingsplanen til FN sine berekraftsmål, og ein bør utvikle berekraftsindikatorar som også kan brukast lokalt
- Ein bør vurdere å bruke målformuleringar som er meir målbare
- Ein bør gjere det tydeleg at ein støttar opp om kommunane som lokal arealmyndighet
- Ein bør vurdere strategiane i lys av fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og bli tydelegare på når fylkeskommunen har ei aktiv rolle, og når rolla er av meir rådgjevande/støttande karakter
- Kommunen ønskjer at verktøy som regional areal- og transportplan, plan for senterstruktur og utviklingsmidlar blir løfta sterkare fram som verkemiddel som kan støtta kommunane i lokalsamfunnsutviklinga
- Kommunen har forventning om at fylkeskommunen stiller opp som positiv samarbeidspart i dei store sakene som er viktige drivarar for utvikling av kommunen
- Tematikken digitalisering bør løftast tydelegare fram i Utviklingsplanen
- Ein ønskjer at fylkeskommunen planmessig følgjer opp ansvaret for å etablere ein god, framtidsretta og lokalttilpassa vidaregåande skule på Straume
- Ein bør få tydelegare fram utfordringane knytt til forventa sterk auke i tal eldre 80+ og forventa mangel på helsepersonell, og bør vurdere om det er behov for eigen plan for helse- og velferdstenester

- Ein bør forsterke og utvide målsetjinga om å mobilisere frivilligheita i samfunnsutviklinga
- Tematikken kring forureining i havet bør få større plass i planen

Saksopplysningar:

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 30. april å sende Utviklingsplan for Vestland på høyring og offentleg ettersyn. Utviklingsplanen er ein regional planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1. Høyringsfrista er 28. juni 2020.

Fylkeskommunen ber om innspel på innhaldet i Utviklingsplanen, og spesielt på prioriteringa av regionale planar.

Utviklingsplanen legg FN sine berekraftsmål til grunn og tar utgangspunkt i 10 utfordringar for fylket og regionane: 1. Klimaomstilling, 2. Balansert areal- og naturressursbruk, 3. Gode transportsamband og smart mobilitet, 4. Grøn konkurranseskraft, 5. Digitalisering av samfunnet, 6. Relevant kompetanse og kunnskap, 7. Attraktive stader og gode nærmiljø, 8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv, 9. Eit likeverdig samfunn, 10. Ungdom – trivsel og tilhøyre.

Utviklingsplanen har fire hovudmål med tilhøyrande strategiar, for utviklinga av Vestland fylke:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Strategiar:

1. Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.
2. Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.
3. Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.
4. Vestland fylke skal aktivt söke dei moglegitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Strategiar:

- 2.1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
- 2.2. Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.

Strategiar:

- 3.1. Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 3.2. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- 3.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Strategiar:

- 4.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- 4.2. Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- 4.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Økonomiske konsekvensar:

Vert ikkje vurdert i denne høyringa.

Vurdering:

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er eit overordna strategidokument som skal vise retning og synleggjere nokre hovudprioriteringar i utviklinga av samfunnet. Det er positivt at ein legg FN sine berekraftsmål til grunn, det gjer også Øygarden kommune i sitt arbeid med planstrategi. Samtidig må ein ta med seg ei bekymring frå forskarhald om at omgrepet «berekraft» kan bli utvatna til å omfatte «alt», og dermed miste si kraft som grunnlag for å prioritere det eine framfor det andre. Det er også viktig å vere merksam på at høg måloppnåing på eitt berekraftsmål kan medverke til redusert måloppnåing på eit anna berekraftsmål. T.d. kan måloppnåing innan økonomisk vekst ha negativ påverknad på målet om å stoppe klimaendringane. Utviklingsplanen omtalar at ein vil utvikle berekraftsindikatorar i Vestland. Det er viktig at desse indikatorane også kan nyttast på lokalt nivå ute i kommunane, og at ein gjerne følgjer opp med ein plan som gjer det lettare for kommunane å samarbeide på tvers om berekraft og innovasjon.

Det er ei utfordring med eit overordna strategidokument at ein kan bli så overordna og generell i formuleringane at retninga blir uklar og prioriteringane vanskeleg å finne. Når ein i første hovudmål skriv at Vestland skal vere nasjonal pådrivar for eit «regionalisert og desentralisert Noreg», er det ikkje eintydig kva som meinast med dette. Omgrepa regionalisert og desentralisert kan oppfattast som å peike i kvar si retning. Hovudmål 2 og 3 kan også setjast opp mot kvarandre. «Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling» legg gjerne føringar i retning av sentralisering og fortetting av bumiljø, medan «Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland» kanskje gir støtte til tradisjonell spreitt busetnad i større og mindre grender. Betyr det at fylkeskommunen vil gje støtte til kommunale planar som vil ivareta begge desse strategiane, slik det står i eitt av hovudmåla i intensjonsavtalen for den nye Øygarden kommune, - «Heile kommunen skal takast i bruk med levande lokalsamfunn og eit mangfaldig kommunesenter»?

Ei anna utfordring med overordna og generelle målformuleringar er korleis ein skal kunne måle om ein når måla. Målformuleringane bør kanskje operasjonaliserast meir. I strategiane brukar ein gjerne ord som at fylkeskommunen skal «medverke til», «skal fremje», «skal utvikle», «skal sikre» og

«skal vere ein pådrivar for», utan at det er tydeleg på kva måte ein skal arbeide for å lukkast med dette.

Tydelegare om fylkeskommunen si rolle

Fordi det er ei uklar samanheng mellom dei strategiane som er peika ut og fylkeskommunen sitt ansvars- og påverknadsområde, blir fylkeskommunen si rolle totalt sett utsøydeleg. Det er ønskjeleg at ein får tydelegare fram når har fylkeskommunen ei aktiv rolle, og når er denne rolla av meir rådgivande/ støttande karakter. I strategi 3.1 heiter det t.d. at «Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.» Det er ikkje fylkeskommunen si rolle å sjølv byggja bustader eller utvikle levande lokalsamfunn, dette er det kommunane som står for.

Det som er viktig for Øygarden, er at fylkeskommunen speler på lag med kommunen, og involverer kommunen i arbeid med planar som vedkjem kommunen sine interesseområde og myndigheitsområde. Kommunen er lokal planmyndighet, og ønskjer at fylkeskommunen skal spele på lag på dette området, og ikkje agere som ein «overkommune» som set unødvendige begrensingar på ei utvikling som ein måtte ønske lokalt.

Gjennom mellom anna regional areal- og transportplan, plan for senterstruktur og utviklingsmidlar har fylkeskommunen nokre verktøy og verkemiddel som kan støtta kommunane i

lokalsamfunnsutviklinga. Me skulle gjerne sett at desse verktøya og verkemidla vart løfta fram og fekk ein større plass i utviklingsplanen.

Heilt konkret ønskjer ein at fylkeskommunen støttar opp om dei viktigaste drivarane for utvikling i Øygarden:

- Eit effektivt veg og kommunikasjonssamband konkretisert gjennom Sotrasambandet og nye vegar i nord-syd aksen
- Realisering av ny godshavn på Ågotnes
- Realisering av CCS-anlegget i Naturgassparken nord i kommunen
- Utvikling av byvekstavtalen for Bergen og omegnksommunane

Marine næringar

Øygarden kommune har ambisjon om å vere eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknologi, energi og marine næringar. Ein er derfor glad for målsetjinga om å vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Det går likevel ikkje fram av utviklingsplanen korleis fylkeskommunen vil arbeide for å nå denne målsetjinga og korleis fylkeskommunen vil bidra til positiv utvikling ute i kommunanen. Øygarden er delvis i gul sone og delvis i raud sone når det gjeld oppdrettsnæringa. Dette legg begrensingar for utvikling av næringa. Det bør gå fram av planar som fylkeskommunen utarbeidar korleis ein vil bidra til ei positiv utvikling på dette området.

Digitalisering

Det blir fleire stader i planstrategien snakka om kor viktig digitalisering vert. Under *PLANBEHOV I PERIODEN 2020-2024*, vert det likevel ikkje peika på nokon plan/strategi for digitalisering. DigiVestland er eit døme på eit samarbeid som bør styrkast, slik at det offentlege raskare kan få både teknologi, kunnskap og arenaer som sikrar god, effektiv og berekraftig utvikling av kvar einaste kommune. Då trengs det mykje større grad av samhandling og deling av nettverk, kompetanse og ressursar mellom kommunane. DigiVestland, dersom det vert vidareutvikla, kan bli eit godt døme på korleis store system enklare vert tatt i bruk i kvar enkelt kommune, samt sikre at lokale behov blir fanga opp. Tematikken digitalisering og samhandling/ samskaping bør difor flaggast sterkare i Utviklingsplanen.

Utdanning

Under mål 4 står det at «kompetanse og kunnskap er nøkkelfaktorar for utvikling, både for den einskilde og for samfunnet». Øygarden er opptatt av at barn og unge har eit godt opplæringstilbod frå barnehage til høgare utdanning. Gjennom prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune» (der også fylkeskommunen har vore med) har ein m.a. arbeidd med tema inn mot ny vidaregåande skule. Det er eit håp og ønskje om at fylkeskommunen i sine planar følgjer opp idéane om å etablere ein vidaregåande skule som er tilpassa lokale behov, og som har utvida funksjonar og tilknytingspunkt inn mot både lokalt næringsliv og kommunale tenester. Dette vil i tilfelle passe godt som oppfølging av formuleringa i utviklingsplanen som seier: «Opplæringstilbodet skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv både i privat og offentleg sektor, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn.» På området utdanning bør også lærlingeordninga komme betre fram.

Utfordring knytt til demografiske endringar

Kommunedirektøren meiner at situasjonen med forventa sterk auke i tal eldre 80 +, forventa stor mangel på helsepersonell, ei forventning om at kommunen helst skal oppretthalde tenestenivå som før og i tillegg overta tenester gjennom samhandlingsreform – ikkje vert framheva nok som stor utfordring for regionen i åra som kjem. I forlenginga av dette stiller kommunedirektøren spørsmål ved om plan om folkehelse (som primært skal rette seg mot barn, unge), plan om transport, plan om kompetanse eller strategi om aldersvennleg samfunn eller digitalisering i tilstrekkelig grad tek opp i seg desse utfordringane som regionen og kommunane står overfor knytt til demografiske endringar og arbeidskraft. Kanskje er det behov for eigen plan for helse og

velferdstenester - for alle innbyggjarar, primært retta mot eldre?

Utviklingsplanen omtalar frivillig sektor i samband med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Det er rett å peike på frivilligheita som viktig samarbeidspart i nærmiljøa i samband med desse saksområda. Samtidig bør mobilisering av frivillig sektor løftast fram også i andre sektorar, ikkje minst innanfor helse- og omsorg. Det er rimeleg sikkert at det offentlege åleine ikkje vil kunne handtere utfordringane knytt til m.a. dei demografiske endringane som nemnt over, utan gjennom eit sterkt frivillig innslag. Dette bør fylkeskommunen ta opp i sine planar.

Det grøne skiftet

Fleire kommunar er sterkt avhengige av petroleumsnæringa, som mange stadar fungerer som ein type «hjørnesteinsbedrift». Det er stor usikkerheit til korleis framtida til petroleumsverksemda vil sjå ut, samt at det er i mykje større grad enn tidlegare fokus på grøn berekraft. Då trengs det ein betre langsigting plan som kommunane i Vestland kan lene seg på. Det er difor viktig at dette vert sett opp som Temaplan i planbehova. Det bør også, ut i frå krafta som ligg i tematikken Plast i havet, rettast større trykk opp mot å satsa på tiltak innafor dette temaet. Skal Bergen/Vestland «eige» dette tema – noko plastkval, forskingsinstitusjonar, organisasjonar, grøn næring etc tenkjer, så må Vestland koordinera i større grad. Dette kan vera viktig for å få den krafta Vestland fylkeskommune ønskjer opp mot nasjonalt nivå, for å sikra ressursar. Tematikken HAV bør difor flaggast endå meir.

Oppsummering og konklusjon

- Det er positivt at ein knyter Utviklingsplanen til FN sine berekraftsmål, og ein bør utvikle berekraftsindikatorar som også kan brukast lokalt
- Ein bør vurdere å bruke målformuleringar som er meir målbare
- Ein bør gjere det tydeleg at ein støttar opp om kommunane som lokal arealmyndigkeit
- Ein bør vurdere strategiane i lys av fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og bli tydelegare på når fylkeskommunen har ei aktiv rolle, og når rolla er av meir rådgjevande/støttande karakter
- Det er ønskjeleg at verktøy som regional areal- og transportplan, plan for senterstruktur og utviklingsmidlar blir løfta sterkare fram som verkemiddel som kan støtta kommunane i lokalsamfunnsutviklinga
- Det er ønskjeleg at fylkeskommunen stiller opp som positiv samarbeidspart i dei store sakene som er viktige drivrarar for utvikling av kommunen
- Tematikken digitalisering bør løftast tydelegare fram i Utviklingsplanen
- Det er ønskjeleg at fylkeskommunen planmessig følgjer opp ansvaret for å etablere ein god, framtidsretta og lokalttilpassa vidaregåande skule på Straume
- Ein bør få tydelegare fram utfordringane knytt til forventa sterk auke i tal eldre 80+ og forventa mangel på helsepersonell, og bør vurdere om det er behov for eigen plan for helse- og velferdstenester
- Ein bør forsterke og utvide målsetjinga om å mobilisere frivilligheita i samfunnsutviklinga
- Tematikken kring forureining i havet bør få større plass i planen

Vedtak i kommunestyret 18.06.2020:

Kommunestyret vedtar å gje uttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 i tråd med saksutgreiinga der ein peikar på følgjande hovudpoeng:

- Det er positivt at ein knyter Utviklingsplanen til FN sine berekraftsmål, og ein bør utvikle berekraftsindikatorar som også kan brukast lokalt
- Ein bør vurdere å bruke målformuleringar som er meir målbare
- Ein bør gjere det tydeleg at ein støttar opp om kommunane som lokal arealmyndigkeit
- Ein bør vurdere strategiane i lys av fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og bli tydelegare

på når fylkeskommunen har ei aktiv rolle, og når rolla er av meir rådgjevande/ støttande karakter

- Kommunen ønskjer at verktøy som regional areal- og transportplan, plan for senterstruktur og utviklingsmidlar blir løfta sterkare fram som verkemiddel som kan støtta kommunane i lokalsamfunnsutviklinga
- Kommunen har forventning om at fylkeskommunen stiller opp som positiv samarbeidspart i dei store sakene som er viktige drivrarar for utvikling av kommunen
- Tematikken digitalisering bør løftast tydelegare fram i Utviklingsplanen
- Ein ønskjer at fylkeskommunen planmessig følgjer opp ansvaret for å etablere ein god, framtidsretta og lokaltilpassa vidaregåande skule på Straume
- Ein bør få tydelegare fram utfordringane knytt til forventa sterk auke i tal eldre 80 + og forventa mangel på helsepersonell, og bør vurdere om det er behov for eigen plan for helse- og velferdstenester
- Ein bør forsterke og utvide målsetjinga om å mobilisere frivilligheita i samfunnsutviklinga
- Tematikken kring forureining i havet bør få større plass i planen

Tilleggsforslag frå Arbeidarpartiet som også vart vedtatt samrøystes:

- Visjonen, som vart vedteken, byggjer på ein felles kultur og identitet for fylket. Den langsigtige visjonen er nyskapande og berekraftig. I planen finn ein ikkje ordet kystkultur. Kystkulturen er felles for fylket vårt med båtar, sjø, naust, rekreasjon, og all maritim næringsaktivitet inkluder turisme og andre aktivitet mot sjøen og kysten. Kysten har titusental av naust og andre bygg som det i dag ikkje er næringsaktivitet i. Desse er eit regionalt fortrinn, slik planen vektlegg. Ved å ta desse bygningane i ny bruk kan vi skapa ny aktivitet og arbeidsplassar. Det byggjer også på hovedmåla i planen som omstilling, grøn konkurranseskraft og entrepenørskap.

Høringsfristen for et så omfattende dokument er for kort og burde ha vært utsatt til over sommeren.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/20	Formannskapet	30.06.2020

Sakshandsamar: Jorunn Teigen
Hellem

Arkiv: K2-L12

Arkivsaksnr. 20/1091 -
20/7866

Innspel til Høyring - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi

Saka gjeld

Vestland Fylkeskommune har sin regionale planstrategi ute på høyring. Den vert kalla «Utviklingsplan for Vestland».

Årdal kommune har fått utsett høyringsfrist til etter møte i formannskapet, 30 juni 2020.

Bakgrunn

Plan- og bygningslova seier at fylkeskommunane minst ein gong i kvar valperiode skal lage ein langsigktig regional planstrategi. Denne planstrategien er no sendt til kommunane på høyring, og vert kalla Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024.

Fylkeskommunen ønskjer høyringspartane sitt syn på:

- Bidreg utviklingsplanen til å gje ei tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland?
- Bidreg planen til å styrke det lokale sjølvstyret?
- Bidreg planen til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit nytt fylke?
- Er planen et godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?
- Bidreg overordna mål for samfunnsutviklinga til å møte utfordringar og utviklingsmoglegheiter som kjem fram i kunnskapsgrunnlaget?
- Er strategiane veleigna til å nå måla?

Forslag til innspel har vore sendt ut til medlemer i Formannskapet, leiarane i dei politiske utvala og Årdal Utvikling. Det har til no ikkje kome innspel på endringar.

Juridisk vurdering

Når planen er vedtatt, skal både kommunane og statlege og regionale organ legge han til grunn for planlegginga si.

Tilråding:

Årdal kommune gjev dette som sitt innspel til Utviklingsplan for Vestland. Regional planstrategi:

- Årdal komune meiner at intensjonen om å skape ein felles kultur og intensjon i det nye fylket er god.
- Planen bidreg til å styrke det lokale sjølvstyre. Dette er spesielt vektlagt undet mål 3 sine strategiar som seier at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- Planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit nytt fylke. Det blir lagt vekt på like mogelegheiter til å delta i verdiskapning i mål 4. Det er viktig at opplæringstilbodet som beskreve i utviklingsplanen skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv både i privat og offentleg sektor, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn.
- Planen har ein oversiktleg og fornuftig plan for vidare planbehov i fylket. Planen er eit godt verktøy for å samordna offentleg innsats og verkemiddelbruk. Den legg grunnlaget for utviklinga Vestland ønsker i framtida.
- Det er positivt at det vert sett fokus på digitalisering og bruk av IKT for mogelegheiter til mindre klimagassutslepp og betre miljø. Det er ei vidareføring av den auken i IKT-kompetansen som er følgje av koronapandemien.

Årdal kommune viser til punkt 3 i kapittel 1.3 om utfordringar i fylket. Det bør leggast til rette for ei forenkling av bruk av kollektiv transport inn til dei store byane for forbrukaren i distrikta. Ved å sørge for at ein brukar frå distriktet kjem seg til dei store byane i fylket utan byte av kollektivt transportmiddel kan ein få eliminert ein del biltransport, som kan sjåast i samanheng med mål 2.

- Planen bidreg til ei god og tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland og det er gode strategiar for å nå hovudmåla i planen.

30.06.2020 Formannskapet

Hilmar Høl, AP kom med framlegg om nytt punkt:

Det er eit stort potensial for vekst i næringslivet som tek del i det grønne skiftet.

Industrispørsmåla er svært viktige for Vestland som eit stort industri- og energifylke. Det trengst ein aktiv regional og nasjonal industripoiltikk. Vi oppmodar om at Industristrategien

for Sogn og Fjordane 2016-2025 blir ein del av planen for innovasjon og næringsutvikling, slik at denne blir å gjelde for heile nye Vestland fylke. Strategien vil vera eit nyttig verktøy for hjelphemiddelapparatet, som skal leggje til rette for verdiskaping i industriverksemder og hos leverandørane til industriverksemduene i fylket.

Tilråding med tilleggsframlegg vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap-088/20 Vedtak:

Årdal kommune gjev dette som sitt innspel til Utviklingsplan for Vestland. Regional planstrategi:

1. Årdal kommune meiner at intensjonen om å skape ein felles kultur og intensjon i det nye fylket er god.
2. Planen bidreg til å styrke det lokale sjølvstyre. Dette er spesielt vektlagt undet mål 3 sine strategiar som seier at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
3. Planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggje eit nytt fylke. Det blir lagt vekt på like mogelegheiter til å delta i verdiskapning i mål 4. Det er viktig at opplæringstilbodet som beskreve i utviklingsplanen skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv både i privat og offentleg sektor, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn.
4. Planen har ein oversiktleg og fornuftig plan for vidare planbehov i fylket. Planen er eit godt verktøy for å samordna offentleg innsats og verkemiddelbruk. Den legg grunnlaget for utviklinga Vestland ønsker i framtida.
5. Det er positivt at det vert sett fokus på digitalisering og bruk av IKT for mogelegheiter til mindre klimagassutslepp og betre miljø. Det er ei vidareføring av den auken i IKT-kompetansen som er følgje av koronapandemien.
6. Årdal kommune viser til punkt 3 i kapittel 1.3 om utfordringar i fylket. Det bør leggast til rette for ei forenkling av bruk av kollektiv transport inn til dei store byane for forbrukaren i distrikta. Ved å sørge for at ein brukar frå distriktet kjem seg til dei store byane i fylket utan byte av kollektivt transportmiddel kan ein få eliminert ein del biltransport, som kan sjåast i samanheng med mål 2.
7. Planen bidreg til ei god og tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland og det er gode strategiar for å nå hovudmåla i planen.
8. Det er eit stort potensial for vekst i næringslivet som tek del i det grønne skiftet. Industrispørsmåla er svært viktige for Vestland som eit stort industri- og energifylke. Det trengst ein aktiv regional og nasjonal industripoiltikk. Vi oppmodar om at Industristrategien for Sogn og Fjordane 2016-2025 blir ein del av planen for innovasjon og næringsutvikling, slik at denne blir å gjelde for heile nye Vestland fylke. Strategien vil vera eit nyttig verktøy for hjelphemiddelapparatet, som skal leggje til rette for verdiskaping i industriverksemder og hos leverandørane til industriverksemduene i fylket.

Vedlegg:

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyring og offentleg ettersyn.pdf
Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyringsforslag.pdf

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Uttale vedr - Høring og offentlig ettersyn - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Vi viser til deres brev av 06.05.2020 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 21.06.2019 jf. § 4 fra Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje, og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann.

Vurdering av planforslaget

Hfl. bestemmer at tiltak som kan påvirke sikkerheten, ferdselet eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvannet, ikke kan etableres uten tillatelse, jf. hfl. § 14 første ledd. Søknadsplikten gjelder både på sjøen, på land og i luften samt midlertidige og varige tiltak.

Det innebærer at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller ferdselet i sjøområdet krever tillatelse fra BF IKS. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes. Søknadsskjema er til orientering tilgjengelig på bergenhavn.no under «søknad om tiltak i sjø».

Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, vi presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.

I tillegg til å ivareta lovens formål i hfl. § 1, tar BF IKS hensyn til blant annet fiskeriinteresser samt naturmangfoldloven og vannforskriften § 12. Vi gjør oppmerksom på at Fiskeridirektoratet bør høres ved saker som berører fiskeriinteresser.

Videre opplyses det at Kystverket skal behandle søknader om tiltak i hoved- og biled, i kommunens sjøområde når tiltaket kan påvirke sikkerheten eller ferdselet i hoved- og eller biled, tiltak som kan påvirke forsvars- eller beredskapsinteresser uavhengig av plassering, i

farvannet fra 1 nautisk mil utenfor grunnlinjen og til 12 nautiske mil, og om tiltak som er angitt i § 14 tredje ledd uavhengig av hvor de skal settes i verk.

Med hilsen

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Hanne Gunnarskog - saksbehandler

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN
Norge

Vår sakshandsamar
Merete Støring/Maria M. Skjold
+47 95947437/93493078

Vår dato
24.06.2020
Dykkar dato
06.05.2020

Vår referanse
20/00432-2
Dykkar referanse

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyring og offentleg ettersyn

Vi syner til motteke e-post datert 13. mai der de sender framlegg til utviklingsplan for Vestland 2020-2024 på høyring. Arbeidsutvalet i Hordaland Bondelag og Sogn og Fjordane Bondelag har drøfta saka i felles møte i arbeidsutvala den 26. juni. Dei to Bondelaga i Vestland vil kome med følgjande innspel i saka.

Vi set pris på at fylkeskommunen innleiingsvis omtalar lokal matproduksjon som ein bidragsytar til grøn konkurranseskraft ved å sikre matjord for framtida, redusere utslepp, tek i vare kulturlandskap og gjev sysselsetting deler av fylket som har trong for tilflytting. Landbruk står også for ei stor verdiskaping med mange økonomiske ringverknader i svært mange av kommunane i Vestland. I mange bygder er landbruket svært viktige, for ikkje å seie avgjerande, for transport, handverkarar og andre tenesteytande verksemder. Særleg i regionane Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Voss og i Hardanger. Men også i Bergen skapar landbruket og matproduksjonen mange arbeidsplassar i tilknyting til næringsmiddelindustrien og transportsektoren. Vi nemner til dømes Tine sitt nye meierianlegg på Flesland. Viktig at dette kjem tydelegare til uttrykk i ein slik regional utviklingsplan. Landbruket set med andre ord sine tydelege spor i heile fylket.

Medan distriktslandbruket er viktig for levande bygder og auka norsk matproduksjon, kan det bynære landbruket gi byfolket lokal matforsyning, kunnskap om kor maten kjem frå, naturmangfold og grøne lunger. Bergen har også ein eigen Bybonde, som gjennom kurs, dyrkingsprosjekt og nettverksbygging bidrar til auka livskvalitet for innbyggjarane. Bybonden har hatt oppnådd mykje i Bergen, mellom anna dyrkingsprosjekt i det offentlege rom, burettslag, gater, skuler og barnehagar. Dyrkingsglede og meistring medverkar til sosial blanding og integrering, og er både helsefremjande og inkluderande. Prosjektet Bybonden kan vere aktuelt i andre byar og tettstader.

Utfordringane i Vestland er svært ulike for den urbane delen av fylket og for dei rurale kommunane. Det er bra at ein i hovudmål nummer 3 nemner heile Vestland. Vi meiner

dette bør kunne gå tydelegare att i alle dei 4 hovudmåla. Særleg vil det vere viktig å legge til rette for auka verdiskaping i HEILE Vestland.

For landbruket er det avgjerande at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling og ei fornying også i eksisterande næringsliv. Innovasjon med utgangspunkt i eksisterande næringsliv vil vere viktig. Landbruket har ei svært viktig rolle i ei framtid som må byggast på ein sirkulær økonomi der ressursbruk må følgjast opp av attvinning. Dette i motsetnad til ein lineøkonomi med ressursbruk i eine enden og produkt og avfall i den andre.

Vidare spelar landbruk ei viktig rolle for reiselivet vi har i Vestland. Å oppretthalde levande bygder og kulturlandskap er viktig for å oppretthalde statusen Vestland har som destinasjon, både for ein internasjonal og nasjonal marknad. Det same gjeld tilgangen på lokalmat og tradisjonar. Det bør fokuserast meir på koplinga mellom landbruk og reiseliv, dei to må sjåast meir i samanheng.

Hovudmål 1 – Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Norge

Det er viktig at det er poengert at grøn konkurranseskraft vert knytt opp til bruk av stadeigne ressursar innan mellom anna landbruk. Eit auka fokus på sirkulærøkonomi og bioøkonomi må medføre eit auka fokus på landbruk og arealbruk. Viktig at dette ikkje vert festtalar, men vert følgd opp med konkrete satsingar gjennom målretta verkemidlar som stimulerer næringsutviklinga. Det er også viktig at areal til matproduksjon ikkje vert bygd ned, men heller vert styrka som grunnlag for den grøne konkurranseskrafta. Areal og ressursar som ein har til rådighet må leggje grunnlaget for ein grønare økonomi. Ei nedbygging av jordbruksareal vil dessutan vere negativt for beredskap, mattryggleik, klima og biologisk mangfald.

Hovudmål 2 – Klima og Miljø som premiss for samfunnsutvikling

I jakta på å verte eit nullutsleppssamfunn må ein skilje mellom utslepp frå fornybare kjelder og ikkje fornybare kjelder. Fossile utslepp og utslepp frå naturlege, biologiske prosessar. Verkemiddel som dreg næringslivet i rett lei må prioriterast. Samstundes må det vere eit mål å sjå heilskapen og ikkje velje einskildståande tiltak utan å sjå heilskapen. Vi er glad for at dette vert tydeleggjort i første avsnitt på side 21.

Landbruksnæringa har inngått avtale med Staten på å redusere våre utslepp, og landbruket har laga ein eigen klimaplan for på kva måte kutta i utsleppa frå næringa kan kome:

<https://www.bondelaget.no/tema/landbruketsklimaplan/>

Mykje av verdiskapinga i landbruksnæringa i Vestland kjem frå produksjon av mjølk og raudt kjøt. Heile 98 % av jordbruksarealet vert nytta til grasproduksjon. Det medfører at det vil vere dramatisk for Vestland fylke om kutt i utslepp vert knytt til det som først og fremst er eit

kosthaldstiltak i klimakur 2030 – reduksjon i forbruk av raudt kjøt. Det er avgjerande at ein ved gjennomføring og utmeisling av tiltak for dei ulike strategiane ser heilskapen i tiltaka. Det skjer også innovasjons og FoU arbeid kvar dag som peikar på ulike alternative løysingar. Dagens løysingar er ikkje morgondagens løysingar i arbeidet med å redusere utsleppa. For landbruket er det viktig at Vestland er med på å bygge ny kompetanse. Noko som er naudsynt for å stadig få eit meir klimasmart landbruk. Det er viktig å styrke kompetansemiljøa og ny teknologi for å sikre både eit klimavenleg produksjon og klimatilpassing.

Bruk av husdyrgjødsel til produksjon av biogass er ein god ressursutnytting og samstundes eit døme på korleis kunnskap kan endre handling og gje reduserte utslepp av klimagassar. I Noreg er det få biogassanlegg som nyttar husdyrgjødsel, men det er fleire anlegg under planlegging/utreiing i Vestland. Det er framleis trøng for meir kunnskap om biogassproduksjon frå husdyrgjødsel og utnytting av生物剩。Det vil også verte naudsynt å sjå på utvikling av teknologi og løysningar for at bruk av husdyrgjødsel skal vere lønnsamt både for bonden og eigar av biogassanlegg. Vestland har mange husdyrprodusentar og har ein mogelegheit til å vere leiande på biogass dersom det vert lagt til rette for ei satsing.

Når det gjeld tilpassing til eit endra klima, er det ei svært viktig sak for Vestland. Å sikre infrastruktur og jordbruksareal er vanskelegare og desto viktigare i Vestland enn i mange andre fylke. Dette då vi har svært mange utsette vegstrekningar, busetnader og areal. Vi kan gjerne tenke oss ein ny strategi der beredskap vert nemnd. Utan ein oppegåande beredskap på å handtere dei endringane som eit meir variert ver og klima skapar, vil det ikkje vere grunnlag for god samfunnsutvikling.

Framlegg til ny strategi:

2.4 Vestland skal medverke til ein god lokal beredskap som grunnlag for trygge samfunn i heile fylket.

Hovudmål 3 – Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Situasjonen med Korona har løfta måten å møtast på til nytt nivå. Eit vidare fokus på å legge til rette for til dømes hybridløysingar/fleire heildigitale møte vil fjerne avstand og kunne motverke den sentraliseringa som vi ser. Det må vere eit viktig mål og skape lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i HEILE Vestland. Det er viktig at den digitale møteforma held fram som ei løysing. Dei daglege tenestene som skule, barnehage og butikk må ligge svært nær der folk bur. I Vestland, med sine mange bygder, ligg det godt til rette for å prøve nye digitale løysingar som reduserer reisebelastning, og som gjer det meir attraktivt å busetje seg i dei rurale delane av fylket. Gode kvardagsliv vert skapt med utgangspunkt i at der er tilgjengeleg arbeid og eit minimum av eit tenestetilbod. Det å skape gode bu- og arbeidsregionar er viktig.

Fokuset på å bygge ut digital infrastruktur må ikkje sleppast. Jamfør tekst i siste avsnitt side 27. Det kjem stadig nyvinningar på området, og då må det framleis vere eit fokus på å ta ny infrastruktur i bruk.

Hovudmål 4 – Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Vi saknar eit punkt om samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonane i Vestland. Vi meiner det vil vere ein avgjerande strategi at det offentlege gjennom samarbeid med dei ulike delane av næringslivet klarar å legge til rette for utdanningar som næringslivet treng, og som kan gje grunnlag for innovasjon.

Framlegg til ny strategi

4.4.: Vestland skal gjennom partnerskap med næringslivet legge til rette for utdanning og arbeidsplassar i heile fylket.

Planbehov i perioden 2020 – 2024

Vi er samd i at det er viktig å sjå heilskapen og samordne mykje av planverket. Samstundes kan det vere naudsynt å utvikle eigne temaplanar for utvalde tema. Dette kan verte synleggjort gjennom revisjon av planverket som er skissert i utkastet. Vi ber då om at det vert drøfta trangen for ei eiga temaplan på landbruk.

Vi forventar at landbruket som ein svært viktig aktør i det grøne skiftet vert invitert aktivt med tidleg i dei prosessane som skal lede fram til nye planar. Det vil vere av interesse for oss i Bondelaget å medverke innan dei fleste tema som er nemnde i høyringsdokumentet. Dette då yrkesutøvarane i landbruket forvaltar det meste av arealet og mykje av naturressursane i fylket. Lukke til med arbeidet vidare!

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Anders Felde

Fylkesleiar Sogn og Fjordane

Peder Nernæs

Fylkesleiar Hordaland

Vestland fylkeskommune

post@vlfk.no

Referanse 2020/1420

26. juni 2020

Høring – Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi

Digi Vestland viser til pågående høring om Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

KS har som kjent etablert en styringsstruktur for digitalisering i kommunesektoren. Denne er felles for kommuner og fylkeskommuner og er etablert for å sikre at kommunesektoren leverer på sin del av den felles nasjonale digitaliseringsstrategien for offentlig sektor. I dette bildet peker også Meld.St. 30 , *En innovativ offentlig sektor*, som nylig ble lagt frem, også i retning av KS og Digifinordningen som viktige virkemiddel for innovasjon og tjenesteutvikling. Tilsvarende legger Nasjonal strategi for kunstig intelligens til grunn at kunstig intelligens er et av flere viktige verktøy for å utvikle en bærekraftig offentlig forvaltning både i statlig og kommunal sektor. Her fremholdes videre at kommunal sektor står i en særstilling når det gjelder potensial for samarbeid, siden alle kommuner i utgangspunktet skal tilby de samme tjenestene til sine innbyggere, og har datasett på de samme områdene. Dette er også en del av det bærende fundamentet for Digi Vestland.

På Landstinget i 2020 fikk KS et forsterket mandat på digitaliseringsområdet. Som del av å realisere mandatet arbeider KS med å etablere regionale samarbeid som en del av sin styringsstruktur. Digi Vestland er et av disse.

Digi Vestland er digitaliseringssamarbeidet i Vestland fylke. Det ble etablert som et samarbeid i Hordaland i 2017. I 2020 utvides dette til også å inkludere kommuner i gamle Sogn og Fjordane. Ny ramme for samarbeidsavtale er utarbeidet og skal til behandling i kommunene. Sekretariatet er samlokalisert med Bergen kommune sin Seksjon for Digitalisering og Innovasjon. Innenfor strukturen er det etablert faglige digitaliseringsnettverk for kommunenes sentrale tjenesteområder i tillegg til sektorovergripende kompetanseområder innenfor digitalisering. Styringsgruppen for samarbeidet består av rådmenn fra kommuner. KS Vestland og Fylkesmannen i Vestland er representert med observatører i styringsgruppen.

Styringsgruppen for Digi Vestland behandlet saken i møte den 19.06.2020. Dette høringssvaret er avgitt av styringsgruppen og gis uavhengig av innspill fra den enkelte kommune.

Med bakgrunn i Utviklingsplanen inngir Digi Vestland følgende uttalelse:

Digi Vestland registrerer at planstrategien er kalt en utviklingsplan fordi den skal stake ut en tydelig kurs for samfunnsutviklingen i fylket. I dette perspektivet mener vi at digitalisering og aktiv anvendelse av IKT vil kunne bidra til å gi kommunene, innbyggere og næringsliv likere muligheter til å ta del i utviklingen. For kommunal sektor vil digitale tjenester kunne bidra til å redusere geografiske

utfordringer og avstandsulemper. Dette innebærer at kommunene og andre deler av offentlig sektor i sterkere grad må integrere digitalisering i tjenesteproduksjonen.

Regionale satsinger har over tid vært rettet mot å bygge ut digital infrastruktur. I planperioden vil det være viktig å sikre digital kompetanse og å innføre digitale tjenester som bidrar til å realisere effekter av investeringene.

Digi Vestland er kommunene i Vestland sitt felles virkemiddel for innføring av nasjonale og felles kommunale løsninger. Gjennom bred forankring og tette knytninger til KS sin styringsstruktur på digitaliseringsområdet representerer Digi Vestland et regionalt utviklingsvirkemiddel som bør gis en rolle i realiseringen av utviklingsplanen.

Med hilsen,

Styringsgruppen for Digi Vestland

Kjetil Århus , Direktør Digitalisering og innovasjon Bergen kommune

Tor Corneliusen, Kommunaldirektør Bergen kommune

Christian Fotland, Kommunedirektør Bjørnafjorden kommune

Rune Lid . Kommunedirektør Øygarden kommune

Eystein Venneslan, Kommunedirektør Askøy kommune

Årjan Raknes Forthun, Kommunedirektør Alver kommune

Magnus Mjør, Kommunedirektør Stord kommune

Arild M. Steine, Kommunedirektør Voss herad

Ole John Østenstad, Kommunedirektør Sunnfjord kommune

Åslaug Krogsæter, Kommunedirektør Stad kommune

FNF Sogn og Fjordane og FNF Hordaland er samarbeidsforum for natur- og friluftsorganisasjonar i dei to regionane, som arbeider for å ta vare på natur og friluftsinteressene i Vestland fylke. Per i dag er det 11 organisasjonar tilslutta FNF Hordaland og 13 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane. Samen representerer organisasjonane rundt 65 000 medlemer i fylket.

Denne uttalen sendes på vegne av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland og Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland.

Høyringsfråsegn til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Regional planstrategi

FNF Sogn og Fjordane og Hordaland vil først takka for at me får komma med innspel til den regionale planstrategien for Vestland fylke. Det er mange gode element i høyringsutkastet, me likar spesielt godt at dykk har tatt i bruk «bryllaupskakediagramet» som Stockholm Resilience Centre har utviklaⁱ. Figuren illustrera at FN sine berekraftsmål for miljø må liggja til grunn for at ein skal kunne nyte andre godar. Det er bra at ein ser at ei tyngre vektlegging av klima og miljø er naudsynt for sosial og økonomisk berekraft. Det er og ei erkjenning av at det kan førekoma målkonfliktar i FN sine berekraftsmål. Ein kan da sjå at når det er konfliktar så må grunnlaget for berekraft i biosfæren liggja til grunn for utviklinga.

Bakgrunn for vårt innspel

Forum for Natur og Friluftsliv er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar. Formålet er å styrka organisasjonanes arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i Vestland fylke. Dette innspelet er utarbeida av FNF Sogn og Fjordane og FNF Hordaland.

Forumet ser behov for å komma med innspel til den regionale planstrategien på bakgrunn av fleire årsaker. Det er eit stort behov i tiden framover for å få kartlagt og stadfestat miljø- og naturverdiar av regional betydning for at disse skal bli tillagt vekt i dispensasjonssaker og anna forvaltning. Desse verdiene legg grunnlaget for FN sine berekraftsmål og ein må derfor ha betre kunnskap om dette. Det er godt argumentert at urørt natur er eit gode som det raskt blir mindre av, og at tilgangen på dette godet per definisjon ikkje kan aukast gjennom menneskelege inngrep. Dette godet kan heller ikkje aukast gjennom såkalla avbøtande tiltak eller forsøk på å tilbakeføra 'rørt' natur til en antatt 'urørt' naturtilstandⁱⁱ. For å betre behandlinga i dispensasjonssaker frå arealplanar så må ein få ei betre



kartlegging av dei areala ein har. Kartlegging av viktige områder for natur og friluftsliv samt for reiselivet på regionalt nivå er viktig i tida framover. Dette er områder som er under press frå andre næringar som blant anna vindkraftindustrien, og når tilbodet av slike miljøgodar ikkje kan aukast så kan ein venta at betalingsviljen for slike tenester vil auka i tiden framover. Spesielt sett i samanheng med at det har vore ei auke i uorganisert trening og friluftsaktivitetar i forhold til mange organiserte aktivitetsformer som har vore i tilbakegang eller stagnasjonⁱⁱⁱ. Denne utviklinga i aktivitetsmønsteret krev at ein tar betre vare på dei områda me har.

Friluftsliv er integrering og sosial utjamning i praksis

Friluftsliv omfamnar ei rekke aktivitetar som bidrar til aktivitet i alle samfunnslag og det er ein aktivitet ein kan halde på med heilt frå vogge til grav, eit betre folkehelsetilbod får ein ikkje. Friluftslivet har ikkje stengetider, det er populært og ikkje minst det er eit folkehelsetilbod som er tilrettelagt pandemiar. Kva skulle ein gjort våren 2020 om ein ikkje hadde hatt turområde av god kvalitet i nærområdet sitt når ein stengte store delar av samfunnet vårt. Det handlar ikkje berre om fysisk helse men og om psykisk helse^{iv}.

På eit generelt grunnlag så ser ein at det er dei med høgare utdanning har høgast sjanse for å delta i forskjellige aktivitetsformer, eit unntak er dei forskjellige friluftsaktivitetane, som det viser seg å ha jamn fordeling både i forhold til eigen utdanning, forelderens utdanning, eiga inntekt og husstandinntekt^v. Det blir i høyringsutkastet synleggjort problema med sosial ulikskap og kva dette har å seie for helse og deltakinga i samfunnet.

Det er dessverre ein del som til tross for alle disse fordelane med friluftsliv ikkje har moglegheit til å delta, dette kan det vera mange grunnar til. Heldigvis finnes det fleire gode tilbod i frivillig sektor som tar med seg dei som elles ikkje hadde kunna deltatt, desse tilboda er gode i mange områder men har eit stort potensiale for å komme på plass i fleire områder. Fleire av tilboda får i dag støtte frå forskjellige aktørar, og ein viktig bidragsytar for å skapa kontinuitet i arbeidet er fylkeskommunen. Me oppmodar dykk til å setje i gang revideringa av «Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv» som må reviderast på grunnlag av dei nye ansvarsområda fylket har fått. Ei betre økonomisk støtte til dei frivillige organisasjonane som ynskjer og har grunnlag for å kunne bidra til betre folkehelse gjennom friluftsliv er naudsynt, friluftsliv er eit folkehelsetilbod som omfamnar breidda i samfunnet.

Friluftsliv er den aktiviteten som er lettast for flest å delta på. Eit breiare tilbod vil bidra til at enda fleire får moglegheit til å delta. Tilbod som finnes i dag kan blir organisert fleire plassar slik at fleire kan delta, eksempel på tilbod finn ein hjå DNT gjennom «DNT tilrettelagt»^{vi}, «Friluftslivskurs i skulen»^{vii} og «Seniorturar». Ein anna aktør er Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) som har eit tilbod som vert kalla «Jakt og Fiskeskule» (JOFS)^{viii}, JOFS er eit tilbod som kunne blitt tilbyd mange fleire plassar om berre midlane hadde vore der. Felles for disse organisasjonane er at dei har mange gode lokallag med ein godt spreidd medlemsmasse som kan bidra over større områder.

Friluftsliv og integrering er noko som ofte går hand i hand. DNT har hatt mange prosjekt som bidrar til integrering, «Kom deg ut dagen» har for eksempel ofte eit stort innslag av personar med fleirkulturell bakgrunn^{ix}, dei har og eit prosjekt ilag med Norges Røde Kors med namnet «Til topps» som er eit godt integreringstiltak. Det finnes mange gode eksemplar på friluftsliv generelt er ein god arena for integrering. I ei ytring på NRK frå 1. juni 2020 «I skogen sier de hei»^x blir det beskrive korleis ein ser kvarandre på ein heilt anna måte i naturen i forhold til om ein hadde møtt same personen på gata. Det er dessverre slik at om ein ikkje har vakse opp med norsk friluftsliv, så er terskelen høgare for å ta segturen ut i skogen. Det er da viktig med slike tilbod som DNT organisera.

Det vil som nemnt i høyringsutkastet i framtida vere eit behov for ei betre samordning på tvers av sektorar når det kjem til klima og miljø, folkehelse, integrering og inkludering. Friluftsliv har eit større potensiale for å bidra positivt i dette arbeidet ann det som blir realisert i dag. Ein må derfor sjå friluftsliv i samanheng med andre regionale planar som dette høyringsutkastet skal leggje føringar for, det er viktig at dette blir løfta opp i all regional planlegging. Me ser fram til revideringa av «Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv», og håpar den vil bidra til eit auka fokus på dei kvalitetane som ligg i eit omfangsrikt friluftsliv.

Areal og ressursforvaltning

Det er bra at det blir poengtert i høyringsutkastet eit behov for ein balansert og planstyrkt areal- og ressursforvaltning. Når ein ser dette i samband med at omsynet til biosfæren må ligga til grunn for all verdiskaping både sosialt og økonomisk, så byr dette på ein del utfordringar.

Arealforandringar er den største trusselen mot biologisk mangfold, og andre naturverdiar. Skal ein sikre dei livsviktige økosystemene for framtida så må ein sikre natur- og miljøverdiar, spesielt i arealforvaltninga.

For å få dette til må ein ha gode planar for områda, med grundig kartlegging som er lett tilgjengeleg. Dette arbeidet har mange kommunar jobba godt med dei siste åra når det kjem til kartlegging av viktige områder for friluftsliv, det blir no viktig å få sikra regionalt viktige friluftslivsområder som går på tvers av kommunegrenser. Planstrategien bør også fremje arealnøytralitet i tillegg til å ha ein målsetjing om å vere karbonnøytral. Dei fleste vedtak om arealdisponeringar utførast av kommunane, og ein kvar kommune burde derfor ha eit arealrekneskap. Kommunane i Vestland fylke bør vedta at dei er arealnøytrale, og føre arealrekneskap som vil gje auka gjenbruk av areala allereie utsett for menneskelege inngrep, og innføre arealavgift. Dette vil vere eit viktig reiskap for å kunne nå, og følgje opp målsetjingane om berekraft i strategiplanen.

Det er mange arealinngrep som kan påverke naturverdiar som er i ein anna kommune enn sjølve inngrepet, blant anna vindkraftutbygging. Det er derfor viktig å sjå omgjevnadane til friluftsområda i samanheng med bruken, ein kan for eksempel ikkje byggje rett ved sida av og tru at dette ikkje er negativt for tilknytt friluftsområde.

Me håpar det vil bli utarbeid ein god regional sti- og løypeplan som kan sjås i samanheng med tilsvarande planar i andre fylker. Ein må og få utarbeidt regionale planar som skal ivareta større samanhengande naturområde av omsyn til friluftsliv, naturmangfold, andre landskapskvalitetar og reiseliv. Ein kan i dette arbeidet sjå på erfaringar som er gjort gjennom arbeid med regionale planar for villreinområde. Ein må og legge til rette for at dette arbeidet blir intensivert i fjellområde med stort utbyggingspress, dette kan gjerast gjennom økonomiske bidrag til eit slikt regionalt planarbeid. jf. «Handlingsplan for friluftsliv, Natur som kjelde til helse og livskvalitet»^{xi} Dette er det spesielt viktig å



Figur 1: Figuren viser at samfunn og økonomi er innvevd i, og avhengig av biosfæren. Når biosfæren er trua - må klima og miljø veie tyngre og sjåast som ein føresetjing for sosial og økonomisk berekraft. (Azote Images for Stockholm Resilience Centre).

få på plass i områder som er trua av nedbygging av vindmøllekraftverk, slik at me får sikra dei friluftsområda som blir brukt av lokalbefolkinga og reiselivsaktørar.

Større samanhengande naturområde er viktig for busetting, folkehelse, rekruttering av kompetent arbeidskraft, økosystemtenester, og mykje meir. Det er ein del positive ting ein sitt igjen med etter Covid-19, blant anna moglegheita til å rekruttere og plassere arbeidarar i distrikta i større grad enn tidlegare. Den kompetansehevinga innan digitale løysingar som kjem som følgje av Covid-19 fører til at mange i framtida kan sitte desentralisert og gjere same jobben. Dette kan føre til attraktive distriktskommunar om ein klarar å ta dei rette grepene. Når unge nytdanna skal velje bustad så ser ein ofte på kva moglegheiter ein har for å utøve sine fritidssyslar. Skal ein vera attraktiv i framtida så må ein ha variert natur i stort omfang og kontinuitet. Ein må derfor kartlegge, verdifesta og planfesta naturområda våre slik at dei har eit betre vern i framtida.

Grøn konkurransekraft

Innan tematikken grøn konkurransekraft kjem ein fort inn på motstridande tema der det eine kjem i konflikt med det andre. Vestland fylke har hatt ein stor auke innan turisme og reiseliv dei siste åra, dette er grunna store fortrinn gitt til oss av landskapsformer ein ikkje finn mange andre plassar i verda. Det er ofte naturen og landskapa turistane kjem for, men det er kulturen og kulturlandskapet dei forelskar seg i. Dette fortrinnet og sjansen til å nytta oss av det er under press frå mange hald, men spesielt ifrå vindkraftutbygginga. Ein må sjå på dei negative ringverknadane «grøn» vindkraft har og innhente erfaringar frå dei prosjekta som er i gang eller har blitt avslutta den seinare tiden. Det er dessverre slik at reiseliv og turisme i liten grad blir tematisert i konsesjonssaker for vindkraftprosjekt. Det er og mange andre tema som fell mellom to stolar og ikkje blir tilstrekkeleg belyst når ein planlegg vindkraftutbygging. Det er dessverre få mekanismar som sikrar at reiselivsinteresser kjem til uttrykk og blir synleggjort når det kjem til kraftutbygging i Norge. Svakheita kjem av at reiselivsnæringa er i stor grad fragmentert utan nokon tydeleg aktør som har særleg ansvar i forbindelse med kraftutbyggingar^{xii}. Det har og vore ein stor utvikling i kunnskapsgrunnlaget, teknologien, og tankane rundt vindkraft og behovet for den dei siste åra. Med den nye stortingsmeldinga om vindkraft på land og det som er nemnt tidlegare så ser ein at ein heilt utan vidare kan vidareføra regional plan for vindkraft for Sogn og Fjordane utan vidare. Den må reviderast allereie i 2021, dette må til for at ein skal kunne seie noko om vegen vidare og for å sjå på kva ringverknader denne aktiviteten har gitt. Etterpåklokskap har verdi!

Berekraftig bruk av areal i sjø

Under temaet «grøn konkurransekraft» er akvakulturnæringa nemnt som ei viktig næring med store miljøkonsekvensar. Forumet synast det er positivt at det er et mål om å ha ein kunnskapsbasert arealpolitikk som veier behov for utvikling mot langsiktig forvaltning og vern, også for vatn. Sidan ønska utvikling bør følgjast opp av konkrete mål i andre planar burde ein oppretta ein berekraftig regional kystsoneplan der ein kan styre akvakultur ut i frå et regionalt perspektiv, tilsvarande som ein har for Sunnhordaland og Ytre Hardanger.

Det er viktig å være klar over at mange av bestandane av laks og sjøaure på Vestlandet har svært dårlig bestandsstatus, i hovudsak på grunn av innblanding av rømt oppdrettslaks, spreiling av lakselus frå opne oppdrettsanlegg, men også regulering av elvar for kraftproduksjon (www.vitenskapsrådet.no). Dette inkluderer den ikoniske og verdsberømte Vossolaksen, som på tross av en langvarig og kostbar redningsaksjon endå ikkje er i nærheita av å komme tilbake til gammal storheit^{xiii}. Tettleiken av oppdrettsanlegg er svært høg i alle fjordane på Vestlandet, og dette har også medført storskala

endringar i økosystemet, som oksygensvikt i botnvatnet i Masfjorden og Sørfjorden^{xiv}. Omfanget av akvakultur er for stort i fylket, og i tillegg er mange av de største vassdraga regulert til kraftproduksjon (<https://atlas.nve.no>). Samla belastning på dei anadrome villfiskebestandene er dermed svært høg, og dette bryt openbart med berekraftmåla som ligg til grunn for strategiplanen.

Ein bør derfor enten redusere mengda oppdrettsfisk i fjordane, eller flytte drifta til lukka anlegg. Berre slik kan man oppnå berekraftig bruk av areala i sjø, noko som også vil sikra at man kan gjenoppta det tradisjonsrike fisket etter laks og sjøaure i Vosso, og mange andre vassdrag på Vestlandet. I den grad fylkeskommunen ønsker å leggje til rette for akvakultur, oppfordrar vi fylkeskommunen til å være framtidssetta og avsette areal på egna steder på land kor verksemda vil forgå i lukka anlegg.

Vi ynskjer Fylkeskommunen i Vestland lykke til med arbeidet med regional strategiplan for Vestland.

Vennleg helsing,

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

v/ koordinator Åsmund Nordgulen

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland

v/ koordinator Silje Elvatun Sikveland

-
- ⁱ <https://www.stockholmresilience.org/research/research-news/2017-02-28-contributions-to-agenda-2030.html>
- ⁱⁱ Vestlandsforsking-rapport nr. 1/2018, Verdsetting av urørt natur for Reiselivet, Ida Marie Gildestad.
- ⁱⁱⁱ Helsedirektoratet rapport nr. 3/2017, Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet, Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss.
- ^{iv} Miljøverndepartementet, publikasjonskode T-1474, Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse Rapport fra det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse"
- ^v Helsedirektoratet rapport nr. 3/2017, Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet, Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss.
- ^{vi} <https://www.bergenoghordalandturlag.no/dntilrettelagt/>
- ^{vii} <https://www.bergenoghordalandturlag.no/friluftslivskurs/>
- ^{viii} <https://www.njff.no/organisasjon/Sider/Jakt--og-fiskeskole.aspx?menuid=5>
- ^{ix} <https://forskning.no/innvandring-partner-ostlandsforskning/forskere-mener-norsk-friluftsliv-bidrar-til-god-integrering/1196396>
- ^x <https://www.nrk.no/ytring/i-skogen-sier-de-hei-1.14166843>
- ^{xi} https://www.regjeringen.no/contentassets/c89f9ea09a1e40fab3fefba28668fddb/96030_kld_handlingsplan_u.pdf
- ^{xii} Vestlandsforsking-rapport nr. 1/2018, Verdsetting av urørt natur for Reiselivet, Ida Marie Gildestad.
- ^{xiii} Barlaup, T. B. 2018. Redningsaksjonen for Vossolaksen – framdriftsrapport per 2017. NORCE Norwegian Research Centre AS, LFI-rapport nr. 300, ISSN-1892-889, 274 sider.
- ^{xiv} Bye-Ingebrigtsen, E., Isaksen, T.E., Dahlgren, T.G. 2019. Marin Overvåking Hordaland– Samlerapport 2016–2018. NORCE Norwegian Research Centre AS. NORCE Miljø, 2019/026. 75 + 144 sider.



Vestland fylkeskommune

Norheimsund, 15. juni 2020

Innspel til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Hardanger og Voss museum (HVM) takkar for høvet til å kome med innspel til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Sektorisering som utfordring

Generelt kan HVM slutte seg til hovudtrekka i planen. For musea er det viktig at forvaltinga er sektorovergripande. Intensjonane i Utviklingsplanen er gode, men vi er usikre på om det er råd å unngå uheldige effektar av sektortankegang. HVM meiner sektorisering skulle vore endå tydlegare peikt på som ei hovudutfordring og flaskehals i høve gjennomføring av Utviklingsplanen. Det er positivt at ein i planen legg opp til ein planstruktur som skal bygge opp under FNs berekraftmål. Men på dette punktet er det òg uvisst om Vestland fylkeskommune i dette dokumentet har teke inn over seg utfordringane knytt til at ulike sektorar vil vurdere eigne faglege vurderingar og ikkje heilskapleg.

Bidreg utviklingsplanen til å gje ei tydeleg strategisk retning for utvikling av Vestland?

HVM kan slutte seg til dei hovudmåla og strategiane som er foreslått. Likevel vil HVM komme med nokre kommentarar og innspel.

Vestland er eit fylke med mange kunst- og kulturhistoriske museum. Våren 2020 vart det avgjort at fylkeskommunane likevel ikkje skulle overta forvaltningsansvaret frå Staten, slik planen tidlegare har vore. Likevel er fylkeskommunen eit viktig forvaltningsnivå, ettersom mange museum har store bidrag frå fylkeskommunen. I det heile er kulturarbeidet til fylkeskommunen ein svært viktig sektor. Ordet «museum» er ikkje nemnd i planen, noko vi oppfattar som ein

mangel. Den heilskaplege forvaltinga av kulturfeltet som fylkeskommunen kan få til er etter vårt skjønn underkommunisert i planen. Planen peiker m.a. på at det er trong for å utvikle felles identitet i det nye fylket. Museum, kulturminnevern og kulturfeltet generelt har «identitet» som eitt av sine arbeidsfelt i svært mange av sine aktivitetar. Her er det viktig at musea ikkje vert oppfatta som reine besøksstader, men som institusjonar som er i inngrep med samfunn og kultur i nærmiljø og regionalt; til dels òg nasjonalt. Vi viser her til ICOM sin museumsdefinisjon og etiske regelverk for museum (<http://norskicom.no/hjem/>). På kulturfeltet er det viktige dokument som legg føringar på politikken, særleg *Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida og Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold*.

I rolla som samfunnsutviklar kan fylkeskommunen spele på musea sine kompetansar og aktivitetar, og ikkje minst tilknyting til kultur og samfunn. Mange museum er viktige reiselivsaktørar, museum er involvert i skulesektor og opplæring gjennom lærlingar, arbeid inn mot frivillig sektor, kurs m.m. Musea har potensiale til å bli endå meir knytt til rolla som samfunnsutviklar gjennom utdanning, danning, kunnskapsbank, dialoginstitusjonar. Levande tradisjonar som betyr mykje vert mange stader haldne i hevd gjennom samarbeid mellom frivillige og museum. Mange tradisjonar har vist seg å ha stort potensial i høve næringsutvikling, noko som viser at musea forvaltar viktig kompetanse som kan vera viktig i framtida.

Strategiane legg opp til å skape nye arbeidsplassar, auke verdiskaping osv. Planen burde òg ha lagt vekt på at det er viktig å ta vare på eksisterande arbeidsplassar, industri, fagmiljø osv. Det er påfallande at det ikkje er nemnt noko om dei truslane som næringslivet, særleg butikkar, står ovafor når det gjeld netthandel. Om ein får liknande utvikling i Noreg som andre land vil fleire regionsentra ligge som spøkelsesbyar om få år. Korona-krisa har òg bidrege i same retning. Endra bustadmønster og samferdsle vil kunne føre til endra grunnlag for å drive museum og kulturminnevern i distrikta. Tilgang på kvalifiserte fagfolk, rekruttering og lokale leverandørar kan bli vanskelegare.

Bidreg planen til å styrke det lokale sjølvstyret?

HVM er usikre på om planen bidreg til å styrke det lokal sjølvstyret, men vi oppfattar hovudmåla som gode.

Bidreg planen til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å bygge eit nytt fylke?

HVM meiner at planen bidreg til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med å bygge eit nytt fylke. Men ikkje i tilstrekkeleg grad. Musea kunne i langt sterkare grad vore skreve inn i planen i samband med identitetsbygging, kulturarbeid, tradisjonar, utdanning, reiseliv m.m.

Er planen et godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?

HVM har ikkje tatt stilling til dette spørsmålet.

Bidreg overordna mål for samfunnsutviklinga til å møte utfordringar og utviklingsmoglegheiter som kjem fram i kunnskapsgrunnlaget?

Planen påpeiker at sentralisering i Vestland er sterkt. I tillegg er det fleire mindre samfunn der talet på fastbuande går ned, delvis fordi eigedomsprisane stig som følgje av omdanning til fritidsbustader. Mange lokalsamfunn som er levande i dag vil om få år endre karakter. For nokre vil det opplevast som negativt og denne typen problematisering er lite framme i planen.

Under overskrifta «Vestland som leiande kulturregion» står det at «Ein tydeleg kulturell profil kan bidra til å vidareutvikle kulturregionen». Vi ville nok heller sagt at det var ein føresetnad. Kultur og identitet er svært viktige føresetnader for å nå dei strategiske måla i planen. Under same overskrift står det at «Næringsutvikling med basis i kulturminne kan mellom anna bidra til verdiskaping i reiselivet». Det er klart at reiselivet i Vestland har ei tyngde i det som er naturbasert, men det samstundes skal ein vera klar over at det hadde ikkje vore mange turistar i Bergen om det ikkje var for kulturmiljøet. Vestland har mange og viktige museum som bidrar til reiselivet. Mange kulturmiljø, kulturminne og ulike attraksjonar er haldne vedlike på frivillig basis. Her er det viktig med heilskapleg forståing.

Museum og kulturminnevern, som t.d. industriminne, bygningsvern og fartøyvern, er i dag viktige aktørar innan reiseliv, by- og tettstadutvikling, kulturbasert næring. Ein må likevel kunne si at potensialet er større, og forventningane til at dette kan utviklast vidare i ein moderne region er store.

Dei fleste museum har opplegg for skular. HVM har leirskule på Hardangerjakta Mathilde, er ein læreplass for tre handverksfag, er læringsarena for etterutdanning av bygningshandverkarar (Fagskolen i Vestland og NTNU), har ei rekke kurs for allment interesserte og spesielt for

handverkarar. Gjennom samarbeid med Ole Bull Akademiet har HVM gjennom prosjektet Hardingfela.no løfta fram hardingfeletradisjonen, gjennom spelning, dans og felemaking. Deltakar-perspektivet er svært viktig. Gjennom deltaking og eigen aktivitet vert refleksjon og identitetsbygging understøtta. Dette perspektivet kunne nok vore endå meir framtredande i utviklingsplanen.

Er strategiane veleigna til å nå måla?

HVM meiner Vestland fylke med denne planen har ein god reiskap for å nå måla. HVM vonar det vil bli mogleg å gjennomføre ei heilskapleg forvalting og utvikling med utgangspunkt i berekraftmåla trass i at det truleg vil vera flaskehalsar knytt til sektortankegang og sentralisering. Ein kan spørje om det burde vore eigen strategi for desse tema.

Med helsing
for Hardanger og Voss museum

Åsmund Kristiansen
Konst. direktør



Høyringsfråsegn til Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 – Forslag om å utarbeide ny regional plan for massehandtering og mineralressursar

1. Innleiing:

Vi viser til høyring av utviklingsplan for Vestland 2020-2024, med status som regional planstrategi.

I vårt fråsegn fokuserer vi på at «Utviklingsplan Vestland 2020-2024» bør ha ei meir medviten haldning til berekraftig utvinning og produksjon av mineralske ressursar og massehandtering. Vestland mineralråd meiner Vestland Fylkeskommune bør.

- 1) Lage ein eigen regional plan for massehandtering og mineralressursar
- 2) Lage ein Vestnorsk mineralstrategi, som eit tiltak i regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
- 3) Regional klimaplan må ha eit medviten fokus på kva konsekvens det grøne skiftet får for produksjon, forbruk og resirkulering av energimineral, metalliske malmar, industrimineral og byggjeråstoff i Vestland.

1.1. Om mineralråd Vestland:

Det er etablert eit felles mineralråd i Vestland fylke. Mineralrådet Vestland jobbar for at styresmakter skal bidra til ei meir berekraftig utvinning av mineralske råstoff, med omsyn til miljø, landskap, økonomi og lokalbefolking. Vestland Mineralråd er sett saman av kunnskapsressursar i frå forsking, næringsliv, miljøorganisasjon, kommunar og fylkeskommune (politisk og administrativt).

Mineralrådet Vestland vart oppretta i 2019, med tilslutning frå Fylkestinget i Sogn og Fjordane (FT-sak 48/19, 8.10.2019). Fylkestinget vedtok også å oppmode Vestland fylkeskommune om å følgje opp mineralrådet vidare. I Vestland fylkeskommune skal det, jf. svar på interpellasjon i fylkestinget i desember 2019, leggjast fram sak for fylkestinget i 2020 om korleis fylkeskommunen bør arbeide med mineralressursar.

1.2. Mineraler sin plass i det grøne skiftet¹:

Vi omgjev oss av mineral og metall i kvardagen, og vi har gjort oss totalt avhengig av mineral i alt vi gjer. Samstundes er etterspurnaden etter mineralske råstoff aukande i

¹ https://www.ngu.no/upload/Publikasjoner/NGU-Tema/NGU_tema1_norsk.pdf

Europa og verda². Internasjonalt fokus på bruk av fornybar energi og elektrifisering av transportsektoren medfører ei radikal auke i vårt forbruk av mineral.

I ei fornybar verden utgjer metall og mineral byggeklossane for eit lågutsleppssamfunn. Til dømes forbrukar Europa 20 % av verdas mineral, men produserer berre 2-3 %. I Noreg er vi storforbrukarar av mineralske råstoff, og kvar enkelt person åleine forbruiker ca 13 tonn mineralske råstoff kvart år³. Totalt omset norsk mineralnæringa nær 100 millionar tonn mineralske råstoff (ca 13 milliardar kroner pr år) og 50-60 % av omsetjinga utgjer eksport. I følgje FN⁴ vil verdas befolkning auke til om lag 10 milliardar i år 2050. Deira behov for mineralske råstoff vert ikkje åleine løyst med sirkulærøkonomi og resirkulering. Altså er vil det vere trøng for både primærproduksjon, gjenvinning og resirkulering.

FN sine bærekraftsmål har konsekvensar for korleis ei framtidig mineralverksemelding kan gå føre seg. Mineral og metall inngår i nesten all vareproduksjon og er ein grunnleggjande føresetnad for verdiskapning i Vestland fylke. Til dømes nyttar ein elbil 80 kg kopar. Ei satsing på elektrifisering av ferjer og skip medfører ei stor forbruksauke av grafitt, kobolt, litium, nikkel, mangan, sjeldne jordartar til batteriproduksjonen. Titan er sterkare enn stål, men 42 % lettare, og vert difor nytta i flyproduksjon. Det å redusere vekt på transportmidlar er svært viktig for å redusere klimaavtrykket frå transport. Kvarts er grunnleggjane viktig for bygging av solcellepanel. Av nemnde årsaker bør Vestland fylke ha strategiar for forbruk og ressursuttak av metall, industrimineral og byggjeråstoff.

Mineralnæringa utgjer ein industri som bidreg til høg verdiskapning med store ringverknader i distrikta, samstundes har næringa stor lokal konsekvens på natur og samfunn. FN sitt bærekraftsmål nr 12 «ansvarleg forbruk og produksjon» inneberer å redusere ressursbruk, miljøøydelegging og klimautslepp ved produksjon av ei vare. Difor ligg det store økonomiske og miljømessige gevinstar i utvikling av nye og betre alternative bruksområder for det som i dag er å forstå som overskotsmassar eller ikkje kapitaliserbare massar.

2. Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging:

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging for 2019–2023 er det forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine, og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Det er også forventa at tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.

I dei nasjonale forventningane 2019 - 2023 står det følgjande under ‘Mineralressursar’ (sitat):

² <https://www.worldbank.org/en/news/press-release/2017/07/18/clean-energy-transition-will-increase-demand-for-minerals-says-new-world-bank-report>

³ <https://www.dirmin.no/tema/ressursforvaltning/regional-planlegging>

⁴ <http://www.un.org/>

Noreg har viktige mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekostar som kan vere aktuelle for framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn. Mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for meir føreseielege rammer for investeringar, uttak og opprydding.

Uttak av byggjeråstoff (pukk, grus, sand) til byggje- og anleggsføremål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff, der det er mogleg. Det kan redusere presset på bynære grus- og pukkressursar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare dette.

Når det kjem til masseforvaltning og mineralressursar, kan det verke som om «utviklingsplan Vestland» ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dei nasjonale forventingane.

3. Mineralrådet Vestland meiner:

Vi meiner det er positivt at Vestland Fylke skal innrette seg i mot sirkulærøkonomi og meir energieffektivisering. Dette er ei framtdsretta innretning som Mineralrådet Vestland meiner vil bidra til viktige utsleppsreduksjonar og andre miljøpåverknader som eksemelvis redusert deponibehov. Utnytting av overskotsmassar i frå mineralnæring vil vere viktig i eit slikt sirkulærøkonomisk perspektiv.

Mineralrådet vil samstundes peike på at vegen mot lågutsleppssamfunnet vil medføre ei betydeleg auke i uttak av mineralske ressursar. Mineralrådet meiner Vestland Fylkeskommunen må ha ein større medvit for kva konsekvensar eit lågutsleppsamfunn har vårt forbruk og utvinning av mineralar. I den samanheng er det verdt å peike på Vestland Fylkesting (10.6.2020) gjorde vedtak om at framtidige anbod må setje som vilkår at det skal vere transparens i leverandørkjeda av batteri- og køyretøyprodusentar.

Dersom det ikkje vert produsert meir mineral regionalt og nasjonalt, vil ikkje vi kunne redusere vår avhengighet av langreist import, med dei følger det har for klima, natur og sosiale tilhøve. Overgang til lågutsleppsamfunnet er avhengig av sikker tilgang til ei rekke mineral og metall. Sjølv ved optimal gjenvinning og resirkulering vil behovet for uttak av nye mineral og metall berre auke. OECD⁵ estimerer at verdas behov for material vil dobblast innan år 2060, og ei auke for metaller og mineralar vil vere endå større.

I utviklingsplanen står det, (under mål 1 og strategi 1.2), at planlegging er det viktigaste verktøyet for å sikre ei samfunnsøkonomisk, effektiv og miljøvenleg utnytting av naturressursgrunnlaget knytt til jord, fjell, skog, massar og mineral, sjø og vassdrag.

Når det gjeld massar og mineral, meiner vi likevel at planlegging er nedprioritert i utviklingsplanen. Rett nok står det følgjande under «Regional transportplan» i kapittel 4.1 (Behov for regionale planar): «*Det er mange store utbyggingar av samferdsels- og infrastrukturprosjekt i Vestland som gir store masseoverskot. Regional transportplan skal*

⁵ <https://www.oecd.org/environment/global-material-resources-outlook-to-2060-9789264307452-en.htm>

utarbeide prinsipp og strategiar for korleis ein kan utnytte slike massar på ein samfunnstenleg måte. Dette er ei viktig føresetnad for ein sirkulær økonomi».

I planprogrammet til Regional transportplan Vestland 2022-2033, på høyring til 14.08.2020, finn vi likevel ingenting om overskotsmassar. Vi trur heller ikkje at overskotsmassar bør inn i Regional transportplan. Overskotsmassar bør derimot sjåast i samanheng med byggjeråstoff og andre massar. Handtering av overskotsmassar i frå store infrastrukturprosjekt kjem dessutan inn under prosjektplanlegginga. Det vil det vere ein fordel om det allereie var utarbeidd ein regional plan for massehandtering og mineralressursar. Ein slik plan vil ikkje berre vere omfatta av restmassar i frå infrastrukturprosjekt, men bør også gjelde industri- og gruveprosjekt. Ein heilskapleg, regional plan for massehandtering og mineralressursar vil vere viktig for kommunane i si arealplanlegging.

Ei satsing på berekraftig massehandtering og mineralske ressursar i regionen vil:

- Redusere vår avhengigheit av land med låg etisk og miljømessig standard.
- Bidra til at Vestland blir eit føregangsdøme for berekraftige løysingar for mineralnæringa.
- Bidra til full utnytting av overskotsmassar i frå gruver, masseuttak, infrastrukturprosjekt.

4. Planbehov for perioden år 2020-2024:

4.1. Temaplan for «massehandtering og mineralressursar»:

Dersom vi skal nå våre målsettingar om lågutsleppssamfunn og auka fokus på sirkulærøkonomi, er det vår vurdering at Vestland fylkeskommune bør lage ein eigen temaplan for **«massehandtering og mineralressursar»**.

Ein slik plan bør fokusere på;

- miljøretta masseuttak
- redusere produserte overskotsmassar i frå annlegsverksemd og eksisterande masseuttak
- bidra til kortreist byggjeråstoff
- bidra til mest muleg gjenbruk av produserte overskotsmassar i heile regionen.
- Identifisere økonomiske og miljømessige gevinstar i utvikling av nye og betre alternative bruksområder for overskotsmassar.
- Å redusere klima-, miljø- og samfunnsbelastning i frå masseuttak, massehandtering og massetransport.

Vi meiner det er avgjerande med eit regionalt perspektiv for god masseforvaltning. Mineralråd Vestland ser det som naturleg at vi speler ei sentral rolle i arbeidet med utforming av ein slik plan.

[4.2. Ved revisjon av planer i Vestland Fylke:](#)

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling:

Ved revisjon av regional plan for innovasjon og næringsutvikling bør denne planen legge til rette for ei berekraftig mineralnæringer og vidareforedling av kortreiste mineraler.

Utviklingsplan Vestland identifiserer ein «strategi» som noko som skal gje ein overordna retning for eit fagfelt/område, og skal peike ut vegval, satsingsområde og vegval. Det er vår vurdering at Vestland fylke må lage ein eigen Vestnorsk mineralstrategi, på lik linje med det som fylkeskommunane Nordland, Troms og Finnmark har gjort i Nordnorsk mineralstrategi.

I samarbeid med Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) gjennomfører Vestland Mineralråd ei ressurskartlegging og mulegheitsstudie for det geografiske området til Vestland fylke. Denne studien vil gje oss oversyn over kjende mineral og byggjerastoff med utvinningspotensial, kombinert med muligheter for foredling og nedstrøms næringsutvikling.

Ein vestnorsk mineralstrategi bør fokusere på:

- Eksisterande kunnskapsgrunnlag.
- Korleis etablere rammevilkår som stimulerer til ei grøn og verdiskapande mineralnæringer.
- Utvikling av mineralnæringa utan å belasta natur og menneskeleg aktivitet på ein urimeleg og irreversibel måte
- Sosial og miljømessig berekraft.
- Legge til rette for at metallurgisk industri i Vestland kan utgjere ein viktig ressurs i vidareforedling av kortreiste mineral.
- Involvering av næringsliv, befolkning, interesseorganisasjonar og miljøorganisasjonar.

Regional klimaplan:

Regional klimaplan må ha eit medviten fokus på kva konsekvens det grøne skiftet får fôr produksjon, forbruk og resirkulering av energimineral, metaliske malmer, industrimineral og byggjerastoff i Vestland.

Med Vennleg helsing Mineralrådet Vestland:

Jenny Følling (Sunnfjord kommune)

Ole Andre Klausen (Askvoll kommune)

Martin Melvær (Bellona)

Nina Dahl (SINTEF)

Anita Hall (Norsk Bergindustri)

Gjertrud Halsne (Norstone AS, Styremedlem i Norsk Bergindustri)

Arve Helle (Vestland Fylkeskommune)

Jomar Ragnhildstveit (Vestland Fylkeskommune)

Innspill fra Museum Vest - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi

En regional utviklingsplan definerer langsiktige mål for samfunnsutviklingen og prioriterer strategier for hvordan målene skal nås. I tillegg blir det bestemt hvilke regionale planer som skal utarbeides, revideres eller føres videre i planperioden. Med en bred høring får ulike aktører og miljøer i Vestland mulighet til å si noe om utviklingsplanens utfordringsbilde, mål og strategier.

Stiftelsen Museum Vest er ett konsolidert museum i Vestland. Museet har det nasjonale nettverksansvaret for fiskerihistorie og kystkultur, og er med i de nasjonale nettverkene for demokrati og menneskerettigheter og sjøfart. Temaområder som hører til museet er: kyst og hav (herunder kystkultur, fiskeri, havbruk og sjøfart), krig og okkupasjon, menneskerettigheter, handel og globalisering. Museum Vest ved avdelingen Bergens Sjøfartsmuseum har også på oppdrag av Riksantikvaren ansvar for forvaltning av kulturminner under vann i Vestland og på Sunnmøre. Museum Vest har det okkupasjonshistoriske ansvaret for krigs- og okkupasjonshistorie i Vestland.

Museum Vest er svært positiv til at utviklingsplanen knytter utfordringsbildet, mål og strategier opp mot FNs bærekraftsmål. Overordna utfordringer er knyttet til klimaomstilling, balansert areal- og naturressursbruk, gode transportsamband og smart mobilitet og grønn konkurransekraft. Kultur har en viktig rolle i dette utfordringsbildet. Kulturens betydning blir tydeliggjort i mål og strategier.

Denne våren og sommeren opplever samfunnet konsekvensene av en pandemi. Det er derfor viktig at utviklingsplanen under mål 1 om *Vestland som ledende verdiskapingsfylke og nasjonal pådriver for et regionalt og desentralisert Norge*, understreker betydningen av å minimere skadenvirkningene, både på kort og lang sikt, som følge av pålagte tiltak knyttet til håndteringen av koronaepidemien. For kultur- og reiselivssektoren ser det ut til at pandemien kan få konsekvenser som vil strekke seg over flere år. For noen næringer snakker en gjerne om en mulig V-formet utvikling, mens det for kultur- og reiselivsnæringen kanskje heller vil være en gjenhenting karakterisert som L-formet utvikling. Det innebærer at det kan være forskjeller på når og hvordan de ulike næringene vil hente seg inn igjen. En bør derfor jobbe målbevisst med tanke på mer langvarige tiltak for næringer som vil oppleve større gjenhentingsutfordringer. De erfaringene som gjøres våren, sommeren og høsten 2020, må brukes aktivt i arbeidet med mål og tiltak i blant annet utviklingen av en grønn reiselivsstrategi. Her må aktørenes innspill komme tidlig inn.

Museum Vest mener kulturlivets betydning og rolle blir synliggjort i de fire hovedmålene og strategiene. Kulturlivet som en sentral faktor i verdiskapning er blant annet uttrykt med *Vestland som ledende kulturregion*. Det er viktig at Bergen som drivkraft i utviklingen blir understreket.

Samarbeid på tvers av sektorer/næringer vil være viktig for å lykkes. Forvaltningen bør gjennom det enkelte planprosessarbeidet og tiltak i handlingsplaner legge sterkere til rette for slike på tvers samarbeid.

Kulturlivets egenverdi blir understreket eksplisitt. Museene skal være en kritisk stemme i samfunnsdebatter. Kriser kan bidra til nyskapning. Samfunnsrollen kom på mange måter under press i vår med stengte museer for publikum. Nettopp det å være mer digital når publikums fysiske tilstedeværelse uteblir, var viktig for å opprettholde kontakt, bidra til synlighet, refleksjon og innspill. Samarbeid på tvers av landegrenser ble også videreutviklet i denne perioden. Museum Vest merker seg videre at det blir lagt vekt på at en tydelig kulturell profil kan bidra til å videreutvikle kulturregionen og at det profesjonelle kulturlivet bør markere seg i europeisk og internasjonal sammenheng, fremme nyskapning og ytringsfrihet. Dette er i tråd med museets mål og arbeid. Disse forutsetningene og ambasjonene må tydelig bli ført videre i arbeidet med revidering av plan for kultur, idrett og friluftsliv. I planarbeidsprosessen blir det sentralt å drøfte/synliggjøre de erfaringene som krisetiden har gitt. Større vekt på digitale uttrykksformer, og de muligheter som dette gir, vil gjøre noe med museets form, rammer og forventningsbildet.

Under mål 3 *Lokalsamfunn som ramme for gode hverdagsliv i hele Vestland*, er begrepet aldersvennlig samfunn benyttet. Nettopp det å ta utgangspunkt i ulike livsfaser, er noe som i større grad må reflekteres i forventing og tiltak i de ulike planene.

Arbeidet med revidering av regional plan for kultur, idrett og friluftsliv skal starte i 2021. Museum Vest støtter at planen blir revidert og at dette arbeidet får en rask oppstart. På den måten får en utviklet en plan som er mer i samsvar med regionens ansvarsområder og samfunnsutfordringer. Det er viktig at aktørene tidlig får komme med innspill, nettopp for å synliggjøre utfordringer og muligheter som kulturlivet opplever. Forventing om samspill og samarbeid på tvers av sektorer, bør komme godt fram i arbeidsprosessen med involvering og medvirkning fra sektorer som kanskje tidligere ikke har vært så fremtredende i slike planprosesser. Integrering og inkludering som gjennomgående perspektiv er viktig og vil også kreve mer sektorbredd.

Den rollen Museum Vest har, de temaene som hører til samfunnsoppdraget og etablerte samarbeid med næringsliv, synliggjøres i helhetstenkningen i utviklingsplan for Vestland. Museum Vest ser fram til det videre arbeidet og de mulighetene som medvirkning og samarbeid gir.

Med vennlig hilsen



Vestland Fylkeskommune

Medlem av:



Førde den 22.06.2020

Høyringssvar – Utviklingsplan for Vestland 2020- 2024. Regional planstrategi

NAF Avd. Fjordane og Ytre Sogn har gjennomgått høyringsutkastet til utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 og vil kome med merknader til utkastet særleg kring dei punkta som gjeld gode transportsamband og smart mobilitet. Det er særleg mål 2 og 3 under Hovudmål og Strategiar vi vil ha fokus på.

Mål 2: Klima og Miljø som premiss for samfunnsutvikling:

Skal Vestland vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp er det viktig at ladeinfrastrukturen for elbilar vert utbygd til eit nivå som gjenspeglar utviklingen i den elektriske bilparken. Prisinga på ladinga må vere rettvis og basert på kva ein faktisk får ut av kW og ikkje tida ein lader. Også andre typer drivstoff, t.d. hydrogen og gass, må gjerast tilgjengeleg i takt med at marknaden utviklar seg.

Så langt mogeleg må det stillast krav om utsleppsfree bussar og ferjer når ruter vert lyst ut på anbod.

Privatbilistane kan ikkje åleine gis ansvaret for at dei nasjonale klimamåla vert nådd. Det må leggast til rette for nedgang i utslepp frå andre delar av transportsektoren, inkludert landstrøm til skip og elektrifisering av ferjer, samt overgang til biodrivstoff for å nå dei nasjonale klimamåla innan transport.

NAF aksepterer regulering av biltrafikk inn til og i byane, men staten og regionar må lene seg tyngre inn i finansieringen av transportinfrastrukturen i byområda. Med mål om redusert biltrafikk skal stadig færre bilistar betale stadig meir i bompengar. Denne modellen er ikkje berekraftig, og difor må finansiering og regulering skiljast ved at bompengar vert avvikla til fordel for fellesskapsfinansiering.

Skinnegåande transport har ei viktig rolle i eit framtidig berekraftig transportsystem både for gods- og persontrafikk. NAF vil difor jobbe for at jernbanetilbodet rundt dei største byane vert eit betre og meir presist reisetilbod enn i dag.



Klimaendringane har gjeve utfordringar på vestlandet med større fare for flaum og ras. Resultatet er veglause grender og lange omkjøyringar, folk kører med hjartet i halsen mange stader og det er store øydeleggingar på veg og natur. Sikring mot ras og flaum gjev tryggare vegsamband, men kan også vere med å hindre større naturkatastrofer.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv:

Levande lokalsamfunn krev god infrastruktur og god mobilitet. Kvardagsreisene må vere trygge og forutsigbare, og det må vere mogeleg for innbyggjarane å nå naudsynte servicefunksjonar på ein tifredsstillande måte i løpet av dagen. Vi ser at i mange små grender vert butikk, post og bank lagt ned, og reiseavstandane vert større. Samstundes er det fleire taxiselskap som i det siste har måtte legge ned på grunn av dårlig lønnsemd. Dette går m.a. ut over serviceskyss og tilrettelagt transport. Det vert lagt opp til større bruk av digitale løysingar i staden for dei fysiske tenestene, men med dårlig nett er det mange som heller ikkje får nytta desse tenestene. Med dei siste månaders Covid-19 pandemi har vi sett kor viktig den digitale infrastrukturen har vore for mogelegheitene til å jobbe på heimekontor, ha nettskule med meir. Samstundes er det blitt tydelegare for oss at digitale møter aldri vil kunne erstatte verdien av fysiske møteplassar. God mobilitet, eit godt utbygd kollektivtilbod for reisande og gode overgangar mellom dei enkelte transportmidla vert viktig. Det må vere gode transporttilbod frå distrikta og til Bergen, men også inn mot dei regionale sentera. I Vestland fylke vert det viktig å samordne rutetilboden og prissonene til dei enkelte busselskapa, samt rabattordningar for ungdom og honnør på buss og ferjer. Gode buss- og ferjetilbod vert også viktig for ungdom som skal mellom heim og studiestad, Dette må gjelde i heile Vestland, ikkje berre innanfor grensene til gamle Sogn og Fjordane og gamle Hordaland fylke.

I byane må kollektivtransporten vere konkurransedyktig på reisetid. Det må m.a. vere attraktivt å velge kollektivt framfor å bruke eigen bil. Vert reisetida med kollektivtransport vesentleg lenger samanlikna med å nytte eigen bil vil ikkje dette bli oppfatta som eit godt nok alternativ.

God kommunikasjon mellom by og land krev også trygge lokalvegar. Vestland fylke må få ned forfallet på fylkesvegnettet og sikre rasutsette vegstrekningar.

Utbygging av trygge gang- og sykkelvegar vil medverke til at fleire kan velge å gå eller sykle i staden for å bruke bilen. Dette er eit godt miljøtiltak, men også eit godt tiltak i folkehelseperspektiv. Vestland fylke bør sjå på mogelegheitene for å legge betre til rette for at busspassasjerar kan ta med sykkel på ein trygg måte for t.d. å sykle noko av reisevegen sin.

I sentrumsområde der trafikken er stor og det er ei målsetjing å få ned trafikken, bør det satsast på gode parkeringsløysingar i utkanten av sentrumsområdet og gode bussløysingar inn til sentrum. Det må vere krav om nullutslepp frå bussane.





Ferjene er ein del av vegnettet, men kan likevel bli oppfatta som ei barriere for dei reisande. Utvikling av sjølvkøyrande ferjer kan heve frekvensen drastisk. Bruk av transportløysingar må ikkje koste så mykje at folk vert pressa frå å reise og dermed vert hindra i å delta i samfunnet. Der det ikkje finst alternativ, slik som ferjestrekningar, må prisen haldast på eit lågast mogeleg nivå.

Med vennlig hilsen,

Bente Liabø Thorsen
styreleiar
NAF avd. Fjordane og ytre Sogn

mobil 913 11 107
adr: Fjærevegen 2, 6800 FØRDE



Innspill til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 regional planstrategi fra Naturvernforbundet Hordaland

Naturvernforbundet Hordaland har med glede lest utviklingsplanen. Med glede, fordi FNs bærekraftsmål ligger til grunn for utviklingsplanen. Slik vil Vestland ta et viktig steg inn i en fornybar fremtid, der det er tåleevnen til jordkloden som avgjør hvilken utvikling vi kan legge til grunn. Når vi kommer med innspill til endringer er det fordi vi mener en veldig god plan kan bli enda bedre.

Under mål 2, «klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling» er det laget gode strategier. Vi vil likevel foreslå en endring i strategi 2.2, som heter «Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdier.». Vi er selvsagt enig i at dette er en god og viktig strategi, men vi ønsker oss et fylke som er enda mer ambisiøse. Samfunnet må selvsagt forvalte naturverdiene, men bevaring har en egenverdi og er også avgjørende for å løse natur- og klimakrisen. Siden en regional planstrategi legger rammene for annen regional og kommunal planlegging, mener vi det er viktig at ordet «bevare» er med i strategien. Vi foreslår derfor å endre strategi 2.2 til «Vestland skal sikre infrastruktur, bevare og forvalte viktige natur-, - landskaps- og kulturverdier.»

Videre vil vi peke på behovet for oppdatert kunnskap for å ta vare på naturen vår. I punkt 4.1 «Behov for regionale planer» nevnes «Regional plan for areal, natur og kulturminneressurser.» Her beskrives behovet for en slik plan godt, men konklusjonen er at en vil bruke denne fireårsperioden på å starte arbeidet med å hente inn og oppdatere kunnskap, som grunnlag for en fremtidig regional plan. Naturvernforbundet Hordaland mener dette arbeidet haster. Viktige naturtyper går tapt, mange viktige arter er sterkt truet og problematikk knyttet til skadelige fremmede arter er stadig økende. Vi kan ikke vente i fire år med å lage en plan for hvordan vi skal bevare de viktige naturverdiene og økosystemene for fremtiden, og vi vil derfor be om at dette arbeidet prioriteres høyere i planperioden 2020-2024.

Vestland fylkeskommune

Vår dato: 26.06.2020
Deres dato: [Deres dato]
Vår referanse: mbn
Deres referanse: [Deres ref]

Høringsinnspill til Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024

Vi vil innledningsvis takke for muligheten til å spille inn næringslivets prioriteringer til Vestland fylke sin nye utviklingsplan. NHO Vestlandet er en av NHOs 10 regionforeninger og vi representerer omrent 3400 medlemsbedrifter som til sammen sysselsetter om lag 69 tusen årsverk i Vestland fylke. Regionforeningen har kontorer i Bergen og Florø.

Norsk næringslivs står nå midt oppe i en ekstraordinær situasjon. Aldri tidligere har samfunnet gått i «Lockdown». Bedrifter har på dagen måttet stenge dørene, mange har mistet markedet sitt over natten, ansatte er permitterte, mange er oppsagt, investeringer er satt på vent og arbeidsledigheten er rekordhøy.

Med dette som bakteppe har det aldri tidligere vært viktigere at det offentligere er med på å skape gode rammebetingelser for eksisterende og ny næringsvirksomhet. Fremtidens næringsliv bygges på våre fortrinn. Vi må derfor ta i bruk de mulighetene og fortrinnene vi har i Vestland.

NHO har gjennom innhenting av et systematisk kunnskapsgrunnlag det siste året jobbet med å identifisere Norges muligheter og fortrinn, et veikart for fremtidens næringsliv. Rapporten identifiserer ti ambisjoner for en bærekraftig fremtid mot 2030:

1. **Høyere verdiskapning:** BNP per innbygger øker fra 575 000 til 650 000 kroner per innbygger.
2. **Høyere yrkesdeltakelse:** Sysselsettingsandelen for de mellom 20 og 70 år øker fra 73,1 prosent til 77,5 prosent.
3. **Større privat sektor:** Andelen timeverk i privat sektor øker fra 70 til 72 prosent.
4. **Utenriksøkonomi i balanse:** Driftsbalanse fratrukket statens oljeinntekter rundt null.
5. **Reduserte klimagassutslipp:** Co2-utsippene er redusert med 50 prosent fra 1990-nivå i samarbeid med EU.

6. **Øke innovasjons- og omstillingsevnen:** Norge skal være blant innovasjonslederne i Europa (20 prosent over EU-snitt)
7. **Tette kompetansegapet:** Andelen NHO-bedrifter med et utdekket kompetansebehov halveres
8. **Konkurransedyktig skattetrykk:** Skattenivået for fastlandsøkonomien skal ikke overstige 40 prosent av verdiskapningen
9. **Høy tillit:** Tilliten i samfunnet på minst dagens nivå
10. **Høyere organisasjonsgrad:** Arbeidstakere og arbeidsgiveres tilhørighet til det organiserte arbeidslivet økes fra 60 prosent til 63 prosent

Hver for seg og sammen representerer punktene ambisiøse mål for å bringe Norge videre inn i fremtiden. Våre neste trekk skal skape økonomisk bærekraft, FNs bærekraftsmål skal nås, klimagassutslipp skal kuttes, vi skal bevare trepartssamarbeidet og det organiserte arbeidslivet med høy tillit i samfunnet og vi skal fortsette å handle og samarbeide med omverdenen. 2020 representerer starten på et nytt tiår. Et tiår der norske bedrifter deltar i et kappløp om omstilling. Kun i fellesskap kan vi nå våre felles ambisiøse målsetninger. Vi håper fylket vil ta med seg punktene videre i sitt arbeid for å utvikle vår region. Sammen legger vi det beste grunnlaget for å skape lys og liv i by og bygd.

Vi vet at fylket vårt er rikt på naturresurser. Fylket vårt er derfor allerede i dag store innen blant annet maritime næringer, industri, energi, reiseliv og havbruk. Regionen vår står godt rustet til å ta posisjoner innen ny grønn næringsutvikling, men det må jobbes proaktivt for at vi skal klare å utvikle oss. Det er viktig at fylkets planverk tar innover seg de fremtidsutsikter, problemstillinger, behov og utfordringer næringslivet i Vestland har. Ulikt planverk må være oppdatert og derfor rulleres jevnlig. Og man må ha god dialog med næringslivet rundt bruk av virkemidler og reguleringer underveis.

I tillegg til de overordnede ambisjonene vil vi konkret vektlegge fylket ansvar for samferdsel og kompetanse som to viktige premisser for næringsutvikling i vår region.

På fylkesvegnettet er det et stort vedlikeholdsetterslep. Flaskehals, smale og svingete veier utgjør transporthindringer for næringslivet, både for godstransport og for pendlere. Dette må utbedres for å bygge regionen bedre sammen, skape større bo- og arbeidsmarkedsregioner og for at vi unngå store effektivitetstap. I fylkets eksisterende regionale transportplan vil vi særlig fremheve viktigheten av å komme i gang med bygging av traseen Svelgen – Indrehus på fylkesvei

614. Dette prosjektet kan også være et av mange viktige motkonjunkturtiltak for å øke sysselsettingen i regionen på kort sikt i lys av koronakrisen.

Vi ønsker også å heie frem utviklingen av utslippsfrie grønne hurtigbåter som fylket nå er i prosess med å få realisert. «Spillover»-effekten, på både kort og lang sikt, som slike offensive offentlige anbud kan få for næringslivet i regionen kan ikke underdrives. Prosjektet må ses i sammenheng med andre ambisjoner man har for å realisere ny grønn infrastruktur og grønne verdikjeder. Her har næringslivet i regionen store ambisjoner også innen blant annet havvind, elektrifisering, samt karbonfangst- og lagring.

Humankapitalen er derimot vår viktigste nasjonalformue. Fylkeskommunen forvalter et viktig ansvar for denne formuen i form av fagskoler og videregående opplæring. I tillegg har fylkeskommunen blant annet ansvar for utdeling av midler til bedriftsintern opplæring. Næringslivet har i flere år meldt om et stort udekt kompetansebehov på flere områder. Blant annet har vi stor mangel på fagarbeidere, teknologer og ingeniører. Vi må jobbe enda bedre sammen for å sørge for rett dimensjonering av utdanningene slik at vi får den arbeidsstyrke som vi trenger for å bygge regionen og for å bygge landet. Arbeidslivets parter må tas med videre i dette arbeidet. Og samarbeidet med fagskolene styrkes.

Vennlig hilsen

Grete Karin Berg
Regiondirektør NHO Vestlandet

Dette dokumentet er signert elektronisk.

Naustforeininga Nytt i Naust
Skogsvågvegen 35
5382 Skogsvåg

Statfjord 28. juni 2020

Org nr. 914107849 <http://naust.org/>
Kontaktperson. Sverre Sangolt Mob. Nr 97133041

Innspel til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Ordet kystkultur er ikkje nemnt i utviklingsplanen. Kystkulturen er felles for heile vårt nye kystfylke og alle kommunar har gamle kulturbygningar i strandsona. Desse bygningane og kulturmiljøet er felles for heile fylket og skulle vore marknadsført som vår felles fylkesidentitet. Dette kan vera spiret til suksessfaktoren for Vestland fylke.

Utviklingsplanen seier: Vestlandslandskapet gir særlege fortrinn innanfor turisme og reiseliv, med hovudvekt på natur- og kulturbaserte opplevelsar.

Mykje av det kulturbaserte, er i ferd med å forsvinna grunna manglante fokus og arbeid med å finne praktiske løysningar for eigarane av gamle bygningiar. Dette gjelder spesielt i strandsona.

Flotte bygningiar langs hele kysten står til forfall da det er tilnærma umogleg å få dispensasjon frå plan- og bygningsloven. Slike bygningane er felles for alle kommunar i Vestland fylke,. Dei kunne vore symbolet for fellesskapet i fylket og har **særlege fortrinn innanfor turisme og reiseliv.**

Utviklingsplanen seier: Omstillinga til nullutsleppssamfunnet bidreg til å styrke konkurransekrafta til Vestland.

Kvar år vert det bygd mange nye bygg i strandsona. Gamle bygg rotnar på rot, og kulturminner med dei. Vi kjem nærmare nullutslepp ved å ta gamle bygningiar i ny bruk. Riksantikvaren har som motto, vern gjennom bruk.

Utviklingsplanen seier: Vestland som leiande kulturregion. Eit aktivt, oppdatert og innovativt kulturliv er med på å utvikle samfunnet vidare og set i gang samfunnsmessige endringar. Kulturliv, kreative næringar, er viktige regionale verdiskaparar

Kulturminne og kulturmiljø er viktige samfunnsressursar som i større grad bør nyttast for å utvikle eit variert næringsliv og auka sysselsetting. Næringsutvikling med basis i kulturminne kan mellom anna bidra til verdiskaping i reiselivet.

Innlandet har i mange samanhengar klart dette betre enn vestlandskysten med store hyttebyar og skianlegg. Kysten har store ubrukta moglegheiter, og dette kan utnyttast med lågare miljømessig fotavtrykk. Kysten har titusen tal av naust og andre bygg som det i dag ikkje er næringsaktivitet i. Desse er eit regionalt fortrinn og ved å ta desse bygningane i ny bruk kan vi skapa ny aktivitet og arbeidsplassar. Det byggjer også på hovudmåla som omstilling og grøn konkurranseskraft.

Utviklingsplanen seier: Kulturlivet må utviklast fritt og uavhengig
Vestlendingane sin kultur er knytt til kyst og hav. Det er derfor viktig at
Vestland fylke støttar opp om kystfolket sine ambisjonar til å bruka og ivareta
dei ressursane som vi har arva frå tidlegare generasjonar.



SJØMATBEDRIFTENE

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

(Sendes elektronisk)

Trondheim, 12. Juni 2020

HØRING - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi

Bakgrunn:

Plan- og bygningslova seier at fylkeskommunane minst en gong i kvar valperiode skal lage ein langsiktig regional planstrategi.

Vurdering

Sjømatbedriftene er einig med at Vestland er ein sterk verdiskapingsregion med høg kunnskap, kompetanse og ein internasjonal posisjon innan teknologi. Dette gir fylket eit solid grunnlag for ei samfunnsutvikling med balansert folketal, høg velferd og stabil vekst.

Sjømatbedriftene meiner utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling.

Sjømatbedriftene støttar fylkeskommunen på at lokalsamfunna er berebjelkane i ei berekraftig samfunnsutvikling. Korleis kommunane og fylkeskommunen disponerer areala og lokaliserer viktige funksjonar og kvalitetar i dei fysiske omgjevnadene, har mykje å seie for trivsel, tryggleik, busetting, verdiskaping, klima og miljø.

Regionale planar for kystsona

Sjømatbedriftene meiner dei kystnære sjøareala og strandsona står i ein særstilling i Vestland.

Sjømatbedriftene meiner regional planlegging kan bidra til å balansere interessene mot kvarandre og sikre både bruk og vern, om ein har ein god dialog med ulike interesser i planområdet.

Sjømatbedriftene er kjent med at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart utarbeidd som ein pilot i bruk av retningsliner for arealbruk og arealkart i Hordaland.

Sjømatbedriftene er også kjent med at den vart stadfesta av kommunal- og moderniserings departementet i mars 2020, men at departementet hadde mange innvendingar til både innhald og prosess.

www.sjømatbedriftene.no

Sjømatbedriftene meiner i liket med departementet at det er svært uheldig at fleire av kommunane har så store innvendingar til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Særleg er det mykje konflikt kring plankarta, og dei konkrete avgrensingane i nokre av kommunane. Sjømatbedriftenes er einig med departementet når dei peiker på at karta er retningsgivande, og legg vekt på at den endelege avgrensinga først skjer gjennom vedtak av ein juridisk bindande kommunal plan.

Sjømatbedriftenes forstår det slik at Kommunal – og regionaldepartementet i sitt svar legg til grunn at Fylkestinget har vedteke at plankartet skal rullerast i inneverande planperiode (2020-2024), og at kommunane og næringsaktørane skal trekkjast inn i arbeidet.

Som grunnlag for ei slik rulling, vil oppdaterte arealbehov hos ulike aktørar i kvar enkelt kommune, medrekna akvakulturnæringa, vere eit viktig grunnlag. Sjømatbedriftenes meiner det er og viktig at rullinga er basert på eit utfordringsbilete som er akseptert av alle partar, og at kommunane og næringane blir involverte på ein god måte.

Sjømatbedriftenes viser også til at Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) i sitt brev av 23. mai 2018 peiker på at kommunane må ha stor fridom til å disponere areala til dei ulike formåla som det ligg innanfor plan- og bygningslova å regulere. Departementet meiner òg at dei faglege utgreiingane som er gjennomført i forkant av den vedtekne strukturen for lokalisering av akvakulturverksemder, ikkje er gode nok og ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til næringa. **NFD tilrar at den regionale planen blir handsama på nytt av fylkeskommunane.**

Sjømatbedriftenes er sterkt kritisk til at Vestland fylkeskommune no foreslår å utsette rulling av Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, med ein argumentasjon om at den no må få virke over noko tid, ei slik tilnærming meiner Sjømatbedriftenes vil være i strid med både ynskja frå ulike departement, kommunane og næringa.

Anbefaling

Sjømatbedriftenes ber Vestland fylkeskommune om å følge opp vedtak frå Hordaland fylkesting og innspele frå ulike departement om behovet for ei snarleg rulling og syte for at Regional plan for Sunnhordland og ytre Hardanger blir rullert, og at ei slik rulling blir gjort i inneverande planperiode.

Sjømatbedriftenes



Robert Eriksson

Administrerande direktør



Til
Vestland fylkeskommune

Høyringsuttale: Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Viser til høyringsbrev av 06.05.2020 med referanse 2020/1420-4.

Landbruk har fått svært lite merksemd i dokumentet som er på høyring. På bakgrunn av at landbruksføretak utgjer ein så sentral posisjon i fylket – både m.o.t. produksjon, tenesteyting, investeringar i bygg, varehandel, landskapspleie og arbeidsplassar, burde landbruksføretak få langt større merksemd enn å bli nemnt to gong under avsnittet om Grøn konkurranseskap og entreprenørskap.

Område kor Vestland fylke kan gjere ein innsats er m.a.:

- RT, RK og IUB midlar bør disponerast på ein slik måte at landbruksføretak med sitt noverande mangfold – og gjerne enda rikare, vil kunne bidra til å styrke berekraftig norsk matproduksjon og stå fram som ein attraktiv arbeidsplass for komande generasjoner.
- Betre rammevilkår for landbruksføretak vil demme opp for den negative spiralen vi ser i dei seinare desennia. I perioden 2009-2018 har tal jordbruksføretak gått ned med 769 føretak/11,6 % (frå 6.672 til 5.837). Det er mange grunner til dette (til dels tungdrevene bruk, oppsamling av driftseiningar, stordrift favoriserande finansieringsordningar, slapp praktisering av konsesjonslova m.m.).
- Jordvern; I perioden 1998-2018 har jordbruksarealet vorte redusert med 99.000 daa./11 % (frå 932.000 daa. til 833.000). Det er ei dramatisk utvikling i høve moglegheita for grøn verdiskaping, berekraftig matproduksjon på lokale ressursar og bygdene som levemiljø.
- Miljø; Det bør og jobbast med å kartlegge landbruksføretakets positive og negative sider for miljøet – og å legge til rette for utvikling av meir miljø-/klimavenlege driftsmetodar.
- Tiltak for å vitalisere/revitalisering av små- og mellomstore vestlandsbruk.

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, 26. juni 2020
Kontaktperson : Marco Neven, leiar
fylkessekretær Marit Milde



Høyringsuttale: Utviklingsplan Vestland 2020-2024

Etter vårt syn har planen for lite fokus på jordbruk og jordbruksareal.

Jordbruk er nemnd fleire plassar i planen, mellom anna under «Balansert og planstyrт areal- og ressursforvaltning», men sjølv om jordbruk og matjord vert lista opp saman med andre område, er ikkje dette nok. Me meiner at jordbruk burde ha ein eigen temaplan. Klima, transport, villrein mm. har eigne særskilde planar, eit så vesentleg område som jordbruk burde også ha det. Teksten til «Regionale planar for kystsona» på side 35 gjeld i stor grad også for jordbruksareal i Vestland. Det er heilt avgjerande at jordressursane vert teke omsyn til og forvalta på ein berekraftig måte.

«Temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteprodusent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Temaplanar skal bidra til samordna innsats og bruk av verkemiddel og innehold oftast ein tiltaksdel.» (side 39). Me saknar konkrete tiltak for å ta vare på matjord og landbruksmiljø.

Nedbygging av matjord er eit stort problem. Nedbygging av areal er nemnd i planen (side 6), og det er bra. Samanhengande jordbruksareal må ein leggja stor vekt på å bevara. Det er også bra at ein ynskjer å styrka den lokale matproduksjonen (side 17).

«Nedbygging eller beslaglegging av areal er den største utfordringa for å ivareta naturmangfaldet. Vi skal ha ein kunnskapsbasert arealpolitikk som veier behovet for utvikling mot langsiktig forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps- og friluftsverdiar, kulturminneverdiar på land, under jorda og i vatn.» (side 23). Her syns me det ville vera naturleg å ta med jordbruksareal. Dessverre viser det seg at det er altfor lett å ofra jordbruksareal til andre formål. Det er trøng for ei klar målsetjing.

Nye Vestland fylke må markera seg sterkare på jordbruk. Det er landets største fruktfylke, og er størst på bringebær.

I tillegg slitt jordbruksareal i Vestland med avgang på mjølk, avgang på jordbruksareal, verdiskapinga flyttar seg sakte, men sikkert til meir sentrale strok pga ei sentralisering som skjer fordi jordbruks-politikken er rigga for dette. Problemet kring lausdrift/båsfjøs må orienterast omkring. Sauehaldet er stort, men representerer den absolutt dårlegaste innteninga i jordbruksareal. Vårt sauehald er tufta på beite i utmarka i sommarhalvåret og skapar kulturlandskapet som no fleire og fleire etterspør.

Dersom ikkje nye Vestland har større ambisjonar for jordbruksareal, er me djupt skuffa og redde for at den uheldige utviklinga går vidare.

Fylkespolitikarane med interesse for utvikling av jordbruksareal må særleg sjå på investeringsmidlane som går til jordbruksareal gjennom Innovasjon Norge. Det må koma ei regionalt styrt interesse som involverer fleire enn jordbruksareal sine eigne organisasjonar, og der fylkespolitikarane markerer korleis framtida skal vera i dette nye storfylket. Investeringspolitikken i jordbruksareal er den eine sterke utviklingstrenden som kan styra jordbruksareal i ei betre retning.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, 26. juni 2020

Kontaktperson: Leif Grutle, leiar

fylkessekretær Åse-Marie Reisæter

Sogn og Fjordane Ungdomslag

Kaupanger, 30.6.2020

Innspel til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Først vil vi orsake at vi ikkje har sendt inn innspel innafor fristen. Vi håper likevel at våre innspel vert handsama.

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) er glad for at Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er tydeleg på at bærekraftsmåla til FN skal styre utviklingsarbeidet i Vestland fylke.

Vi er og glad for at viktig premiss for utviklingsplan for Vestland er at fylket skal vere pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Norge. Dette er viktig ramme kring resten av måla i planen. I dette kviler det eit stort ansvar på Vestland fylke som medspelar og bidragsytar til å sikre levande lokalsamfunn, og at alle har like moglegeheiter til å delta i den breie verdiskapinga (økonomisk, sosialt og kulturelt).

Som del av den kulturelle frivilligheita vil SOFUL konsentrere innspela til tema som omhandlar frivillig kulturliv, barne- og ungdomsarbeid og inkludering. Men det betyr ikkje at t.d. målsetninga om at klima- og miljø ikkje er særskilt viktig for berekraftig utvikling av lokalsamfunna i fylket.

SOFUL vil gje honnør til Vestland fylke for satsinga på kultur og frivillig arbeid. Vi opplever at både politikarar og administrasjon, tross i økonomiske situasjonen, viser eit ektfølt engasjement for å bidra til å både ivareta og vidareutvikle kulturlivet i fylket. Det er viktig at desse ambisjonane og vert fylgt opp i utviklingsplan for Vestland og at heile kulturlivet får gode rammevilkår.

I høyringa til utviklingsplanen vert det frå Vestland fylkeskommune m.a. stilt spørsmål om planen bidreg til mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk.

I ambisjonen om at Vestland fylke skal vere ein leiande kulturregion er det viktig at fylket ikkje gløymer den viktige underskogen som det frivillige og desentraliserte kulturlivet er for Vestland fylke som regionalisert fylke. Ikke minst er dette viktig i satsinga på å utvikle berekraftige lokalsamfunn og at alle skal ha like moglegeheiter. SOFUL understrekar at utviklingsplanen må verdsetje at kultur og kulturarbeid har eigenvekt.

Her vil vi og framheve at lokale kulturbrygg er viktige for eit aktivt kulturtilbod i kommunane. Dei organisasjonseigde kulturbryggene er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med frivillig innsats. Utviklingsplanen må legge til rette for vidareutvikling av kulturbryggene. Her er dei stort potensiale til både mobilisering og betre samordning mellom ulike offentlege og private aktørar.

I fylket er det truleg rundt 800 organisasjonseigde kulturhus. Både hus, huseigarar og organisasjonar knytt til desse husa er ein viktig ressurs for fylket. I det vidare planarbeidet må fylket skaffe seg betre oversikt over desse husa og kva aktivitetar som finn stad der og kva moglegeheiter som ligg i husa.



Sogn og Fjordane Ungdomslag

Gjennom dei organisasjonseigde kulturhusa har ein eit godt utgangspunkt for å knyte saman gode møteplassar, attraktive stadar, gode nærmiljø og eit fornyande profesjonelt og frivillig kulturliv.

Desse husa har òg eit ubrukt potensiale når det gjeld arbeid med brei inkludering – ungdom, innvandrarar og menneske med ulike formar for funksjonsnedsetting. Ei slik satsing vil òg kunne motverke økonomisk ulikskap som er eit tema i utviklingsplanen.

Vi stiller store voner til arbeidet med Utviklingsplan Vestland 2020-2024 og ønskjer Vestland fylke lukke til med arbeidet.

Med beste helsing



Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbrygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane



Til Vestland Fylkeskommune

PB 7900

5020 BERGEN

Førde 25.06.20

Merknad til Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024

I 2012 heldt Sogn og Fjordane fylkeskommune ein konferanse med tittelen “Er det rom for profesjonelle kunstnarar i Sogn og Fjordane?” Ja, er vårt korte svar. Distrikta treng kunstnarane sin ikkje-byråkratiske tenkemåte og nytenking for å utvikle nye prosjekt, både innanfor kultur og næring og i samarbeidet med lokale institusjonar og frivillige kulturorganisasjonar.

Kunstnarar og kulturarbeidarar er viktige inspiratorar og rettleiarar i arbeidet med å starte opp nye prosjekt som gjer ein stad attraktiv å busetje seg på. Dei er òg viktige når det skal byggast kreative alliansar der kunstnaren kan bruke kompetansen sin inn mot næringslivet. Ein vellukka distriktpolitikk føreset at det blir utvikla sterke kunstnariske og kulturfaglege miljø, òg utanfor dei store byane. Ressurspersonar med kunst- og kulturfagleg kompetanse er med på å gjødsle distrikta, og gjer småstadar betre i stand til å utvikle seg og møte framtida. Dette er ressurspersonar som kan skape dynamiske miljø og som har nasjonale ambisjonar.

Som det eldste regionteateret i den nye regionen Vestland, veit vi at kulturnæringer bidreg til utvikling og er med på å ta vare på og utvikle sær preg og identitet. Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane Teater) har som mål å knyte band til kunstnarar i eige fylke, og forske i kva for synergiar som kan oppstå i møtet mellom institusjonen og det frie feltet. Teater Vestland er eit viktig fyrtårn for scenekunst i Vestland som fylkets eldste og største turnerande teater. Som regionteater skal vi vere aktive i rolla som regionalt kompetansesenter, og dermed bidra til ein sterkare bransje av frie scenekunstnarar. Teater Vestland skal stimulere til vekst og nyskaping i miljøa rundt om i det nye fylket vårt. Kultur avlar kultur.

I perioden 2020 – 2024 skal teateret utvide turneområde og bli eit samlande regionteater for heile det nye fylket.

Det er langt frå Stadlandet i nord til Stord i sør. Det tek om lag ni timer med bil. I vårt langstrakte nye fylke, er vi en leverandør av profesjonelt teater av høg kvalitet til alle delar av Vestland. Eit Vestland, som etter samanslåinga, består av 43 kommunar (18 i tidlegare Sogn og Fjordane, 25 i tidlegare Hordaland).

Det nye fylket sin ambisjon om å bli Norges leiande kulturregion er god, men den må komme alle i fylket til gode, uavhengig av kvar dei har valt å busetje seg.

Teater Vestland sitt samfunnsoppdrag er å produsere scenekunst til alle som bur i regionen. Teateret har turnert i 43 år og er det teateret i det nye fylket som har lengst erfaring med å

produsere profesjonelle framsyningar og turnere dei ut i distrikta. På det viset er Teater Vestland ein essensiell bidragsytar til å binde regionen saman. I tillegg er teateret, som nemnt, eit regionalt kompetansesenter. Dei neste åra skal vi arbeide vidare for at denne kompetansen skal kome heile fylket til gode.

Svært mange gjer bruk av kulturtilboda vi har i fylket vårt. For dei fleste er det tilboda i heimkommunen som er viktigast, og difor er regelfaste besøk av profesjonelt teater eit stort bidrag til både byar og tettstadar i Vestland. Kultur er eit viktig verkemiddel og ein motor for regional utvikling. Eit godt kulturtildod gir driv- og drakraft for vidare utvikling av fylket. Eit levande og variert kulturliv vil skape samhald og trivsel, og gjere fylket rusta til å møte dei utfordringane og mulegheitene vi har framfor oss. Teater Vestland bidreg med gode og spanande kunstopplevelingar, og er med på å gjere det attraktivt å bu i heile fylket.

I denne samanheng er det og relevant å peike på at Teater Vestland i dag er det einaste teateret i Noreg som turnerer med større produksjonar i nynorsk språkdrakt. Vi meiner det er av nasjonal verdi og relevans at innbyggjarane får tilbod om teateropplevelingar av høg kunstnarisk kvalitet på nynorsk. Vårt mål er at bygder, tettstadar og byar i heile regionen skal få høyre sitt eige språk frå scena. Det skaper sjølvkjensle å vere heime i sitt eige språk. Vår omfattande turneaktivitet i nynorsk språkdrakt (vestnorske målføre) er unik i nasjonal samanheng. Det er ein posisjon vi ønskjer å utvikle vidare.

I 2022 vil Nynorskhuset stå ferdig i Førde. Nynorskhuset skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur. Vestland er det nynorske grunnfjellet. Ved samlokalisering av ei rekke kultur og medieaktørar, vil vi utvikle ei motvekt til forvitring av det nynorske språket.

Nynorskhuset vert ein viktig identitetsmarkør for heile Vestland og ei viktig nasjonal satsing på nynorsk. Dette blir den største nynorsklynga i Norge, med NRK Vestland, Firda Media, Nynorsk mediesenter, Nynorsk Avissenter og Teater Vestland. Nynorskhuset blir eit fyrtårn i fylket. Difor treng vi fleire skodespelarar som kan spele på dei vestnorske dialektane.

Teater Vestland ønsker å etablere ei satsing på skodespelarar og dramatikarar der eit nynorsk scenespråk med vestnorske målføre er norma for uttale. Vi håper òg å ha faste husdramatikarar som kan hospitere ved teateret. Vi treng fleire dramatikarar som skriv på nynorsk, noko som igjen vil auke bruken av nynorsk skriftspråk i samfunnet.

Eit utvida samarbeid mellom NRK Vestland og teateret om dubbing av seriar og teiknefilmar for born og unge, og produksjon av lydbøker på nynorsk og vestnorske målføre, vil kunne gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

Det er prisverdig at Vestland, som det står i Utviklingsplanen, «skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig regionalt kunst- og kulturliv med førsteklasses kvalitet, og ta ein sentral plass på den nasjonale og internasjonale scena.» Men, for å kunne ta en sentral plass nasjonalt og internasjonalt og vere ein leiande kulturregion, er det viktig å stimulere til nyskaping og samarbeid på tvers i det nye fylket.

I 2020 fekk Teater Vestland kr 300 000 til å starte opp prosjektet Regional Bransjeutvikling i Vestland i 2021. Med dette prosjektet vil vi utforske kva regionsamanslåinga vil bety for bransjen i fylket på mikronivå, og korleis vi som regionalt kompetansesenter kan bidra til å utvikle og stimulere til nyskaping og vekst i Vestland.

Med helsing

Teater Vestland

v/

Teatersjef Bodil Kvamme

Påtroppande teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Sandslihaugen 30
5254 Sandsli
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf: +47 22 404040
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
19.06.2020

Høyringsinnspel til Utviklingsplan for Vestland

Trygg Trafikk vil med dette gje høyringsinnspel til utviklingsplan for Vestland. Det er naturleg å avgrensa innspelet til høva som vedkjem trafikktryggleik og nullvisjonen.

Innleiingsvis er det verd å nemna at det er interessant å sjå korleis FN sine berekraftsmål er nytta gjennomgåande som ein raud tråd gjennom planen. I den samanhengen kan det vera verd å nemna at også trafikktryggleik heng i hop med FN sitt berekraftsmål 3, under delmål 3.6. Ut frå berekraftsmål 3 med tilhøyrande delmål, kan det slik sett også kanskje vera naturleg å vurdera innarbeiding av helse og tryggleik som sentralt premiss for vidare samfunnsutvikling i hovudmålsstrukturen. Særleg når me veit at ras er noko mange i distrikta er uroa for, og når t.d. politiundersøkingar deisiste åra viser at trafikkulykker er noko av det innbyggjarane i Noreg er mest uroa for i kvardagen.

Fylkeskommunen stiller ein rekke spørsmål dei ynskjer andre aktørar sine syn på. For trafikktryggleiksarbeidet sin del er det positivt at det er nemnt som tema under Mål 3 om *Trygg og miljøvenleg mobilitet*. Her vert det peika tydeleg på nullvisjonen som strategisk rammeverk for å jobba vidare med trafikktryggleik, noko som koplar fint nasjonale målsetjingar med det vidare regionale utviklingsarbeidet. I tillegg er me godt nøgde med at det vert peika på utfordringane knytt til det store forfallet og etterslepet på fylkesvegnettet, og dei negative innverknadane for trafikktryggleiken i kombinasjon med den auka risikoen for m.a. rasfare.

Ei problemstilling som godt kan tydeleggerast, er risikobiletet for gående og syklande gitt at ein lukkast med ei reisemiddelfordeling frå bil og kollektiv til meir gange og sykkel. Me har etter kvart ganske gode data på kor omfattande denne utfordringa er og kan bli i framtida. Det er viktig å tydeleggjera den sentrale koplinga mellom nullvekstmålet og nullvisjonen. Slik set ein søkjeljos på både ynskjet om å få fleire til å gå og sykla, samtidig som ein poengterer det samtidige behovet for førebyggja skadar og unødig høg risiko. Slik sett kan fylkeskommunen vurdera å utvida omtalen under punkt 1.3 i planen, der omtale av utrygge skulevegar er nemnt i samband med *Gode*



transportsamband og smart mobilitet, og kombinera dette med trafikktryggleiksperspektivet. Undersøkingar viser at manglande oppleving av god trafikktryggleik er ein viktig faktor som hindrar folk i å velja sykkelen, så også i Bergen. Trafikktryggleik er også ein sentral verdi som kan sjåast i samanheng med *Attraktive stader og gode nærmiljø*.

Trygg Trafikk vil avslutningsvis sei at me vurderer utfordringsbiletet som godt svart ut gjennom vurdert planbehov, og vil gjerne koma tilbake med konkrete høyringsinnspeil til fleire av dei nemnte regionale planane. Det er særskilt positivt at fylkeskommunen vil revidere Regional transportplan, vidareføra Regional areal- og transportplan og Regional folkehelseplan. Generelt er me opptekne av at relevante planar for trafikktryggleiken også har god omtale av trafikktryggleik som tema og nullvisjonen som strategisk rammeverk for samferdsleutviklinga. Trygg Trafikk vil halda fram med å koma med innspeil for å sikra at desse omsyna vert tilstrekkeleg teke i vare. Eitt av spørsmåla fylkeskommunen stiller er om planen bidreg til å mobilisera ulike aktørar til å delta i arbeidet med å byggja nytt fylke. Difor vil me også avslutningsvis sei at Trygg Trafikk gjerne stiller i relevant planarbeid for å bidra slik det vert vurdert høveleg.

Med venleg helsing
Trygg Trafikk

Knut Olav Røssland Nestås
Regionleiar Vestland
41206132
nestas@tryggtrafikk.no



Deres ref:

Vår ref:

26.06.20

Høringsinnspill fra Vestland idrettskrets – Utviklingsplan 2020 - 2024

Vi takker for muligheten til å komme med innspill til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Vi ser på utviklingsplanen som et viktig dokument for å samle gode krefter i Vestland for å nå felles mål for regionen. Idretten, som en viktig del av frivillig sektor, har ambisjon om å spille en aktiv samfunnsrolle for å bidra til å nå målene i planen. Med 1200 idrettslag og 240000 medlemskap er idrettsbevegelsen en betydelig kraft i Vestland. Vår visjon om idrettsglede for alle har i seg viktige verdier som inkludering, mangfold, folkehelse og fellesskap. Det er disse verdiene som er grunnlaget for den store deltakelsen i alle aldre – ikke minst blant barn og ungdom. Gleden i et fellesskap og gleden ved mestring er med å bygge mennesker. Det er mennesker som bygger og utvikler samfunnet vårt. Idretten prøver å legge til rette for at alle, med ulik kulturbakgrunn, ulikt språk, ulike funksjonshemminger og ulik alder skal finn sin plass i dette flotte fellesskapet.

Frivilligheten er bærebjelken i virksomheten vår, og vi er opptatt av at denne må vedlikeholdes og styrkes. I planen er dugnad og frivillighet trukket frem som en viktig del av kultur- og idrettslivet i Vestland. For at idrett og frivillighet skal kunne spille den rollen vi ønsker, er det avgjørende at denne sektoren ges gode vekstvilkår. Investering og tilrettelegging på dette området gir god avkasting.

Vi ønsker å delta aktivt i oppnåelsen av gode målsettinger i planen. Vi finner stor grad av samsvar mellom målsettinger i planen og formuleringer i idrettskretsens eget strategiske dokument for samme periode. Vi ønsker å legge vekt på arbeidet med bedre idrettslag, livslang idrett og flere og bedre idrettsanlegg. Idretten skal være mangfoldig og tilrettelaget for alle aldersgrupper og alle nivå.

I utviklingsplanen finner vi formuleringer som «gode og levande lokalsamfunn», «mangfold av møteplassar», «helsefremjande og trygge lokalsamfunn som inkluderer alle fra vogge til grav». Vi setter stor pris på at planen peker på viktigheten av å ivareta ungdoms behov for trivsel og tilhørighet. Vi liker den offensive tilnærmingen i målsettingen om «Vestland som leiande kulturregion».

Vi er glade for at planen trekker fram at ingen skal utelates. Idretten legger stor vekt på at idretten skal være for alle. Vi arbeider for å redusere økonomiske barrierer for deltagelse og for gode rammevilkår for idrettslagene. Dette er et sentralt virkemiddel for å forebygge utenforskap.

Oppsummert mener vi at utviklingsplanen vil være et godt styringsdokument for utviklingen av Vestland. Selv om dette er en overordnet plan, kunne vi ønske oss at idrett og frivilligheten ble pekt på i noen flere sammenhenger som det gode verktøyet vi mener at den er for å oppnå flere av målene i planen. Vi ser at det legges opp til at det skal utarbeides en regional plan for kultur, idrett og friluftsliv med oppstart i 2021. Vi støtter denne måten å bygge planstrukturen på.

Vestland idrettskrets ser fram til å delta i det videre arbeid med utarbeidelsen av plandokumentene – og i arbeidet for å nå målsettingene.

Med vennlig hilsen
VESTLAND IDRETTSKRETS

Nils R. Sandal
Styreleiar

Knut Songve
Organisasjonssjef

Vestland Innvandrerråd (VI) sine innspill til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – Regional planstrategi:

Innspill til 1.3 Utfordringar for fylket og regionane

5. Digitalisering av samfunnet:

For å lykkes med dette må alle personer/husstander ha nødvendig utstyr, programvare (f.eks. Microsoft Office), netttilgang og nødvendig opplæring. Lavinntektsfamilier bør få økonomisk støtte til å skaffe dette. Gratis opplæring er nødvendig for å øke de digitale ferdighetene hos bl.a. innvandrere og eldre.

Tiltakene som gjelder digitalisering er gode tiltak for målgrupper som er mobil- og datakyndige. Vi mener det må lages egne planer/tiltak for de som er ikke er mobil- og datakyndige nok.

Begrunnelse:

Det finnes mange i fylket (f.eks: eldre, psykisk syke, innvandrere) som bruker/behersker mobil og data i mye mindre grad enn majoriteten. Det må legges til rette for at disse kan ha andre muligheter til å delta i utviklingen.

E-helse og E-læring har vist seg å være effektive, men dette har mange utfordringer når det skal tas i bruk av eldre, syke og av innvandrere med lite IT-kompetanse. Det utelukker mange fra aktiv deltagelse i utviklingen av fylket.

Konkrete eksempler:

*Klasseromundervisning, verksted og seminarer i stedet for E-Læring for taxisjåfører på pasientreiser. Mange av disse sjåførene har innvandrerbakgrunn og de trenger kontinuerlig yrkesopplæring.

*Selvbetjent innsjekk og betalingssystem for helsetjenester i Helse Vest (jf. Alle møter-prosjektet i Helse vest) som har fokus på de som kan bruke mobil, og som har andre løsninger for de som ikke bruker mobil.

6. Relevant kompetanse og kunnskap

Hvis andelen personer med kun grunnskoleutdanning øker, er det på tide å øke antallet tilgjengelige yrkesfaglige skoleplasser med praksisplasser. Slik kan elevene kombinere skole og praksis fra første år, noe som kan virke motiverende.

8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv

Her er det viktig å inkludere innvandrernes kulturarv i form av mat, musikk, dans, kunst, skuespill o.l.

9. Eit likeverdig samfunn

Det kommer tydelig frem at det er økende ulikhet i Vestland, og fylket står i dag overfor store utfordringer knyttet til å trygge sysselsettinga, redusere økonomisk ulikskap, redusere den sosiale effekten av økonomiske skilnader, og forebygge utenforskap.

Vi savner et konkret punkt som går på utfordringer knyttet til innvandrere når det gjelde å minske ulikheten i samfunnet mellom innvanderbefolkningen og majoritetsbefolkningen.

10. Ungdom – trivel og tilhøyre

Idrettslagene må få mer økonomisk støtte til å inkludere barn og unge fra lavinntektsfamilier.

Innspill til 2.5 Samarbeid for å nå måla:

Vestland Innvandrerråd (VI) ønsker å bli aktivt involvert i fylkeskommunen sin politikkutforming for integrering og inkludering av innvanderbefolkningen

- VI ønsker å være en sentral stemme når saker som bosetting, fattigdomsbekjempelse, arbeidsmarkedet og friluftsliv er på dagsorden
- VI ønsker aktive og fungerende brukerutvalg for de målene i utviklingsplanen der det er nødvendig og hensiktsmessig
- VI ønsker å være en aktiv og konstruktiv bidragsyter til utformingen av handlingsplaner som berører medlemmene som vi representerer

Spesielle tiltak for innvandrerbefolkningen:

Med utgangspunkt i fylkeskommunens mål om like muligheter til å delta i verdiskaping ønsker Vestland Innvandrerråd:

- Øremerkede tilskuddsordninger til idrett og friluft for barn og ungdommer blant innvandrerbefolkningen
- Distriktsbosetting i kombinasjon med tilbud om jobbtrening og/eller fagopplæring for innvanderfamilier med små barn og ungdommer
- Forsterket språktildeling til innvandrerbefolkningen, samt en generell kompetanseutvikling i forhold til integrering og inkludering
- Tilrettelegging for aktiv involvering/deltakelse av innvandrerbefolkningen i lokaldemokratiet
- VI ønsker offentlige brukerutvalg for de sentrale tiltakene der innvandrerbefolkningen er godt representert

Høringsinnspill Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Vestland musikkråd er en paraplyorganisasjon for det frivillige musikklivet, altså alle som spiller, synger og lager musikk på sin fritid. Vi har de siste årene hatt et særlig fokus på offentlige kulturplaner, og vi leser høringsforslaget til utviklingsplan for Vestland med stor interesse.

Våre undersøkelser viser at bare 20% av kommunene i Sogn og Fjordane og Hordaland hadde kulturplaner før kommune- og fylkessammenslåingen. Vi mener kulturfeltet lider av manglende offentlig planmessighet. Til gjengjeld sitter vi nå med to fylkeskommunale kulturplaner, og vi er naturligvis særlig opptatt av hvordan disse skal videreføres.

Utviklingsplanen definerer fire hovedmål for perioden. Disse er vidåpne, og kan romme det meste, men viser likevel en retning. Det er åpenbart for oss i Vestland musikkråd at det frivillige musikklivet, og frivilligheten og kulturlivet ellers, er nøkkelen til den ønskede utviklingen av Vestland-samfunnet. Vi opplever at hovedmålene og strategiene som er foreslått er så åpne at de ikke står i veien for den videre prosessen, og bør være mulig for de aller fleste å stille seg bak. Vi har noen kommentarer til høringsforslaget, som vi håper vil bidra til en enda bedre planplan.

Måloppnåelse

Det er riktig, og viktig, at FNs bærekraftsmål skal gjennomsyre fylkeskommunens planarbeid. Vi ser også at det er nødvendig for fylkeskommunen å ha et system for å sikre og overvåke måloppnåelse. Vestland musikkråd vil likevel oppfordre fylkeskommunen til å passe seg for byråkratifellen i dette arbeidet. Utviklingsplanen må bidra til mindre byråkrati, telling, veiling og rapportering, og mer fokus på å gjøre Vestland til et bedre samfunn. Måloppnåelse må derfor beregnes på grunnlag av indikatorer som allerede er tilgjengelige, og ikke føre til økt rapportering og administrasjon, spesielt for de frivillige organisasjonene. Fylkeskommunen bør heller invitere aktørene, og de ulike miljøene, til å komme sammen og selv definere hva de kan bidra med for at vi sammen skal nå bærekraftsmålene. Gjerne gjennom nye og spennende samarbeid.

Vi mener Sogn og Fjordane sin kulturplan «Kultur for alle» er et godt eksempel på at også fylkeskommunen kan sette konkrete mål, som ikke krever et omfattende fylkeskommunalt indikatorsystem for å beregne måloppnåelse.

Sammen kan vi gjøre Vestland til et bedre samfunn ved å fokusere på bred deltakelse, engasjement, samarbeid, medvirkning og medbestemmelse, uten å jakte indikatorpoeng.

Frivilligpolitikk

Vestland musikkråd mener det er viktig å tydeligere definere frivillighetens rolle i Vestlandsamfunnet. Frivilligheten blir ofte nevnt som en viktig aktør i fylkeskommunale dokumenter, så også i denne utviklingsplanen. Det er riktig at frivilligheten skal ha en plass på alle samfunnsmiljøer, men frivilligheten ender opp med å omtales uten substans. Vi mener frivilligheten faller mellom alle stoler i planverket, og Vestland fylkeskommune har dermed i praksis ingen frivillighetspolitikk. Vi støtter «Hovudutval for kultur, idrett og integrering» sitt vedtak om å utarbeide en frivilligpolitisk strategi, noe som må inn i denne utviklingsplanen.

Ungdom

I det innledende kapittelet om fylkets og regionenes ti største utfordringer blir ungdom særlig trukket fram, blant annet grunnet utflytting og frafall fra organiserte fritidsaktiviteter. Vi kan

ikke se at den utfordringen er tatt videre i hovedmålsettingene i utviklingsplanen. Dette velger vi å oppfatte som en inkurie. Satsning på ungdomskultur er viktig. Vi tror det er nødvendig å satse mer på ung medvirkning og medbestemmelse, og ikke minst unges eierskap til sine lokalsamfunn.

Regional plan for kultur

Det er varslet en revisjon av regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Vi har i dag to parallele kulturplaner fra Sogn og Fjordane og Hordaland, som har virketid til henholdsvis 2027 og 2025. Det er uklart formulert i utviklingsplanen om denne revisjonen skal resultere i en felles kulturplan for Vestland, eller bare innarbeide nye oppgaver knyttet til friluftsliv, kulturarv og integrering, og samkjøring med det nye utviklingsplanen i de eksisterende kulturplanene. Altså hovedsakelig en videreføring av de to kulturplanene. Vi mener det er uheldig om vi blir sittende med ulik kulturpolitikk i Sogn og Fjordane og Hordaland i lang tid. Det må på plass en felles kulturplan for Vestland dersom vi sammen skal lykkes med å bygge felles identitet og forståelse som overskriper tidligere kommune- og fylkesgrenser.

Inkludering

Utviklingsplanen sier at ingen skal uteslutes, inkludering skal være et gjennomgående perspektiv, og vi skal ha sunne, aktive og robuste innbyggere med like muligheter for samfunnssdeltakelse. Altså hårete og viktige mål. Det har vært mange gode og åpne innspillsmuligheter så langt i planprosessen. Vi stiller likevel spørsmålet: Inviterer forslaget som foreligger til en videre prosess som inkluderer, inspirerer og mobiliserer Vestlandssamfunnet, slik det er formulert i hovedmålsetningene i dokumentet? Dette er store utfordringer for oss alle. Vi er usikre på om fylkeskommunen lykkes i å nå disse målene med dette dokumentet på 44 sider. Utviklingsplanen er retningsgivende for Vestland, og oss som bor her. Når høringsutkastet nå foreligger: Er vi sikre på at alle samfunnslag har lik mulighet til å komme med sine innspill?

Vi som kommer fra interesseorganisasjonene forsøker å sikre våre interesser, og kommunene forsøker å sikre sine interesser. Men hva med de stemmeløse, og de uorganiserte? Hvem sloss for deres interesser? Ambisjonene i plandokumentet er store, men lykkes fylkeskommunen i å gå langt nok for gjennomgående å inkludere alle? Vi har ikke svaret, men mistenker at vi alle har store utfordringer foran oss for å sikre bred deltagelse i samfunnslivet.


--

Alt i alt mener vi i Vestland musikkråd at høringsforslaget lykkes i å definere noen retningsgivende mål for Vestland, samtidig som det er så åpent at det ikke er til hinder for kreativitet og utvikling. Vi ser fram til den videre prosessen, og har ikke minst store forventninger til den forestående revisjonen av kulturplanene. Vi håper fylkeskommunen fortsetter med gode og inkluderende prosesser, og vi ser fram til å bidra i disse.

Vestland musikkråd, Bergen 11.06.2020



Tore Kloster
Styreleder



Marius Dale Romslo
Daglig leder

VERDISKAPING I KULTUREN OG NYNORSKEN SOM STORREGIONEN SIN IDENTITET.

På vegner av Det Vestnorske Teateret vil vi takke for ein god planprosess så langt. Det vitnar om eit nytt storfylke som ser mogelegheitar i framtida som samanslått region og som vil møte utfordringar med godt mot. Det blir spanande å finne fram til ein god samekstistens der våre samla ressursar kjem heile Vestland til gode og utviklar oss vidare i lag.

Vi er særleg glade for at det ved sida av ei ambisiøs satsing på eit grønt skifte er tufta mange tankar på regionen sin identitet som verdiskapande. Det meiner vi også er vesentleg i eit kulturelt perspektiv.

Det er godt å sjå at Vestland tek mål av seg til å være ein framoverlent kulturregion også i framtida. Verdiskapinga her nyter godt av ein tydeleg identitet som understrekar kva ressursar som bur i regionen. Vestlendingane har tradisjon for å tenke store tankar, våge å satse stort og nytte dei ressursar og verdiar som ligg føre i regionen. Det har ofte flytta oss fram og løfta oss ut på ein måte som og har verka samlande på oss her heime. Eit sterkt og levande kunst og kulturfelt vil gjere livet i regionen rikare og det vil styrke vår identitet som verdiskaparar på nasjonalt plan. Vi har sett mange gode døme i musikken og i litteraturen på dette. Det er viktig at ein utviklingsplan for nye Vestland er ambisiøs på vegner av heile verdikjeda som løftar fram nye, sterke vestnorske stemmer.

Vi treng brei og inkluderande rekruttering til kulturfeltet. Det er viktig at born og unge i heile regionen vert eksponert for kunst av høg kvalitet, at det satsast på estetiske fag og at fritidstilbod også famnar dette. Vi treng desentraliserte mogelegheiter for talentutvikling liksom vi også må jobbe for eit sterkare mangfold i denne rekrutteringa. Det Vestnorske Teateret trur at framtida for regionen er avhengig av at dei ytringar som kjem til orde og dei talent som vert utvikla her avspeglar sentrum og periferi, så vel som eit aukande kulturelt mangfold i regionen.

Vi vil understreke viktigheta av ein sterk storby som inkluderande motor for Vestland. Bergen er viktig. Fylket treng sterke profesjonelle institusjonar og produksjonsmiljø som er store nok til å utvikle OG halde på kunstnarlege krefter i regionen.

Både for regionen si samlande identitetsskaping og for regionen sin synlegheit nasjonalt er satsinga på det nynorske språket avgjerande. Vi har ein demokratiserande arv å forvalte som nynorskregion. Eit tradisjonsmedvite vern av språket og ei dynamisk utvikling av nynorsken bør stå i høgsetet for Vestland sin kulturpolitikk. Det Vestnorske Teateret meiner at vi har eit stort potensiale å famne ved å gripe språkidentiteten som ein byggstein i ei lovande framtid for regionen. Dette innebærer både ein inkluderande utvikling av kunstnarar, spissa satsing på institusjonar og ein offensiv vilje til å være ein tydeleg varde for nynorsken i heile landet. For teateret sin del vil vi her særskilt løfte fram utøvarar sine mogelegheiter for å uttrykke seg på vestnorske målføre og at regionen sine skrivande krefter får miljø og arenaer dei kan utvikle seg i og på.

Solrun Toft Iversen

Teatersjef

**DET
VESTNORSKE
TEATERET**

Utviklingsplan for Vestland 2020- 2024 – høyringsfråsegn frå HAFS Regionråd

HAFS regionråd har drøfta utkastet til regional planstrategi for Vestland 2020-2024. Vi har også delteke på Web-møte med innspel 2. juni i år.

Vi er i hovudsak godt nøgde med det utfordringsbiletet som er skissert, og den målstrukturen som er presentert for å kunne møte desse utfordingane. I det vidare vil komme med innspel til utfordringsbiletet, visjonen og dei 4 hovudmåla med tilhøyrande strategiar:

1.3 Utfordringar for fylket og regionane

HAFS regionråd kjenner seg godt att i det skisserte utfordringsbiletet, men vil komme med følgjande suppleringar/merknader:

- Balansert areal- og naturressursbruk er viktig, men plankompleksiteten er no vorten alt for stor. **Forenkling av planregimet** og differensiering mellom pressområde og utkantområde er heilt avgjerande for å skape involvering og ny legitimitet. Skal vi auke forståinga for balansert areal- og naturressursbruk, må Vestland ta på seg rolla som pådrivar for eit forenkla og meir differensiert plansystem både på regionalt og kommunalt nivå.
- Grøn konkurransekraft og smart mobilitet er viktig i heile Vestland, men det må vere ei klar fylkeskommunal oppgåve å sikre at rekninga for omstillingar i transportsektoren ikkje aukar avstandsulempene for dei som allereie betalar ein ekstra pris (ferjebillett) for å komme inn på fylkes- og riksvegnettet.
- Mobiliseringssamfunna, dvs lokalsamfunn som mobiliserer eigne innbyggjarar til frivillig innsats for lokal samfunns- kultur- og næringsutvikling, er viktige partnarar både for kommunane og den nye fylkeskommunen. Det er ei utfording for fylket og regionane korleis ein skal samarbeide med slike «botn-opp-initiativ» på ein konstruktiv måte, og det er ei svakheit ved utfordringsbiletet at dette perspektivet ikkje er med.

2. Målstruktur

HAFS regionråd deler visjonen om eit nyskapande og berekraftig Vestland, og støttar fullt ut at planen må ha ei «*heilskapleg tilnærming til utviklingsspørsmål på tvers av fag og sektorar*»

Regionrådet er også godt nøgde med at tanken om samarbeid for måloppnåing ser ut til å vere gjennomgående i heile planstrategien. I pkt. 2.5 tek planstrategien opp denne samarbeidsutfordinga:

« Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentleg sektor, frivillighet, kulturliv og innbyggjarar, og mellom ulike nivå innan offentleg forvaltning. Vi treng styrka kompetanse på samskaping, samarbeid, nettverksjobbing og partnerskap for å få til dette»

HAFS Regionråd vil vise til at det finst ein lang internasjonal tradisjon for slik organisering. Denne er i Norge i dag representert ved regionalparkar, geoparkar, verdsarvområde og biosfæreområde.

- HAFS regionråd ber om at Vestland fylkeskommune engasjerer seg aktivt i vidareutvikling av parkar og parkinitiativ innanfor sine grenser, og slik bygger kompetanse og hentar erfaring frå tverrsektorielt utviklingsarbeid heilt frå eigne lokalsamfunn til nasjonale satsingar som Norske Parkar, Norske Geoparkar og internasjonale organisasjonar som UNESCO og Europarc Federation.

Mål 1 – Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Norge

HAFS Regionråd støttar målet og dei 4 utvalde strategiane, men vil komme med følgjande merknader:

- Internasjonalt samarbeid bør forsterkast på alle nivå. Vestland fylkeskommune kan mellom anna gjennom ulike parkar og parkinitiativ i fylket ta eit leiarskap for å kople kommunar, lokalsamfunn, verksemder og FOU-institusjonar i felles prosessar. I denne samanheng kan ein ei integrert og gjennomgåande satsing på natur- og kulturarv, skape grunnlag for framtidssretta og berekraftig reiseliv.
- HAFS Regionråd støttar at Vestland skal vere ein pådrivar for utflytting av statlege arbeidsplassar, og krev at dette må skje på ein slik måte at det styrkar ulike større bu- og arbeidsområde i heile fylket.
- I informasjonssamfunnet står sjølve språket fram som det viktigaste fundamentet for nyskaping. God språkkjensle og kreativ skriving er avgjerande for dei fleste nyskappingsprosessar. I dette biletet har Vestland eit særskilt ansvar for nynorsk og nynorsk språkhistorie.

Mål 2 – Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

HAFS regionråd har følgjande merknader til dette målet:

- Regionrådet er samde i at langsiktig og balansert arealforvaltning er viktig for Vestland, men det er også viktig at kommunane og lokalsamfunna kan nå fram med sine lokale interesser i planprosessane. På denne måten vert den lokale eigeninteressa av lokal planlegging sterkare. Vestland fylkeskommune må vere ein pådrivar for betre differensiering og meir bruk av lokalt skjønn i alle planprosessar.

- HAFS Regionråd meiner at Vestland fylkeskommune skal presse aktivt på for å få utbygging av vindkraft regulert etter plan- og bygningslova, og at det blir etablert eit skatteregime som sikrar at ein langt større del av overskotet går tilbake til vertskommunane.
- Grøn omstilling er eit gjennomgåande tema i planen og *sirkulærøkonomi* er eit mykje brukt omgrep. HAFS-regionen har mange små lokalsamfunn der den lokale butikken utgjer viktig servicepunkt og viktige arbeidsplassar. Det er ønskjeleg å få gjort ei analyse av om det finst ein miljøgevinst ved å ertstatte samordna anbodsstyrte kommunale innkjøp med meir **kortreist handel**.

Mål 3 – Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

HAFS Regionråd har desse merknadene til målet og dei framlagde strategiane:

- HAFS regionråd meiner at utviklingsplanen for Vestland må ha eit klart uttalt mål om å **oppretthalde busetnadsmønsteret**, og at utvikling av senterstruktur og bu- arbeids- og serviseområde må skje i lys av dette overordna målet.
- HAFS regionråd meiner at Vestland fylkeskommune også må vidareutvikle strategiar for korleis ein kan samhandle med frivillig sektor og kommunar om lokalsamfunnsutvikling i utkantbygdene – dvs vidareføre og forsterke **bygdeutviklingsprogrammet Liv og Lyst**.
- Attraktive stader og gode nærmiljø er avgjerande for å oppretthalde eit desentralisert bustadmønster og sikre god utnytting av ressursgrunnlaget i heile fylket. Difor må Vestland i tillegg til by- og regionutvikling og større bu- og arbeidsmarknadsregionar, også satse på «**utkantens urbanitet**» d.v.s små tettstader og lokalsamfunn med gangavstand mellom arbeidsstad, servicefunksjonar og bustad.

Mål 4 – Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

HAFS regionråd støttar målet og strategiane, men har følgjande supplerande merknad:

- For å kunne realisere læringsstrategien (sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring) vil det vere heilt avgjerande å **oppretthalde eit desentralisert skulemønster** som reduserer ufrivillig hybelliv til eit minimum. God oppfølging frå grunnskule til vidaregåande og gode praksisordningar i lokalt næringsliv, kan redusere utanforskap og hindre dropout frå vidaregåande skule.
- Små lokalsamfunn kan ofte vere gode integreringsarenaer for flyktningar og asylsøkjarar, og Vestland fylkeskommune bør vere ein **pådrivar for at også mindre kommunar får høve til å ta imot flyktningar**.

4 Planbehov i perioden 2020 – 2024

HAFS Regionråd har følgjande merknader til planbehovet i perioden:

- HAFS regionråd er negative til vidareføring av regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane og ønskjer at denne snarast mogeleg skal erstattast av ein samla klimaplan for Vestland.
- HAFS regionråd meiner at det skal vere ein overordna strategi i Vestland fylkeskommune å satse på regionalparkar, geopolarkar, biosfæreområde og verdsarvområde for å skape internasjonal merksemd om fylket sin unike natur- og kulturarv, og styrke lokal verdiskaping basert på samarbeid på tvers av institusjonar, organisasjonar og forvaltningsnivå.
- HAFS Regionråd meiner også at det bør vere ein overordna strategi for fylkeskommunen å formalisere eit tett og forpliktande samarbeid med regionråda i det nye fylket. Slikt samarbeid vil kunne bygge ned tersklar mellom forvaltningsnivåa, skape forankring for dei fylkeskommunale satsingane, og forsterke effekten av interkommunalt samarbeid.



Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Uttale vedr. Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er sendt ut på høyring med høyringsfrist 28. juni 2020. Planen tek utgangspunkt i 4 hovudmål og strategiar.

Desse er:

Mål 1

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategiar

1.1 Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.

1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.

1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.

1.4 Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret. I høyringsmøte 02.06.2020 kom det fram mange felles prioriteringar/fokusområde i regionråda sine innlegg.

Mål 2

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategiar:

2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.

2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 3

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategiar:

3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 4

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategiar

4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Gjennom høyringsmøtet 02.06.2020 kom det innspel frå alle regionråd i fylket. Mange av momenta som vart omtala frå dei ulike regionråda er felles utfordringar og vil stå høgt på prioriteringsslista for Hardangerrådet.

Følgjande moment er prioriterte:

- Utviklingsplanen må differensiera mellom by og distrikt ift utfordringar og mogelegheiter for utvikling. Fylkeskommunale planar må ikkje vera på kollisjonskurs med distrikta sine behov. Fylkeskommunen må skilja og balansera mellom byregionar og distriktsregionar ift. ressursinnsats og tiltak. Attraktive kommunar og regionar er ein styrke for heile fylket.
- RTP vil vera ein særsviktig plan for alle regionane i fylket. God utvikling av både digital og fysisk infrastruktur vil verta ein nøkkel for utvikling og vekst i Vestland fylke. Trygge vegar er eit ufråvikeleg krav frå Hardanger. Samfunnskritisk infrastruktur må ikkje vera brems i utvikling. T.d. kraft, veg, digital infrastruktur (fiber og mobilnett). Det er eit paradoks at regionane i Noreg med størst industri- og kraftproduksjon stort sett er dei regionane med dårlegast fysisk og digital infrastruktur. Det ligg ei betydeleg regional- og distriktpolitisk oppside i å rassikra og betra vegsamband, og å betra den digitale infrastrukturen. Rassikring og vegutbetring i desse distrikta må prioriterast langt sterkare i nasjonale transportplanar enn det som har vore tilfellet dei siste tiåra.
- Etablira ny og sams modell for samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane/regionråda. Gje like høve til å delta i høyringsprosessar.

- Inkluderande arbeidsliv må vera eit satsingsområde for fylkeskommunen
 - Sosialt entreprenørskap og samskaping
 - Like tilbod for heile fylke
 - Stimulera til regional samhandling innanfor ulike næringar. t.d. matproduksjon
- Fylkeskommunen er oppmoda om å ta eigarskap til prosess for å harmonisera samhandling og avtaleformer mellom fylkeskommunen og regionråda.
- Digitalisering - desentralisera fylkeskommunale funksjonar. Statlege arbeidsplassar til fylket. Fylkeskommunen må arbeida hardt for å tilføra regionane statlege og fylkeskommunane arbeidsplassar. Ved å ta i bruk ny teknologi kan ein finna fleksible løysingar ift. utdanning og arbeidsplassar,
- Utviklingsplanen for Vestland er tufta på FN's berekraftsmål. Fokus på berekraft - grøn omstilling, klima og miljø må prega alle planar framover. Klimanøytral energiutvikling må verta eit satsingsområde. Me har stort potensial for meir produksjon av fornybar energi. Vindkraft er kontroversielt, meirproduksjon bør difor skje ved å effektivisera eksisterande vasskraftverk i tillegg til vidare skånsam utbygging av ny vasskraft. Krafta må vidareforelast der den vert produsert, her peikar produksjon av energiberarar som hydrogen eller ammoniakk seg ut. For Hardanger vil vidare utviklingsarbeid for å stimulera til auka bruk av hydrogen vera ein prioritet. Hardanger har som mål å verta "Hydrogenregionen i Norge".
- Vi har inntrykk av at industrien si svært viktige rolle har blitt underkommunisert frå regionalt hald over lengre tid. Industrioppskriftsmåla er svært viktige for Vestland som eit stort industri- og energifylke, og kan ikkje vera spreidde i ulike satsingar. [Vi oppmodar sterkt til at Utviklingsplanen for Vestland inneheld ei revidering av Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016–2025, slik at denne blir å gjelde for heile nye Vestland fylke.](#) Strategien vil vera eit nyttig verkty for hjelpeapparatet, som skal leggje til rette for verdiskaping i industriverksemder og hjå leverandørane til industriverksemndene i fylket. Det trengst ein aktiv regional og nasjonal industripolitikk.
- Kompetanse tilpassa arbeidslivet sine behov må ha fokus også for fylkeskommunen sine planar. VGS er viktig for Hardanger. Å tilpassa studietilbodet i vidaregåande skular er det viktigaste tiltak og å sikra nok tilgang på kvalifisert arbeidskraft til verksemndene i regionen. Det må også nemnast fokus på desentralisert høgskuleutdanning. Høgskuleutdanning som kan takst lokalt i regionen vil medverka til å hindra hjerneflukt. Ein kan då kan betre utnytta evne og talent som finst mellom folk. Samhandling VGS-NAV-Næring må vera eit stikkord for plangrunnlag knytta til kompetanse.
- Styrkja regionale senter - bygdebyar. Sterke regionsenter er avgjerande for å skapa utvikling og vekst i regionane. Fylkeskommunen må vera ein tilretteleggjar og pådrivar for at regionsentra vert gjort endå sterkare gjennom t.d. fortetting. Det regionale tenestetilbodet må styrkast. Distriktskommunane i Noreg har større utfordringar med «eldrebylgja» enn sentrale strok. Sterkare fortetting i regionale og lokale sentra vil bidra til ei meir kostnadseffektiv eldreomsorg, der eldre kan bli buande lengre heime. Digitalisering gjev stadig nye moglegheiter for desentralisering av offentlege oppgåver og tenester. T.d. bør oppgåver innanfor fylkeskommunal administrasjon vurderast flytta til regionsentra.

- Næringsutvikling. Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar i samarbeid med kommunar/regionar må styrkast. Samspelet med kommunar og regionråd vil vera avgjerande for korleis fylkeskommunen vil lukkast med dette arbeidet.
- Fylkeskommunen må ta styring for utarbeiding av ein regional plan for reiseliv (masterplan), ein regional plan for landbruk og ein industristrategiplan. Desse planane må koma til syne og vera del av Utviklingsplanen og ikkje berre i underliggjande temaplanar.

Kinsarvik 26.06.2020

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar

Uttale Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, regional planstrategi

Om Kystrådet

Kystrådet består av kommunane langs kysten av Sogn og Fjordane: Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Kinn, Bremanger og Stad. Ordførarane møter i rådet. Rådet blei oppretta som eit resultat av Regional strategisk plan for kysten, vedtatt i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2018.

Generelt om utviklingsplanen

Regional planstrategi vil vere ein svært viktig plan for utviklinga av Vestland, og vil danne grunnlaget for samfunnsutvikling og viktige rammevilkår for næringslivet i Vestland i mange år framover. I all hovudsak støttar vi utfordringsbiletet og dei overordna måla som ein legg til grunn i planen. Vi saknar likevel litt meir tydelege formuleringar, satsingar og strategiar for å nå dei overordna måla.

Vi saknar tydelegare formuleringar om kysten og kystnæringane si rolle for å nå dei strategiske måla i utviklingsplanen. I nært sagt alle berekraftmåla og dei strategiske måla så vil kysten og utviklinga av kysten vere avgjerande. Det er her potensialet til vekst, innovasjon, berekraftig ressurs- og arealforvaltning, framtidssretta og berekraftig næringsutvikling og utvikling av arbeidsplassar er størst. Veksten i åra framover vil kome i maritime og marine næringar, i tillegg til at det største potensialet for fornying og innovasjon innan olje/gass, kraftproduksjon, grøn skipsfart, reiseliv, havbruk og industri ligg på kysten. Fylkeskommunen må ha eit medvite forhold til at om ein skal oppnå dei overordna måla, så spelar kysten, kystkommunane og kystnæringane ei heilt avgjerande rolle. Dette bør difor innarbeidast i planen.

Til tross for potensialet, så slit mange kystkommunar med fråflytting og ei aldrande befolkning. Dette heng tett saman med mangelen på gode kommunikasjonar for å sikre nærleik til viktige bu-, arbeids- og servicetilbod i større regionar. Infrastrukturen langs kysten er generelt sett i betydeleg dårlegare stand enn elles, og den er i all hovudsak fylkeskommunal. Fylkeskommunen har difor både eit særleg ansvar, men også ein stor mulighet, i å satse på utvikling og vekst i kystkommunane i åra framover.

Klima og transport

Kystrådet deler dei høge klima- og miljøambisjonane til Vestland fylke, men opplever samtidig at det er ein lang veg å gå før kysten har eit kollektivtilbod som gjer kollektivreiser til eit godt nok alternativ for mange for arbeidspendling og annan reiseaktivitet i nord/sør-aksen. Det er også eit stort investeringsbehov for å få plass nødvendige fartøy og infrastruktur på land for nullutsleppsteknologi til sjøs (elektrisitet, hydrogen mv). Vi ønsker å invitere Vestland fylke til å samarbeide med Kystrådet om å lage ein samla strategi/plan for framtidas klimavennlege transport på kysten, der ein samtidig kan bli ein føregangsregion på å ta i bruk ny teknologi som fartøy med nullutsleppsteknologi, infrastruktur for innfasing av hydrogen, uttesting av autonome fartøy etc.

Balansert areal- og ressursforvalting

Dette blir trekt fram som ei viktig – og krevjande – utfordring i Utviklingsplanen. Vi er samde i måla om ei langsiktig og balansert arealforvalting, men opplever i praksis mange døme på krevjande prosessar knytt til arealbruk opp mot fylkeskommunale/statlege organ, der desse organa ofte i liten grad er samordna/koordinerte, og der det blir sett store ressursar inn på å vanskeleggjere små, viktige saker for lokal utvikling som bygging av hus ute i bygdene – som vi frå ein kommunal ståstad ser på som avgjerande for å ta vare på busetting og langsiktig ressursforvalting. Dette er eit viktig og krevjande tema for mange distriktskommunar, som vi ønsker å få til betre, meir føreseielege prosessar med opp mot fylkeskommune og regional stat.

Fylkeskommunen bør ta initiativ til og spele ei sentral rolle i å samordne interessene som gjeld framtidig arealbruk i sjø.

Strategisk plan for kysten

Denne planen er foreslått vidareført. Utifrå at det er mange av tiltaka i planen som endå ikkje er fullførte, så er det fornuftig og noko Kystrådet vil bidra til. Ettersom fylkeskommunen har vedteke opprettinga av eit kystråd, så er det viktig at fylkeskommunen inviterer Kystrådet med i planprosessar og partnarskap, slik at ein får høve til å jobbe for oppfylling av måla i planen. Blant anna vil Kystrådet gjerne samordne og koordinere innspel til planprosessar for kysten i tidlegare Sogn og Fjordane, og då må vi og inviterast inn i arbeidet. Ein har og ei forventning til at fylkeskommunen oppfyller sine forpliktingar og tiltak som er vedteke i planen.

Kystrådet er i det store og heile godt nøgd med heilskapen i planen. Vi håper at ein klarer å være meir tydelege i korleis ein skal oppnå måla og løyse utfordringane, både i sjølve planen, men og i seinare handlingsplanar og budsjett. Kystrådet ønskjer å vere ein positiv medspelar for fylkeskommunen i åra framover, og ser fram til eit godt samarbeid.

Kystrådet, 25.06.2020

Vestland fylkeskommune

Vår ref:

Sak: 20/3485 JpID: 20/16907 Sbh: ABJ

Dykkar ref.

referanse 2020/1420

Dato:

28.06.2020

Utviklingsplan Vestland - uttale frå Nordfjordrådet

Utviklingsplanen for Vestland fylke er eit godt utgangspunkt for utvikling av Vestland, og er langt på veg samsvarande med mål og strategiar for Nordfjordrådet (sjå vedlagt strategiplan for Nordfjordrådet).

Utviklingsplanen gir etter vårt syn ei tydeleg retning for det nye fylket. Planen er lett å forstå og virkar samlande. Planen er ikkje eit «ferdig, lukka dokument», men er open i formen og inviterer til vidare deltaking, samskaping og samarbeid. Det betyr at planen må sjåast på som ein invitasjon til regionane og kommunane i Vestland til å ta del i og ansvar for utviklinga.

Nordfjord har som region ca 30.000 innbyggjarar og er samansett av kommunane Stryn, Stad og Gloppen og deler av kommunane Kinn og Bremanger. Nordfjord er ein sterkt «næringslivsdriven» region. Vi har høvesvis få store statlege og fylkeskommunale kompetanseområder, men over 30 store bedrifter med nasjonalt og internasjonalt nedslagsfelt tillegg til ein underskog av små og mellomstore bedrifter. Vi er også del av ein samla bu- og arbeidsregion i Nordfjord/Søre Sunnmøre med langt over 50.000 innbyggjarar. Ein fersk rapport frå NAV i 2019 syner at Nordfjord saman med Sunnhordland er den regionen i Vestland med størst «sug etter folk» og vekstpotensiale.

Ei viktig årsak til at mykje ligg til rette for vekst i Nordfjord i åra framover, er at vi har eit næringsliv som er godt tilpassa det grøne skiftet og framtidas vekstnæringar. Vi ligg i «oljeskuggen» på Vestlandet. Det har tidlegare vore ei ulempe for verdiskaping og vekst. No kan det snuast til ein fordel.

Eit særmerkt trekk ved Nordfjord er at vi har fire om lag like store tettstader/ kommunesenter i regionen: Måløy, Nordfjordeid, Stryn og Sandane. Desse fire tettstadane er alle blant dei sju største tettstadane i tidlegare Sogn og Fjordane, og alle er skulestader med vidaregåande skule.

Nordfjordrådet – regionrådet for Nordfjord - sine overordna mål er å legge til rette for vekst og verdiskaping. Vi seier i vår strategiplan at Nordfjord skal ligge i forkant innan det grøne skiftet, og vere ein foregangsregion innan fornybar energi. Vi skal styrke regionen som ein attraktiv bu- og arbeidsregion og vidareutvikle tettstadane våre med bakgrunn i staden sine kvalitetar og fortrinn. Nordfjord som region skal vere kjent for god inkludering av nye tilflyttarar uansett nasjonalitet. Vi skal ha eit utdanningstilbod som er i samspel med næringslivets framtidige behov.

Nordfjordrådet si rolle som regionråd er å vere ein **pådrivar** og **tilretteleggjar** for regional utvikling. Vi kan vere eit bindeledd mellom næringsaktørar og regionalt nivå, søkje om eksterne midlar til regionale utviklingsprosjekt og skape arenaer og nettverk som er viktige for regional utvikling.

Postadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org.nr

921 060 157

E-post

post@stad.kommune.no

Internett

www.stad.kommune.no

Nordfjordrådet sin gjeldande strategiplan har tittel «Vilje til vekst», og har følgjande satsingsområde:

- *Regionutvikling gjennom satsing på fleirkjernestruktur og identitetsbygging.*
- *Utvikling og vekst i nye og grøne næringar*
- *Inkludering i Nordfjord*
- *Utdanningstilbod og samspel mellom næringsliv, offentleg sektor og FoU-miljø*

Vi ser ut frå dette på Utviklingsplan for Vestland som eit svært godt utgangspunkt for samarbeid og samskaping mellom Vestland fylkeskommune og Nordfjord som region. Måla og strategiane er i all hovudsak relevante og treffsikre.

Vi vil likevel spele inn følgjande utfordringar/ kommentarar til det vidare arbeidet med dokumentet fram mot Fylkestinget si handsaming hausten 2020:

1. Regionråda/regionane si rolle. Vi meiner Vestland fylke treng regionråda/regionane som strategisk samarbeidspartner for å nå dei ambisiøse måla i utviklingsplanen. Sogn og Fjordane fylke backa regionråda med medfinansiering og brukte dei som strategiske verktøy - vil Vestland gjere det same? Vi synst det er ein dårleg start på samarbeidet at medfinansieringa av regionråda er kutta frå budsjettet til Vestland i 2020.

2. Dei vidaregåande skulane – avgjerande for å møte framtida. Nordfjord er ein region utan høgskule og offentlege FoU-miljø. Då er dei vidaregåande skulane heilt avgjerande for regionen si evne til å byggje kompetanse – og er i større grad enn i andre regionar inngangsporten ikkje berre for fagutdanning og vidaregående utdanning, men også for koblingar inn mot høgare utdanning, FoU-miljø og kompetansebygging elles. Det er difor særskilt viktig for Nordfjord å utvikle gode og breie tilbod innanfor vidaregåande skule på alle dei fire skulestadane våre Hugs: Fire av dei sju største tettstadane i gamle SFj ligg i Nordfjord: Det er våre fire skulestadar.

3. Digitalisering. Utviklingsplanen for Vestland trekkjer fram betydinga av digitalisering, og legg vekt på at vi framover ikkje berre må tenkje digital infrastruktur, men digitale tenester og ferdigheiter. Vi deler dette synet, og ser dette som særleg viktig for vår region som ligg lant frå sentrum i det nye fylket. Vi vil m a utfordre fylkeskommunen til – på same måte som fylket sjølv utfordrar staten til – å nytte nye digitale mogleigheter til å desentralisere fleire oppgåver og tenester, og legge til rette for at statlege og fylkeskommunale kompetansearbeidsplassar også innanfor forvalting kan lokaliserast der kvalifiserte folk bur i heile fylket. Ein kan til dømes vidareutvikle dei vidaregåande skulane som base for fleire oppgåver og arbeidstakarar i Vestland fylkeskommune.

4. Relevant kompetanse: Nordfjord er kome langt i å utvikle nye, framtidsretta modellar for nærmare samarbeid mellom kommunar, NAV, vidaregåande skule og næringsliv om å gi folk skreddarsydd kompetanse tilpassa arbeidslivet sine behov ((jmf t d «Gloppe-modellen»)). På dette området ynskjer vi og treng vi eit nært samarbeid med Vestland fylkeskommune, også i rolla som skuleeigar.

5. Attraktive stader og senterstruktur. Utviklingsplanen sitt hovudmål 3 handlar om «Gode og levande lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv». I omtalen av dette målet og tilhøyrande strategiar er det mange viktige poeng og gode tankar, som er svært avhengige av tett samspel med kommunar/regionar i Vestland for å lukkast.

Vi ynskjer å utfordre Vestland på å samarbeide særskilt med Nordfjord i å utvikle ein senterstrategi (jmf pkt 3.2) som er tilpassa vår region sin geografi og demografi – jmf omtale over at senterstrukturen i Nordfjord. Det er viktig at ikkje Vestland laga rein teoretisk «mal» for senterutvikling som skal treast ned over heile fylket. Dette må tilpassast demografi og utfordringar i

kvar bu- og arbeidsmarknadsregion – samtidig som måla om levande lokalsamfunn og sterke, attraktive senter står fast.

Ei særskilt utfordring for Nordfjord er barrierene gjeldande plan-regelverk set for utvikling av handelsnæringa i tettstadene i Nordfjord. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok ei ny og oppdatert handelsføresegn med retningslinjer i oktober 2019, men denne vart påklaga av Fylkesmannen i Vestland til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og vart no i juni 2020 sendt i retur frå KMD til Vestland fylkeskommune. Dermed gjeld framleis dei gamle, utdaterte handelsføresegnene som hindrar utvikling av tettstadene i Nordfjord særskilt. Det er svært viktig for oss at dette raskt vert rydda opp i av Vestland fylkeskommune.

6. Klima og transport: Vi deler dei høge klima- og miljøambisjonane til Vestland fylke, men opplever samtidig at det er ein lang veg å gå før Nordfjord har eit kollektivtilbod internt i regionen og infrastruktur for gange-/sykkel i og rundt tettstadene som gjer kollektivreiser og gange/sykkel til eit godt nok alternativ for mange i vår region. Særskilt er kollektivtilboden därleg utvikla. Vi ynskjer å utfordre Vestland fylke på å samarbeide med Nordfjord om å få til modellar for eit meir framtidsretta og fleksibelt kollektivtilbod i Nordfjord - gjerne bygd på røynsler frå forsøk med bruk av ny teknologi, digitalisering og meir bruk av behovsprøvde/ fleksible ruter andre stader i Vestland.

7. Balansert areal- og ressursforvalting. Dette blir trekt fram som ei viktig – og krevjande – utfordring i Utviklingsplanen. Vi er samde i måla om ei langsigktig og balansert arealforvalting, men opplever i praksis mange døme på krevjande prosessar knytt til arealbruk opp mot fylkeskommunale/statlege organ – der desse organa ofte i liten grad er samordna/koordinerte, og der det blir sett store ressursar inn på å vanskeleggjere små, viktige saker for lokal utvikling som bygging av hus ute i bygdene – som vi frå ein kommunal ståstad ser på som avgjerande for å ta vare på busetjing og langsiktig ressursforvalting. Dette er eit viktig og krevjande tema for mange distriktskommunar, som vi ynskjer å få til betre, meir føreseielege prosessar med opp mot fylkeskommune og regional stat.

Med venleg helsing

Alfred Bjørlo
Leiar Nordfjordrådet

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgi referansenummer 20/16907 dersom du tek kontakt med oss.

Kopi til:
Alfred Bjørlo

Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Knarvik, 3. juli 2020

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyring og offentleg ettersyn

Regionrådet Nordhordland viser til skriv frå Vestland fylkeskommune vedr. «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyring og offentleg ettersyn». Her fylgjer høyringsuttale frå Regionrådet Nordhordland.

- Regionrådet meiner at overordna mål og strategiar i planen vil kunne bidra til ei god samfunnsutvikling slik at Vestland fylke kan møta framtidige utfordringar. Vestland fylke har ei viktig oppgåve i å vera med å byggja ein sterk vestlandsregion. For å lukkast med dette meiner Regionrådet at det er svært viktig at fylkeskommunen har ein tett og god dialog med kommunane og regionane i fylket i alt frå planarbeidet til gjennomføring av konkrete tiltak. Regionrådet er derfor nøgd med at Utviklingsplanen legg særleg vekt på berekraftsmål 17 «Samarbeid for å nå mål». Dette vil vera avgjerande for å få gjennomført alle gode mål og strategiar i planen.
- Utviklingsplanen må leggja til rette for vekst og utvikling i hele fylket og det er særskilt viktig at planen med tilhøyrande underliggende planar, ikkje har i seg moment som seinare legg direkte eller indirekte uønskete avgrensingar på ei god og framtidsretta utvikling i distrikta slik at desse er levedyktige. Det er derfor svært viktig at underliggende planar / temaplanar m.v. også har fokus på og legg til rette for utvikling i distrikta.
- Utviklingsplanen har mange gode hovudmål og intensjonar, det same vil underliggende planar få etter kvart. Det er viktig at både Utviklingsplanen og underliggende planar vert tilpassa den økonomiske situasjonen ein er i slik at planane blir mest mogeleg realistiske. Då kan ikkje alt prioriterast, noko må nedprioriterast. Regionrådet saknar at dette vert drøfta i dokumentet.
- «Distrikt» er det me kan sjå nemnt ein gong i Utviklingsplanen, medan region er nemnt mange gonger, men begrepet region vert brukt både om fylket, om ein region i fylket og i betydninga distrikt. Me ber om at Utviklingsplanen definerer dei ulike begrepa slik at planen vert tydeleg og forståeleg.
- Regionrådet meiner at Utviklingsplanen må vera meir forpliktande når det gjeld korleis fylket skal utvikla distrikta. Regionrådet skulle gjerne sett at Utviklingsplanen hadde drøfta korleis ein kan få til eit fylke der fleire offentlege (fylke/stat) arbeidsplassar vart lagt til distrikta.
- Det er – og vil vera ulike utfordringar i Bergen og bynæreområde enn ute i regionane og distrikta i fylket. Regionane og distrikta i Vestland fylke er viktig for utviklinga av Bergensområdet og visa verset, men politikken og det faglege må kunne utøvast ulikt, og kanskje med motsette forteikn i gitte tilfelle. Regionrådet meiner det er viktig at Utviklingsplanen og underliggende planar tar det med seg dette og har ei forståing for at slik må det vera.
- Ein er t.d. meir avhengig av bil ute i distrikta enn i bynære strøk då ein aldri vil kunne få ein god kollektiv dekning som gjer bilen uaktuell. Ute i distrikta vil bilen vera «bybanen». Regionrådet ynskjer vidare satsing på fossilfrie bilar også ute i distrikta, men då må fylket vera tydeleg i førarsetet når det gjeld å få plass ladestasjonar. Likeins må fylket vera i førarsetet for få til gode løysingar for innfartsparkering også utanfor regionsentera slik at ein reduserer biltrafikken inn mot regionsenter og vidare inn mot Bergen.

- Regionrådet meiner fylket må ha ein tydeleg og prioritert profil når det gjeld satsing på vedlikehald og punktutbetring på fylkesvegar slik at ein får betre og tryggare vinar. Erfaringar frå Nordhordlandspakken er at forholdsvis små investeringar på punktutbetring gir veldig mykje igjen for pengane.
- Vidaregåande skular er avgjerande for at regionar og distrikt sikrar seg framtidig kompetanse. Det er derfor særstilt viktig at fylkeskommunen har ekstra fokus på korleis ein skal oppretthalda og sikra gode vidaregåande skular i distrikta som er tilpassa det næringslivet me har og skal utvikla framover. Då vil fylket sitt mål om relevant opplæring basert på lokale fortrinn kunne oppfyllast. No ser me at nye store skular i Bergen med alle faglinjer syg elevane vekk i frå distrikta, og dermed at elevgrunnlag sakte men sikkert forsvinn. Det fører også til ekstra press på kollektiv transporten i Bergensområdet.
Det er skrive; «*Delen unge med berre grunnskuleutdanning er aukande i fylket.*» Regionrådet tolkar det slik at det skuldast at stadig fleire ikkje fullfører vidaregåande skule. Det er ei stor utfordring som det er svært viktig blir tatt tak i og som må ha høg priorititet. Dersom denne utviklinga fortset, så vil det gi varige forskjellar i samfunnet som ein ikkje vil kunne retta opp i. Vidaregåande skular er den største og viktigaste oppgåva til fylket så dette må ha høg priorititet.
- Fylkeskommunen må ha ein tett og god dialog med regionråd, kommunar, næringsliv og frivillige organisasjoner når det gjeld utvikling av nye temaplanar for fylket. Det er veldig mykje både fag- og plankompetanse ute i kommunane. Oppgåver og utfordringar knytt til dei ulike plantema må løysast i samarbeid og i eit overordna perspektiv. Det er viktig at Vestland fylkeskommune ikkje vert oppfatta som ein overkommune, men legg til rette for dialog, verktøy og møteplassar som gjer at Regionråd, den enkelte kommunane, næringsliv m.v. blir oppfatta som ein samarbeidspartner og medutviklar.
- Regionreforma skal sikra vekstkraft og fylkeskommunen har fått sterkare rolle som samfunnsutviklar. Skal dette lukkast, må ein sørge for god tilgang og nok kapasitet på samfunnskritisk infrastruktur som kraftforsyning, fiber-/teleforsyning, og samferdsle.
Utbetring og oppgradering av kraftnettet i regionen er ikkje tilstrekkeleg koordinert med t.d. planar og ambisjonar i det grøne skiftet, og vil dersom det ikkje vert framskynda, kunne redusera regionen si konkurransekraft betydeleg innanfor det grøne skiftet. Fensfjordbassenget er Norges største industriområde og ligg midt i hjartet til Nye Vestland. Slik Statnett legg opp til med realisering av kortsiktige utbetringer innan 3-6 år er altfor defensivt, og skapar ikkje den nødvendige forutsigbarheit og kapasitet som er nødvendig for å tiltrekka seg dei beste prosjekta.
Paradokset er at Vestland fylke er den største kraftprodusenten, men me har eit linennett som gjer at me ikkje får utvikla eit framtidsretta næringsliv. Dette vil gje oss store tap av framtidige arbeidsplassar og verdiskaping.
Regionrådet viser til den pågående prosessen som no har sett kraftforsyningskapasiteten på dagsorden, og er me er nøgd med den rolla Vestland fylkeskommune har tatt.
Regionrådet ber også om at dette vert eit tydeleg tema i Utviklingsplanen.
- Vindkraft ikkje nemnt i Utviklingsplanen utover at plan til Sogn og fjordane frå 2011 er lista. Regionrådet saknar at fylkeskommunen i Utviklingsplanen seier noko om si haldning til vindkraft.
- Region Nordhordland er i dag eit modellområde for berekraftig utvikling ved å ha fått Unesco status som biosfæreområde i juni 2019. Nordhordland fekk denne utnemninga som eit biosfæreområde med bakgrunn i eit særskild godt miljø, høge kvalitetar og sterke føresetnader for å drive lokal, berekraftig utvikling med lokale, nasjonale og internasjonale ringverknader. Nordhordland har i sitt arbeid lagt vekt på ei heilskapleg tilnærming basert på dei viktigaste ressursane for Vestlandet og FN17 (berekraftsmåla).

Regionrådet meiner at Nordhordland Unesco biosfæreområde vil vera ein naturleg strategisk samarbeidspartner for Vestland fylke for å nå måla i Utviklingsplanen. Strategidokumentet til biosfæreområdet, som no er på høyring, er eit dokument som set ressurs- og kunnskapsbasert berekraftig utvikling i høgsetet for framtida i Nordhordland. Det er peika på 5 satsingsområde; Natur- og miljø, Kunnskap og læring, Levande lokalsamfunn, Grøn verdiskaping, Møteplassar og kommunikasjon.

- Planprogrammet må inkludera et strategisk grunnlag for Vestland som beskriver sannsynlege økonomiske scenario framover som kan nyttast som underlag i planarbeidet. Scenarioanalysen må føreliggja hausten 2020 og bli oppdatert jamleg i planperioden. Den siste tida viser også at raske og lite forutsigbare endringar kan koma som gir behov for oppdatering med nye scenario.
- Regionrådet stiller spørsmål til om Utviklingsplanen tar nok i seg digitalisering? Covid 19 har for alvor sett fart på at det er grunnlag for å tenkja nytt om korleis tenester vert utført, og har vist at ved bruk av digitale løysingar får ein mindre reising / trafikk, og trykket på vegane avtar kraftig.
T.d. går det an å skapa arbeidsplassar ute i distrikta. innovasjon og digitale løysingar kan bidra til utvikling av saumlause reiser og behovsstyrkt kapasitet i distrikta, men og internt i byane der dei trafikale problema er størst. Det går an å skapa HUBar ute i regionsentera, alle treng ikkje setja seg i bilen eller på bussen for å jobba på eit kontoret midt inne i Bergen.
- Regionrådet meiner at de gjennomgripande og voldsame endringane me no har i verdsøkonomien, herunder COVID 19 utfordringane og scenario med vedvarande låg oljepris, må reflekterast i Utviklingsplanen og underliggende temaplanar. COVID 19 har vist kor uventa og raskt ting kan endra seg. Det kan også gjelde på andre område som følgje av teknologiske endringar eller rammer og regelverk som vert lagt på grunn av til dømes miljøkrav. Det kan gje behov for raskare omstilling av næringslivet enn det som er antatt frem til no.

Med venleg helsing

Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland



Jnr. 1074.20
GJG/rr

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND 2020-2024 – UTTALE

Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsama i møte 5 juni Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og ønskjer å koma med følgjande kommentarar/innspel:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland oppfattar planen som oversiktleg og den gjer ei tydeleg strategisk retning for Vestland, men me stiller spørsmål til korleis arbeidet med å dokumentere at dei strategiske måla vert nådd, skal gjennomførast. Kva verktøy/indikatorsystem skal nyttas?
2. For å bygge ein attraktiv og levedyktig region, så er det svært viktig for Samarbeidsrådet for Sunnhordland, at kompetanse og arbeidsmarknad/statlege arbeidsplassar får eit auka fokus. I tillegg bør innovasjon og infrastruktur ha ei høg prioritering, som er primissgivande for å utvikla ein grøn framtidsretta region. Jmf. Utviklingsplanen mål 1 punkt 1.2 og 1.3, samt mål 2 punkt 2.2.

Sunnhordland, 8. juni 2020

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar



Vestland fylkeskommune

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 65 25 60
Vår ref.
20/4605-3
Dykkar ref.
2020/1420-4
Dato
26.06.2020

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - fråsegn

Sogn regionråd meiner utviklingsplanen gjev ei strategisk retning for Vestland. Mål og strategiar i planen svarer på viktige utfordringar for fylket og regionane. Sogn regionråd arbeider for ei positiv utvikling i regionen vår og har følgjande kommentarar til planen:

Vi støttar fylkeskommunen sitt mål om å vera leiande verdiskapingsfylket og pådrivar for desentralisering. Det må skapast nye og fleire arbeidsplassar i Vestland. Utviklinga må kome alle delar av Vestland til gode. Vi vil trekke fram Sogn sine fortrinn som kraft, reiseliv, industri, landbruk og innovasjon.

Det er eit stort potensial for vekst i næringslivet som tek del i det grønne skiftet. Industriispørsmåla er svært viktige for Vestland som eit stort industri- og energifylke. Det trengst ein aktiv regional og nasjonal industripolitikk. Vi oppmodar om at Industristrategien for Sogn og Fjordane 2016–2025 blir ein del av planen for innovasjon og næringsutvikling, slik at denne blir å gjelde for heile nye Vestland fylke. Strategien vil vera eit nyttig verktøy for hjelpemiddelapparatet, som skal leggje til rette for verdiskaping i industriverksemder og hos leverandørane til industriverksemndene i fylket.

Lokalisering av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar påverkar den regionale balansen. Vestland treng sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar for å vera attraktive for buseting og for etablering av verksemder. Fylkeskommunen har ei viktig rolle for å få til balanse mellom by og distrikt. Digitaliseringa gir mogleigheter som bør utnyttast enno meir for å nå målet om desentralisering.

Vi har ikkje merknader til dei regionale planane som fylkeskommunen ønskjer å prioritera. Utifra rådet sine satsingsområde er vi særleg opptekne av desse planane: Innovasjon og næringsutvikling, transport, kompetanse, senterstruktur og klima.

Sogn regionråd meiner at planane ikkje må gjerast meir omfattande enn nødvendig. Arbeidet med dei ulike planane bør samordnast på tvers av fag og sektorar og i dialog og samskaping med regionar og kommunar.

Vi ser fram til samarbeid for utvikling i Vestland.

Med helsing

Ivar Kvalen
Leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Uttale om Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024.

Ein utviklingsplan skal ikkje berre vera ei framskriving av det som vil skje utan politisk påverknad, men gje klare styringssignal. Som eit nytt fylke, treng Vestland Fylke tid for utvikla organisasjon og politiske prosessar som gjer at alle deler av fylket kjenner at dei får delta i samfunnsutviklinga. Det gjeld ikkje minst den sentraliseringa som no skjer på alle nivå, både mot Bergensregionen, mot regionale sentra og mindre lokalsentra. Denne utviklinga kan ikkje stoppast, men dempast gjennom utvikling av god infrastruktur til alle deler av fylket.

Ein utviklingsplan har størst betydning for den underordna planlegginga. Dei som skal laga og seinare vedta desse planane kan vera trygge på at om ein held seg innan dei rammer og målsettingar utviklingsplanen har sett opp, så kan ein lettare laga ein plan som kan godkjennast.

Planframlegget har mange fine målsettingar og som ein overordna plan kan den heller ikkje ha for mange konkrete tiltak, men den kunne i større grad peika på dei sektorar der det størst sjanse for å få ny vekst og utvikling. Det som då først peikar seg ut er energiproduksjon og næringar som utnyttar denne, akvakultur og reiseliv.

Når tidsperspektivet i planen berre er fram til 2024, vil framleis olje- og gassnæringa vera ei svært viktig næring i Vestland fylke målt i arbeidsplassar og verdiskaping. På lengre sikt må her skje ei omstilling mot fossilfri energiproduksjon på sjø og land. Den energien som vert produsert her lokalt må også i størst mogeleg grad skape arbeidsplassar i heile fylket. Smelteverksindustrien har skapt hjørnestensbedrifter på grunnlag av lokal kraft og no kan datasenter, landbasert fiskeoppdrett og produksjon av flytande hydrogen gje nye arbeidsplassar. No manglar kapasitet på det overordna kraftlinjenettet for at vi kan få dette til.

God planlegging i politiske organ bør forankrast i kontakt med den delen av samfunnet og næringslivet som desse planane omhandlar. Dette gjeld i særleg grad sektor- og temaplanar som har meir konkrete målsettingar og styringssignal.

Øystese 25. juni 2020

Torleiv Ljones

Dagleg leiar i Kvam Næringsråd



Innspel til Utviklingsplan Vestland 2020 – 2024

Høyringsinnspele

- Regionane i Vestland fylke har svært ulikt næringsgrunnlag og næringsstruktur.
Vi ser på det som viktig at dette blir lagt til grunn i planprosessen.
- Det trengs ein analyse over bransjar og næringar i heile fylket. Ein slik analyse vil vere til hjelp for endringar ein kan møte i planperioden og gjere vidare langsiktig arbeid meir målretta.
- Utvikling av ulike bransjar i regionen vil gjere det meir attraktivt å bu og jobbe i distriktet. Eit fleirfoldig arbeidsmarked vil gjere det meir attraktivt å søkje seg arbeid i distrikta.
- Det er viktig å legge til rette for større bu- og arbeidsregionar.
- Ein god plan for eit desentralisert utdanningstilbod med fokus på kompetanseheving, høgare utdanning og etterspurde grunnutdanninger.
- Viktig at andre regionale planar vert samordna med Utviklingsplanen.
- Samhandling mellom kommunar, fylket og næringsorganisasjonar. Ein treng konkrete arenaer og møteplassar for samhandling i fylket.
- Kvinnherad er ein stor kraftkommune og vi er oppteken av å ha og få tilgjengeleg kraft i straumnettet for vidareutvikling av industrien i retning av grøn industri. Dette er viktig for realisering av planar vi har innan produksjon av grøn hydrogen, biogassanlegg, datalagring m.m.

Kristine Røyrvik

Prosjektkoordinator Kvinnherad Næringssservice

**Måløy Vekst AS**

Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

www.maloyvekst.no

Uttale til høyringsforslaget til «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024»

Kort om Måløy Vekst

Næringslivet i regionen, representert ved ca. 80 bedrifter, og Kinn kommune er aksjonærar/eigarar i selskapet. Måløy Vekst skal vere eit serviceselskap for næringslivet, informere og legge til rette for ny verksemd og infrastruktur, gje gründer veiledning, samt vere ein møteplass for næringslivet og kommunen.

Måløy Vekst skal og vere ein samfunnsbyggar. Utan ein grunnleggande tanke om å utvikle samfunnet rundt oss vil det vere vanskelig for oss å skape vekst innanfor dei fleste bransjane som Måløy Vekst representerer. I tillegg skal Måløy Vekst kunne bruke sin tyngde i politiske prosessar der det er hensiktsmessig, og då spesielt med fokus på å drive fram ein positiv nærings- og samfunnsutvikling. Måløy Vekst ynskjer å ha ei tydeleg stemme inn mot offentlege prosessar og bidra til at våre medlemsbedrifter sine behov for vekst og framtidsutvikling vert høyrd.

Generelt om utviklingsplanen

Måløy Vekst takkar for høvet til å komme med innspel til regional planstrategi. Dette er ein svært viktig plan for utviklinga av Vestland, og vil danne grunnlaget for samfunnsutvikling og viktige ramnevilkår for næringslivet i Vestland i mange år framover. I all hovudsak støttar vi utfordringsbiletet og dei overordna måla som ein legg til grunn i planen. Vi saknar likevel litt meir tydelege formuleringar, satsingar og strategiar for å nå dei overordna måla.

**Måløy Vekst AS**

Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

www.maloyvekst.no

For eksempel saknar vi tydelege formuleringar om kysten og kystnæringane si rolle i å nå dei strategiske måla i utviklingsplanen. I nær sagt alle berekraftmåla og dei strategiske måla så vil kysten og utviklinga av kysten være avgjerande. Det er her potensialet til vekst, innovasjon, berekraftig ressurs- og arealforvaltning, framtidssretta og berekraftig næringsutvikling og utvikling av arbeidsplassar er størst. Veksten i åra framover vil komme i maritime og marine næringar, i tillegg til at det største potensialet for fornying og innovasjon innan olje/gass, kraftproduksjon, grøn skipsfart, reiseliv, havbruk og industri ligg på kysten. Fylkeskommunen må ha eit medvite forhold til at om ein skal oppnå dei overordna måla, så spelar kysten, kystkommunane og kystnæringane ei heilt avgjerande rolle. Dette bør difor innarbeidast i planen.

Til tross for potensialet, så slit mange kystkommunar med fråflytting og ei aldrande befolkning. Dette heng tett saman med mangelen på gode kommunikasjonar for å sikre nærliek til viktige bu-, arbeids- og servicetilbod i større regionar. Infrastrukturen langs kysten er generelt sett i betydeleg dårligare stand enn elles, og den er i all hovudsak fylkeskommunal. Fylkeskommunen har difor både eit særleg ansvar, men og ein stor mulighet, i å satse på utvikling og vekst i kystkommunane i åra framover.

Spesielt om smarte byar og samfunn

Vi er veldig glad for at Vestland fylkeskommune vel å satse så sterkt på smarte byar og samfunn i utviklingsplanen. Å ta i bruk nye digitale verktøy og innovative løysingar vil bidra til å løyse mange av dei utfordringane vi som samfunn står ovanfor, spesielt i Vestland. Vi vil og peike på at Vestland har høve til å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon i utviklinga av framtidas måte å organisere samfunnet på. Hittil har dei største satsingane og innovasjonane naturleg nok vore i dei store

**Måløy Vekst AS**

Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

www.maloyvekst.no

byane, men Vestland har eit unikt høve til og å synleggjere og implementere mange av desse løysingane i mindre skala i våre mange små og mellomstore tettstader/byar i Vestland. Skalerbare løysingar som kan nyttast uavhengig av størrelse og befolkningstetthet vil kunne bidra til å nå mange av måla i utviklingsplanen, men vil også resultere i at næringslivet vil få meir innovasjon, vekst og eksport av «vestlandske» løysingar ut i resten av verda.

Regional plan for senterstruktur

Utviklingsplanen legg opp til ein revisjon av regional plan for senterstruktur, men dette arbeidet skal ikkje startast opp før i 2021. Gjeldande plan for Sogn og Fjordane er eit stort hinder for utvikling i fleire område, og om ein skal utarbeide ein ny plan, så er det avgjerande at planen som vart vedteken i Sogn og Fjordane i 2018, men framleis ikkje er gjeldande, får si stadfesting i departementet slik at ein har ein plan som ikkje hindrar viktig utvikling og næringsetablering fram til ny plan kjem i 2022/23. Ny plan må i tillegg tydeleg definere regionale senter innanfor dei definerte Bu- og arbeidsregionane som TØI har foreslått, og tydelege mål og handlingar om korleis desse skal utvikle seg og kva dei skal være for regionen.

Strategisk plan for kysten

Denne planen er foreslått vidareført. Utifrå at ein ikkje skikkelig har kommet i gang med planen, så er det fornuftig. Ettersom fylkeskommunen har vedteke opprettinga av eit kystråd, og at oppgåvene til dette rådet er definert i strategisk plan for kysten som eit regionråd, så er det viktig at fylkeskommunen inviterer kystrådet med i planprosessar og partnarskap, slik at ein får høve til å jobbe for oppfylling av måla i planen. Blant anna har kystrådet ei oppgåve i å samordne og koordinere innspel til planprosessar for kysten i tidlegare Sogn og Fjordane, og då må dei også inviterast inn i arbeidet på lik linje

**Måløy Vekst AS**

Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

www.maloyvekst.no

som andre regionråd. Ein har og ei forventning til at fylkeskommunen oppfyller sine forpliktingar og tiltak som er vedteke i planen, for eksempel «Realisere regional transportplan med handlingsprogram 2018-2021, for kystveg, hamner, gods og persontransport på sjø og breibandsatsing..» og «Behovsavklaring på marinbiologisk kartlegging, og lage handlingsprogram for gjennomføring».

Avslutning

Til tross for nokre påpeikingar, så er Måløy Vekst i det store og heile godt nøgd med heilskapen i planen. Vi håper at ein klarer å være meir tydelege i korleis ein skal oppnå måla og løyse utfordringane, både i sjølve planen, men og i seinare handlingsplanar og budsjett. Måløy Vekst og våre bedriftsaksjonærar ynskjer å være ein positiv medspelar for fylkeskommunen i åra framover, og ser fram til eit godt samarbeid. Lukke til med vidare viktig arbeid.

Med venleg helsing

**RANDI HUMBORSTAD**

Dagleg leiar

+47 977 57 394
randi@maloyvekst.no

www.maloyvekst.no



Til Vestland fylkeskommune
Ref 2020/1420

Bergen, 26.juni 2020

Merknad til Utviklingsplan for Vestland (Regional planstrategi) 2020-2024

Vi viser til utkastet til *Utviklingsplan for Vestland (Regional planstrategi) 2020-2024*, som har vore lagt ut til høyring.

Næringsalliansen i Hordaland meiner det er positivt at planprosessen så langt har vore inkluderande og open. Fleire av organisasjonane i alliansen deltok i dei opne dialogmøta, vonaleg til utbyte for fleire partar. Vi er óg nøgde med at Vestland fylkeskommune så tydeleg legg FNs 17 bærekraftsmål til grunn, og særleg mål nr 17: Samarbeid for å nå måla. Skal Vestland legge til rette for auka verdiskaping og ei grøn omstilling, krevst det eit styrka samarbeid mellom privat og offentleg sektor og mellom ulike offentlege forvaltningsnivå og sektorstyresmakter.

Vi gler oss over at dette samarbeidet har fungert godt i planprogramprosessen for Regionalplan for innovasjon og næringsutvikling. Næringsalliansen sitt framlegg om å utarbeide ein scenarioanalyse for verknadane av koronaepidemien har vorte følgd opp. Overordna planar er ikkje dynamiske nok til å fange opp brå og store endringar, men her får vi i fellesskap fram eit strategisk grunnlag for handling.

Utviklingsplanen er bygd opp kring fire hovudmål. To av desse handlar om verdiskaping. Det er heilt avgjerande at næringslivet i *heile* fylket får gode rammevilkår til å skape verdiar og arbeidsplassar.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Vi støttar sjølvagt opp om ei slik målsetjing. Vi vil be om at Vestland fylkeskommune legg til rette for større bu- og arbeidsregionar, særleg kring dei større bysentra. Det vil vere eit svært viktig verkemiddel for å gjere Vestland til eit attraktivt fylke å bu og arbeide i, ikkje minst for unge menneske med god kompetanse.

I plantema kan det gjerast tydelegare at regionar og kommunar i Vestland har til dels svært ulik næringsstruktur. Det er korkje ønskjeleg eller mogleg at alle utviklar seg likt. Ein må byggje på dei fortrinna og spisskompetansen som finst i ulike delar av fylket.

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga

Næringsalliansen meiner det er positivt at fylkeskommunen brukar rolla som offentleg innkjøpar til å redusere klimautslepp, mellom anna gjennom elektrifisering av ferjeflåten. Her er det sett ein

standard å byggje vidare på, men det er avgjerande at sentrale styresmakter løyver pengar til denne delen av det grøne skiftet.

Vestland må også ta ei rolle i karbonfangst og -lagring og vere ein aktiv pådrivar for at denne utviklinga skjer i vårt fylke, der vi har alle føresetnader for å utvikle lagrings- og etterbrukdelen til å skape nye næringskjeder (blå hydrogen, ammoniakk mm).

Næringsalliansen vil dessutan gje full tilslutnad til ambisjonane om å bygge opp eit elflytilbod på det fylkeskommunale kortbanenetttet.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Vi stiller spørsmål ved fleire av delstrategiane under dette målet.

Delstrategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Delstrategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

Vi meiner det kan vere rett å medverke til utvikling og vekst i kommunar som er «*prega av svak næringsutvikling, fråflytting og skeiv aldersfordeling*». Vi ser det derimot ikkje som ei fylkeskommunal oppgåve å «*sikre ei samfunnsutvikling som utjamnar ulikskap*». Kommunar og regionar i Vestland må få lov til å konkurrere om å vere attraktive for innbyggjarar og næringsliv. Ein bør difor vere varsam med å peike på kvar vekst skal tillatast og ikkje.

Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Delstrategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Næringsalliansen ser det som svært viktig at eit desentralisert utdanningstilbod vert oppretthalde og utvikla, slik at det i størst mogleg grad svarar på dei behova som gjer seg gjeldande i næringslivet.

Om regionalt planbehov

Nettopp difor er *Regional plan for kompetanse*, som skal reviderast i 2021, mellom dei aller viktigaste planane som Utviklingsplan for Vestland peikar fram mot. Vi føreset at dette planarbeidet vert utført i nært samarbeid med næringsorganisasjonane. Næringsalliansen meiner også det er rett at å starte arbeidet med *Temoplan for opplæringssektoren i Vestland (mål og strategiplan)* og ser fram til å medverke i den prosessen.

Vestland er eit stort industri- og energifylke. Det vil vere rett å sjå dette i éin samanheng. Vi oppmodar difor til at *Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016-2025* blir revidert og oppgradert, slik at han vert gjeldande for heile fylket.

Vi ser ikkje same nytten i *Regional plan for senterstruktur*, som skal reviderast i 2021. Igjen vert det peika på behovet for «*ein balansert vekst og helsefremjande lokalsamfunn i heile fylket. Planen skal samordne lokalisering av bustader, arbeidsplassar, tenester, service og handel.*»

Og vidare:

Ei tenleg arbeidsdeling mellom senter med ulik storleik og funksjon, vil bidra til ei berekraftig og konkurransedyktig samfunnsutvikling, og gjere det mogleg å drive næring og leve gode liv i heile fylket.»

Vi trur ikkje Vestland fylkeskommune skal hindre ei bærekraftig, positiv utvikling i kommunar som opplever dette. Vi meiner òg at kommunane veit betre enn fylkeskommunen korleis areala skal planleggast. Det kommunale sjølvstyret er ein viktig reiskap for å byggje attraktive lokalsamfunn. Dette må vernast om, medan ein stimulerer til utvikling der dette trengst.

Til sist ber vi om at ein prøver å finne gode metodar for å etterprøve om måla i planen vert nådd. Det er viktig at Vestland fylkeskommune inkluderer og er i tett dialog med kommunane og næringsorganisasjonane også i det vidare arbeidet.

Med helsing



for Næringsalliansen i Hordaland

Næringsalliansen i Hordaland er eit nettverk av 14 næringsråd og -organisasjonar i Hordaland. Alliansen representerer meir enn 3000 verksemder og 130.000 arbeidsplassar. Desse er tilslutta Næringsalliansen: Austevoll Næringsråd, Bergen Næringsråd, Bjørnafjorden Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Etne og Vindafjord Næringsutvikling, Kvam Næringsråd, Kvinnherad Næringsservice, Nordhordland Næringslag, Osterøy Industrilag, Hardanger Industri, Stord Næringsråd, Tysnes Næringsråd, Vaksdal Næringselskap, Vest Næringsråd.

Utviklingsplan Vestland 2020 – 2024

Høyringsinnspeil;

- Regionane og kommunane i Vestland fylke har svært ulik næringsstruktur. Dette må hensyntakast i plantema – ikkje eit poeng at alle skal utvikle seg likt. Fordeling av offentlege regionale arbeidsplassar i heile fylket er viktig for å skape næringsstrukturar med mangfald.
- Må få ein grundig analyse over bransjar og næringar i heile fylket. Kva gjer sysselsetting, ringverknader, inntening i form av skattar og avgifter lokalt og nasjonalt. Overordna planar må vera dynamiske nok til å fange opp brå og store endringar som me no møter. Utvikle ein strategisk handlingsmodell som tar høgde for ulike utviklingssenario.
- Legge til rette for større bu- og arbeidsregionar.
- Desentralisert næringsliv krev desentralisert utdanningstilbod. Ha stor merksemd på kompetanse og utdanning. Høgare utdanning og forsking lokalt og regionalt.
- Viktig at andre regionale planar vert samordna med Utviklingsplanen
- Viktig at kommunane i Sunnhordland er i tett dialog og samarbeid med Vestland fylke.
- Korleis etterprøve/måle at mål i planen vert nådd?

Med vennleg helsing

Stord Næringsråd

Anne-Grete Sandtorv

Dagleg leiar



Fra: Merli, Einar (Einar.Merli@avinor.no)

Sendt: 24.06.2020 08:30:57

Til: Vestland fylkeskommune

Kopi: Tolo, Asbjørn; Stadheim, Siv Merete; Granheim, Jon; Gjesdal, Kjell Otto; Lunde, Jan Ivar

Emne: Vestland fylkeskommune - Høring og offentlig ettersyn - Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Uttalelse fra Avinor

Vedlegg:

Vestland fylkeskommune

Vi viser til fylkeskommunens brev av 06.05.2020 (ref. 2020/1420-4) vedrørende høring og offentlig ettersyn av utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Avinor har ingen merknader til planen.

Med vennlig hilsen

Einar K. Merli

Arealplanlegger, seksjon Masterplaner og arealdisponering

DRIFT OG INFRASTRUKTUR

einar.merli@avinor.no

Mob: +47 976 51 687

Tlf: +47 67 03 00 00

Dronning Eufemias gate 6

Postboks 150, 2061 Gardermoen

www.avinor.no



Vestland fylkeskommune

Bømlo, 28. juni 2020

HØYRING – UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND

Vestland fylkeskommune har sendt utkast til utviklingsplan – regional planstrategi – til høyring med frist 28. juni.

Bremnes Seashore er glad for at Vestland fylkeskommune legg eit tydeleg utviklingspreg på den regionale planstrategien, noko som bør sikra at alle regionale planar i framtida styrkar målsettinga om eit berekraftig og nyskapande Vestland.

Bremnes Seashore er nøgd med at Vestland fylkeskommune set mål om å vera det leiande verdiskapingsfylket i landet, basert på naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø. Me er samde med at omstillinga til nullutsleppsamfunnet bidrar til å styrke konkurransekrafta til Vestland, og meiner sirkulær- og bioøkonomi kan bidra til betre ressursutnytting og energieffektivisering. Sambruk mellom fleire produksjonsformer av dei areala som er sett av til næringsverksemd vil gje effektiv bruk av sjøareala.

Regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging ligg som føresetnader for utviklingsplanen. Regjeringa meiner at havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetting langs heile kysten, og vil legge til rette for meir verdiskaping og fleire arbeidsplassar basert på ressursane i havet, og for føreseieleg og berekraftig vekst i oppdrettsnæringa. Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samstundes som andre samfunns- og miljøinteresser blir ivaretakne.

Vestland fylkeskommune skal revidera fleire regionale planar i månadene framover. Regional plan for næringsutvikling og innovasjon bør skildra næringslivet sine behov som skal løysast i andre regionale planar, og næringsplanen bør difor leggja føringar for dei andre planane. Dette gjeld særskilt regional transportplan og regional plan for kompetanse. Det bør i tillegg vera sterkt samsvar mellom næringsplanen og regional klimaplan.

Det er viktig for oppdrettsnæringa at Fylkeskommunen tek ei aktiv rolle, både ved å leggja til rette for berekraftig akvakultur i eige planverk og ved å følgje opp at næringa sine interesser blir ivaretakne i kommunal planlegging.

Oppdrettsnæringa gir desentraliserte kompetansearbeidsplassar i kystkommunane, og styrkar grunnlaget for mange mindre lokalsamfunn i Vestland fylke. Under koronapandemien har me sett kor viktig desse arbeidsplassane er for fylket. Bremnes Seashore har over 450 tilsette i sju kommunar i Vestland og Rogaland. Produksjonen skjer i tre settefiskanlegg, 23 lokalitetar i sjø, og ved vår moderne fabrikk for pakking og foredling av laks i Bømlo kommune.

Bremnes Seashore meiner utviklingsplanen kan leggja større vekt på Vestland som leiande matprodusent. Land- og havbruket i fylket produserer og sel kvalitetsprodukt til heile verda. Gjennom varemerka SALMA og BÖMLO og ei historie med banebrytande produktutviklingar, har Bremnes Seashore bygd opp ei viktig foredlingsverksemd i Bømlo kommune. Fabrikken i Øklandsrågen gir i dag arbeid til omlag 200 personar og store lokale og regionale ringverknader. Me meiner det er viktig at mest mogleg av verdiskapinga frå sjømatnæringa skal skje i Noreg, og dette krev at me foredlar varene før dei blir sendt ut av landet.

Oppdrettslaks har låge klimagassutslepp samanlikna med andre formar for matproduksjon, og ved å spela på gjennomstrømming av kystvatn i merdane reduserer me energibruken i produksjonen. Det er likevel viktig å redusera klimagassutsleppa, og den siste tida har me opna det fossilfrie oppdrettsanlegget Loddetå i Sveio kommune – der alle daglege, kraftkrevjande operasjonar blir gjennomførte med landstraum.

For å utvikla oss treng me tilgang på kompetente medarbeidarar. Dette krev ikkje berre at me er ein attraktiv arbeidsgjevar, men òg at det er attraktivt for familiarar å bu i dei lokalsamfunna me har drifta vår. Fylkeskommunen si rolle innan samordna areal- og transportplanlegging og samfunnsplanlegging er difor avgjerande for næringsutviklinga i fylket. Attraktive lokalsamfunn og -senter, effektiv transport og kommunikasjon og spennande kultur- og fritidsaktivitetar styrkar attraktiviteten til mindre lokalsamfunn.

Eit særskilt viktig element i valet av kvar ein buset seg er oppvekst- og skuletilbodet i lokalsamfunnet. Vestland fylkeskommune har ansvar for den vidaregåande opplæringa, og må sikra desentralisert vidaregåande skuletilbod av høg kvalitet – tett knytt til det lokale næringslivet og lokale fortрinn. Gode vidaregåande skular er ein grunnstein i attraktive lokalsamfunn. Bømlo vidaregåande skule og den nye akvakulturlina blir svært viktig for at oppdrettsverksemduene på Bømlo skal få tilgang til kvalifisert arbeidskraft – både på sjølokalitetar og ved prosessanlegget i Øklandsrågen. Me står klare til å delta i undervisningsopplegget og ser fram til opning av lina.

Samstundes som plasseringa langs vestlandskysten er ein styrke for næringa, gir geografi, topografi og v rtilh ve utfordringar for den daglege drifta vår. Fylkeskommunen kan styrke oppdrettsn ringa ved å vera p drivar for effektiv digital og fysisk infrastruktur, som maritime botnkartleggingar, breiband, hamner, farleier og vegar.

Me takkar for h vet til   gje innspel og  nskjer lukke til med utviklingsplanen.

Med venleg helsing
Bremnes Seashore AS

Simon Nesse Økland
utviklingssjef

Andreas Moe Larsen
prosjektleiar

Merknad til høyring og ettersyn av utviklingsplan for Vestland Oppsummering

Innsendar

Dato for innsending 24.06.2020

Namn Hallstein Aadland

Adresse Hjellestadvegen 101

Postnummer/-stad 5258 Blomsterdalen

Telefon 92603755

E-post 23358640@online.no

Merknad

Merknadar Aksen fra Åsane sentrale delar til Hjellestad må vera ein samanhengande by. Det er heilt naturleg at dette arealet vert berekraft i eit byområde. Aktivt landskap for landbruk må vera nord og sør for denne aksnen. Flyplassen må gradvis nedbyggast og fylket må satsa på tog i form av bybane og lokaltog, dette er einaste bærekraftige kollektiv transport for framtida. Dersom fylket skal ha elektriske småfly /bilar som fyk, må det byggast lokal flystripe til dømes på Radøy eller på Haukås.

Merknad til høyring og ettersyn av utviklingsplan for Vestland

Helge Stumpf Titland, 01.06.2020

Vestland fylkeskommune skal kreve stopp i all bygging av vindkraft til lovgiving og konsesjonsregler er endret. Der det gis konsesjon til bygging av vindindustri skal plan og bygningsloven gjelde. Hensyn til natur og dyreliv skal vektlegges. Det skal kreves garanti til opprydding og tilbakeføring av naturinngrep FØR igangsetting av prosjekt. I den forbindelse skal alt av utstyr og oljer veies før det tas inn i byggeområdet, og det samme når dette skal ut av området. Dette for å ha kontroll på hvor mye som kan ligge tilbake i landskapet av mikroplast og oljer.

Fylkeskommunen skal prioritere rassikring og utbedring av eksisterende veger, og ny stamveg Arna – Voss, fremfor Hordfast.



Vestland Fylkeskommune

Dato: 12.06.2020
Dykkar ref: 2020/1420
Vår ref:

2020/1420 - Høyringssvar utviklingsplan Vestland 2020-2024. Regional planstrategi.

Vestland fylkeskommune har igjennom sine nettsider og i høyringsmøte den 02.06.2020 oppmoda alle som er interesserte i framtida til fylket vårt om å kome med innspel.

Overordna er det høyringsutkastet til fylkes eit godt dokument som viser retning. Det er eit godt utgangspunkt med at ein brukar FNs berekraftsmål som fundament. Satsingsområda og innretninga på utviklingsplanen er både konstruktiv og framtidssretta. På generelt grunnlag saknar vi ein tydeleg strategi for korleis fylkeskommunen skal utøve rolla si som samfunnsutviklar, sett i samanheng med at ein har fått kommunesamanslåingar som i større grad enn tidlegare opptrer som regionaleutviklingsaktørar.

Fylkeskommunen legg til grunn at det er samarbeid som skal til for at ein skal nå dei måla som ein legg til grunn i utviklingsplanen. Der ein blant anna må styrke samarbeidet mellom privat og offentleg sektor, ved å legge til rette for at næringsaktørar, interesseorganisasjonar og sektormyndigheter kan aktivt delta i planprosessane og i gjennomføringsfasen. Løysingar av dei store samfunnsutfordringane kan på denne måten bli sett i samanheng i gjennomføringsfasen, til dømes med koplingar mellom miljøspørsmål, attraktive samfunn, teknologiutvikling og entreprenørskap.

Mål 1: Vestland som det leiande verdi-skapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Auke samarbeidet i ulike prosessar med bransjeorganisasjonar og næringslivet.
- Sikre eit robust nærings- og arbeidsliv blant anna gjennom auka rammer til å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane som igjen er med på gje kostnadseffektive transportkorridorar for andre verdiskapande nærings- og arbeidsliv i heile fylket.
- Samarbeide tettare med næringslivet som bidreg til å styrke konkurransekrafta og dei mest verdiskapande tiltaka for omstilling til nullutsleppsamfunnet.
- Kunnskap og kompetanse er avgjerande for både å behalde og auka verdiskaping og konkurransekrafta til bygg og anleggsnæringa i fylket. Dette kan gjerast med auka satsing på skuleplassar innan Vg2 og gjennom eit godt tilrettelagt fagskule og ingeniørskuletilbod.

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

- Klima og miljøsatsinga må utvikle ein felles plattform basert på ein felles forståing for utfordringane og korleis dei kan løysast – i fellesskap og ikkje kvar for seg (stat-fylkeskommune-kommunar-næringsliv).
- MEF oppfordrar fylkeskommunen til å fokusere meir på karbonavtrykket knytt til anleggsprosjekta, ikkje kun klimagassutsleppa som skjer på anleggspllassen. Dette inneber å vere bevisst kva for produkt som inngår i prosjekta. Vi meiner klimaarbeidet mister legitimitet i bransjen dersom, i eit tenkt tilfelle, fossilfrie prosjekter blir gjennomført basert på import av stein f.eks. frå Asia.

- Det er av stor betydning – både for klima og prosjektøkonomien – at ein i fellesskap klarer å få ned massevolumet som transporterast. For massar ikkje kan brukast på det aktuelle prosjekt og som må fraktast over lange avstandar bidreg til klimagassutslepp, vegslitasje, reduserer trafikksikkerheita og påverkar økonomien i prosjekta både for oppdragsgivar og leverandør.
- Klima endringane som gjev auka risiko for flaum og rasfare vil utan auka satsing gjennom statlege løyvingar ha ein negativ innverknad på både framkome og trafikktryggleiken på det eksisterande vegnettet.

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

- Koronapandemien har vist oss at god digital infrastruktur er avgjerande for alle samfunnsdelar skal fungere om «*landet stenger ned*». Det er derfor avgjerande at utbygginga av digital infrastruktur i kommunar som ligg mindre sentralt til blir prioritert.
- God digital infrastruktur, auka digitale ferdigheiter og digitale tenestetilbod gjev grunnlag for eit konkurranseskraftig, og verdiskapande nærings- og arbeidsliv i fylket.
- Bergen vil saman med andre større regionale stader i fylket vere ei viktig drivkraft for utviklinga av heile fylket. Særdeles viktig med eit balansert samarbeide på ulike områder.

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

- Kunnskap og kompetanse er avgjerande for både å behalde og auka verdiskaping og konkurransekrafta i ulike delar av fylket
- Relevant opplæring basert på lokale fortrinn er ein styrke for kompetanse og kunnskap i Vestland.
- Styrke samarbeidet mellom næringsliv, fylket, opplærings- og utdanningsinstitusjonane.

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) er ein frittståande bransje- og arbeidsgjevarorganisasjon som representerer om lag 2200 små, mellomstore og store bedrifter med ca. 40.000 arbeidstakarar. Hovudtyngda av medlemsbedriftene driv med maskinell anleggsverksemd, men forbundet organiserer også skogsentrepreneurar, brønnborarar og gjenvinnings- og avfallsbedrifter. Samla omset medlemsbedriftene for ca. 90 milliardar kroner i året. Forbundet har eigen hovudavtale med LO samt to landsdekkande tariffavtalar. MEF står utanfor NHO». I Region vest (Nord Rogaland og Vestland) representerer MEF 316 medlemsbedrifter med ca. 3200 arbeidstakarar. Samla omsetning for medlemsbedriftene i fylket er på ca. 10 milliardar kroner i året.

Vonar at våre innspel er nyttige i det vidare arbeidet med utviklingsplanen.

Med venleg helsing

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)

Paul Olaf Baraas
Regionsjef
Region vest

Øystein Hope
Styreleiar
MEF avd. Nord Rogaland
og Hordaland
«sign»

Harald Kvame
Styreleiar
MEF avd. Sogn og
Fjordane
«sign»